

Folgefonna nasjonalpark

med tilliggjande område for landskapsvern



Konsekvensutgreiing av tiltaket Verneframlegg

*Høyringsutgåve
august 2003*



DEL A — BAKGRUNN	5
1. BAKGRUNN OG LOVGRUNNLAG	
1.1 Planområdet.....	6
1.2 Lovgrunnlag.....	6
1.3 Hvorfor verne natur?.....	6
1.4 Vern etter naturvernlova.....	7
1.4.1 Verneplanprosess.....	7
1.4.2 Aktuelle verneformer.....	8
1.4.3 Forvaltning, informasjon og oppsyn.....	9
1.4.4 <i>Trong for arbeidskraft i planleggings- og forvaltingsfasen</i>	9
1.5 Framdriftsplan.....	9
2. PLANOMRÅDET.....	9
2.1 Naturgrunnlag.....	9
2.1.1 Klima og glasiologi.....	9
2.1.2 Landformer og elvesystem.....	10
2.1.3 Naturressursar.....	10
2.2 Samfunnstilhøve.....	10
2.2.1 Demografiske tilhøve i planområdet.....	10
2.3 Gjeldande arealbruk, planar og retningslinjer.....	11
2.3.1 Offentlege planar.....	11
2.3.2 Verna vassdrag.....	11
2.3.3 Inngrepsfrie område.....	12
2.3.4 Kulturminnefreding <i>kring Baroniet i Rosendal</i>	12
DEL B — KONSEKVENSGREING	13
3. GRUNNLAGET FOR KONSEKVENSGREINGA	14
3.1 Fastsett utgreiingsprogram.....	14
3.2 Alternativ i konsekvensutgreiinga.....	14
3.2.1 0-alternativet.....	14

3.2.2 Alternativ A.....	14
3.2.3 Alternativ B.....	14
3.2.4 Alternativ C.....	14
3.2.5 Alternativ D.....	14
3.3 Verneforskrifter lagt til grunn i konsekvensutgreiinga.....	15
3.4 Metode.....	16
3.5 Gjennomføring av utgreiingsarbeidet.....	16
4. VERNEVERDIAR OG BRUKARINTERESSER.....	17
4.1 Naturfaglege og kulturhistoriske verdiar.....	17
4.1.1 Landskap.....	17
4.1.2 Geofag.....	18
4.1.3 Vegetasjon og flora.....	19
4.1.4 Fuglar og pattedyr.....	20
4.1.5 Kulturminne og kulturmiljø.....	21
4.2 Naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon.....	21
4.2.1 Bruken av området.....	21
4.2.2 Fritidshytter.....	22
4.3 Reiseliv/turisme.....	23
4.3.1 Reiselivet på <i>Folgefonna</i>	23
4.3.2 <i>Folgefonna SommarSkisenter</i>	24
4.3.3 <i>Nasjonalskiserenter</i>	25
4.3.4 <i>Tilleggsnæring i landbruket</i>	25
4.4 Vasskraftinteresser.....	26
4.4.1 <i>Energipotensialet på Folgefonna</i>	26
4.4.2 <i>Eksisterande anlegg</i>	27
4.4.3 <i>Nye utbyggingsprosjekt</i>	28
4.4.4 <i>Mini-, mikro og småkraftverk</i>	30
4.5 Landbruk.....	30
4.5.1 <i>Fulldyrka og overflatedyrka mark</i>	30
4.5.2 <i>Innmarksbeite</i>	31



4.5.3 Beitebruk i utmark og stølsdrift.....	31	6.1.1 Nasjonalparken.....	65
4.5.4 Produktiv skog.....	31	6.1.2 Landskapsvernområde.....	66
4.5.4 Bygninger.....	32	6.1.3 Arealtal.....	66
6.1.4 Vurderingar.....	66	6.1.4 Vurderingar.....	66
5. VERKNADER OG KONSEKVENSAER.....	33	6.2 Konsekvensar av verneframlegget.....	67
5.1 Naturfaglege og kulturhistoriske verdiar.....	33	6.2.1 Val av verneform.....	67
5.2 Naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon.....	36	6.2.2 Verneforskriftene.....	67
5.2.1 Fritidshytter.....	38	6.2.3 Vasskraft.....	68
5.3 Reiseliv/turisme.....	38	6.2.4 Samanstilling av konsekvensane.....	70
5.3.1 Tilleggsnæringar i landbruket.....	41	6.3 Forvaltning og oppsyn.....	71
5.3.2 Folgefonn SommarSkisenter.....	43	6.3.1 Generelt om forvaltning.....	71
5.3.3 Nasjonalparksenter.....	45	6.3.2 Forvaltingsplan.....	72
5.4 Vasskraftinteresser.....	48	6.3.3 Oppsyn og informasjon.....	72
5.4.1 Eksisterande anlegg.....	48	6.4 Erstatning.....	72
5.4.2 Nye utbyggingsprosjekt.....	48	7. FRAMLEGG TIL VERNEFORSKRIFTER.....	73
5.4.3 Mini-, mikro- og småkraftverk.....	52	7.1 Folgefonna nasjonalpark.....	73
5.5 Landbruk.....	53	7.2 Hatteberg/Guddalsdalen	
5.5.1 Dyrka mark.....	53	landskapsvernområde.....	75
5.5.2 Innmarksbeite.....	56	7.3 Ænesdalen landskapsvernområde.....	77
5.5.3 Beitemark i utmark og stølsdrift.....	56	7.4 Bondhusdalen landskapsvernområde.....	79
5.5.4 Produktiv skog.....	59	7.5 Buer landskapsvernområde.....	81
5.6 Avbøtande tiltak.....	60	7.6 Vetrhus/Botnane landskapsvernområde.....	83
5.6.1 Grensetrekking for å unngå			
konfliktområde.....	61		
5.6.2 Unnataksreglar i vernereglane.....	61	DEL D VEDLEGG	85
5.6.3 Forvaltingsplan.....	61	I Vedteke utgreiingsprogram.....	86
5.7 Nærare undersøkingar.....	61	II Definisjonar og roller i konsekvensutgreiinga..	87
5.8 Samanstilling av konsekvensane.....	61	III Referansegruppe	88
DEL C VERNEFRAMLEGG	63	IV Sakspapir, brev og dokument frå arbeidet	
6. VERNEFRAMLEGG/TILRÅDING FRÅ		med verneplanen — oversyn.....	88
TILTAKSHAVAR.....	65	V Kart over framlegg til nasjonalpark med	
6.1 Framlegg til grenser.....	65	tilhøyrande landskapsvernområde.....	89





FORORD

Toppen av Folgefonna er mellom dei delane av Hordaland som får mest nedbør gjennom året. Men vatnet som kjem dit, treng lenger tid enn vanleg for å kome ned att. Når vatn først vert akkumulert i ein isbre, vert prosessane roa ned ei tid. Inntil vatnet etter nokre år smeltar ved ein brearm og deretter finn kortaste og raskaste veg til fjorden.

Arbeid med verneplan for ein nasjonalpark har mykje av den same dynamikken i seg. Då fylkesmannen i 1998 sende ut oppstartsmelding om arbeidet med verneplan for Folgefonna — med bakgrunn i tidlegare stortingsmeldingar — såg ein for seg ein utgreiingsprosess på eit par-tre år. Det er likevel ei vanleg røynsle at slikt arbeid tek tid, særleg når tiltakshavar som i dette tilfellet også skal greie ut konsekvensane av tiltaket for dei ulike næringsinteressene som er representerte i regionen. Det er ikkje så mange gongar tidlegare at det har vore laga konsekvensutgreiing for planlagde vedtak etter naturvernlova i Noreg, så prosessen for Folgefonna har i høg grad hatt karakter av metodeutvikling og nybrott.

Når fylkesmannen no sender sitt framlegg om vern til høyring saman med ei omfattande og detaljert konsekvensutgreiing av tiltaket, er det i visse om at det ligg eit grundig dokumentarisk arbeid bak. Vi har lagt sterk vekt på å utarbeide ein plan med låg grad av konflikt i høve til primærnæring og folk som er busette i bygdene kring Folgefonna, samstundes som framlegget inkluderer det meste av verneverdige førekomstar i planområdet. Det har vist seg å vere vanskelegare å kome kraftprodusentane like langt i møte ettersom desse interessene og naturvernet langt på veg «konkurrerer» om dei same areala i desse fjellområda. Ein nasjonalpark som omfattar det meste av Folgefonna og ein del av dalføra inn mot denne vil uvilkårleg måtte råke nokre påtenkte utbyggingsplanar, men ein skal vere klar over at store delar av kraftpotensialet på Folgefonnhalvøya allereie er bygd ut.

Det er no vel 22 år sidan Hordaland fekk sin første og så langt einaste nasjonalpark på Hardangervidda. Sidan den tid har det kome til nær 150 nye verneområde i fylket — dei aller fleste som små naturreservat i låglandet. Eit framtidig vern av Folgefonna vil vere eit avgjerande bidrag for å sikre at det siste vi har att av villmarksprega fjellnatur i fylket forblir nettopp det — urørt! Det vil og langt på veg komplettere strategien for klassisk vern av natur i Hordaland, så langt fylkesmannen i dag kjenner til.

Det er rådgjevar Anniken Friis ved miljøvernavdelinga som har vore fylkesmannen sin prosjektansvarlege for dette utgreiingsarbeidet. Vi har undervegs hatt god hjelp frå medlemmer av ei oppnemnd referansegruppe, kommunane, sentrale aktørar i næringsliv og forvaltning og ikkje minst engasjerte lokalpersonar og organisasjonar. Dei har alle kome med mange nyttige og konstruktive innspel i prosessen. Den føreståande høyringa vil vise kor godt desse synspunkta er integrert i framlegget slik det no ligg føre. Merknader gjennom høyringsrunden vil bli avgjerande for kva som vert utfallet til slutt. Det kan vere ulike meiningar om kva verkemiddel som bør nyttast, men truleg er vi alle samde om at Folgefonna og nærområda til breen er ein nasjonal skatt som må sikrast for framtidige generasjonar.

Bergen, 5. august 2003

Svein Alsaker
fylkesmann

Terje Aasen
fylkesmiljøvernssjef

DEL A

BAKGRUNN

Foto: Anniken Friis



Denne markerte flyttblokka er eit velkjent landskapstrekk i Gudfalselva i Kvinnherad. Dette vassdraget er enno urørt av store tekniske inngrep, og har vore ein kandidat til varig vern mot kraftutbygging gjennom eit pågåande arbeid for å supplere nasjonale vassdragsverneplanar. Samstundes ligg det føre planar om overføre øvre delar av vassdraget (Fonnvatn) til det eksisterande reguleringsmagasinet Møsevatn i Blådalsvassdraget. Dersom desse planane vert realiserte, vil vassføringa i Gudfalselva bli redusert.

*Til lags åt alle kan ingen gjera,
det er nok gamalt og vil så vera.
Og når den eine då gjerer rop,
så ropar sidan den heile hop.*

Ivar Aasen

1. BAKGRUNN

Verneplanen for Folgefonna er tufta på St.meld. nr. 62 (1991-92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*. Planen trekkjer opp linene for framtidig nasjonalparkpolitikk og rår til å opprette over 40 nye verneområde i Norge. Stortinget handsama meldinga i april 1993 (Innst. St. nr. 124 1992-93).

Stortingsmeldinga bygger på NOU 1986:13 - *Ny landsplan for nasjonalparker*. I denne utgreiinga var verneområdet på Folgefonna omtala «Folgefonna Vest» og omfatta berre Kvinnherad sin del av området. I samband med handsaming av meldinga viste Stortinget til kontakt med Odda kommune og Ullensvang herad som ønskte at heile Folgefonna fekk status som nasjonalpark.

Aktuelle verneformer i verneplan for Folgefonna er nasjonalpark og landskapsvernområde. Arbeidet med verneplanen kom formelt i gang med oppstartsmøte i Mauranger i Kvinnherad kommune 27. 01.1998.



1.1 Planområdet

Planområdet omfatta areal i 5 kommunar på Folgefonnhalvøya; Etne, Kvinnherad, Jondal, Ullensvang og Odda.

Planområdet ligg mellom Hardangerfjorden, Sørfjorden og Åkrafjorden, og omfatta dei 3 store delbreane av Folgefonna og dei fleste dalføra kring breen. Planområdet er identisk med arbeidsgrensa for utgreiingsarbeidet. Ei arbeidsgrensa vart først presentert i framlegg til konsekvensutgreiingsprogram (Fylkesmannen i Hordaland 1998), men har sidan blitt revidert m.a. for å halde ein del eksisterande og planlagte tekniske inngrep utanfor. Den reviderte arbeidsgrensa følgjer i store trekk høgdedrag på om lag 600-700 m o.h, men går lenger ned ved inngangen til fleire av dalføra. På Mosnes ved Åkrafjorden går arbeidsgrensa ned til fjorden. Fjellpartiet på nordre del av Folgefonnhalvøya mot Utne er ikkje med i planområdet. Eksisterande utbyggingar, ikkje minst kraftanlegg, har vore avgjerande for avgrensing av planområdet.

Arbeidsgrensene som har vore utgangspunkt for arbeidet med konsekvensutgreiing og verneplan. Dette er dei reviderte arbeidsgrensene, etter at ein noko meir omfattande versjon vart presentert i framlegg til konsekvensutgreiingsprogram av 1998.

1.2 Lovgrunnlag

Oppretting av verneområde skjer i medhald av naturvernlova. Lova gjev høve til å opprette ulike typar verneområde, som nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, plante- og dyrefredningsområde og naturminne.

Planområdet for verneplanen på Folgefonnhalvøya var i utgangspunktet om lag 750 km². Ein slik storleik reiser krav om utarbeiding av konsekvensutgreiing.

Tiltaket som skal konsekvensutgreiast er verneplanen for Folgefonna, som omfatta framlegg om å opprette ein nasjonalpark i kombinasjon med fleire landskapsvernområde på halvøya. Føremålet med konsekvensutgreiinga er å vise kva konsekvensar det vil ha på miljø, naturressursar, næringsinteresser og samfunnet elles å opprette eit verneområde. Denne kunnskapen skal ligge til grunn for planlegging og vernevedtak.

Arbeidet med konsekvensutgreiing skjer i medhald av plan- og bygningslova kap VII-a med tilhøyrande forskrift (T-1281 frå Miljøverndepartementet). Del D har ordforklaringar om regelverket om konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga skal følgje fastsett utgreiingsprogram (sjå Del D).

1.3 Kvifor verne natur?

Dei siste hundre åra har det funne stad ein kraftig reduksjon av urørte naturområde i Noreg. Særleg gjeld dette i Sør-Noreg, der større, urørte naturområde manglar totalt i låglandet. Også i fjellområda er reduksjonen stor, og områda har med tida blitt sterkt oppdelte av tekniske inngrep. Generelt har delen av villmark (område meir enn 5 km frå større tekniske inngrep) i Sør-Noreg blitt redusert frå 27 % i



år 1900 til ca. 8 % i 1992 (St.meld. nr. 62 (1991-92)). Også i og rundt Folgefonna er delen villmark blitt kraftig redusert på grunn av kraftutbygging. Sikring av ein større del av dei attverande, store samanhengande natur- og villmarksområda mot inngrep, er difor ei sentral målsetjing i det pågåande verneplanarbeidet i Noreg.

Det er mange grunnar for å ta vare på naturområde utan tekniske inngrep. Dette kan knytast opp til omgrep som:

- ★ nasjonalarven
- ★ omsyn til sårbare artar og naturtypar
- ★ biologisk mangfald
- ★ bevaring av restbiotopar
- ★ forskning, overvaking og undervisning
- ★ friluftsliv
- ★ reiseliv

Vern av naturområde i Noreg må også sjåast på som del av ein internasjonal innsats for å verne om artar og økosystem. Oppretting av verneområde kan seiast å vere ein «føre-var» strategi der naturen får prioritet framfor menneskeleg aktivitet, noko som vil bli spesielt vektlagt i forvaltinga av nasjonalparkane og dei store landskapsvernområda.

I det føreliggjande verneforslaget for Folgefonna er vernemotiva særleg knytta til å:

- ★ Ta vare på eit verdfullt natur- og kulturlandskap.
- ★ Sikre verdfulle vassdrag, mellom anna fleire som også er verna mot kraftutbygging.
- ★ Ta vare på dei områda på Folgefonna som framleis er urørte av større tekniske inngrep, mellom anna med eitt av dei tre attverande villmarksprege områda i fylket.
- ★ Verne om kulturminne og kulturmiljø.

1.4 Vern etter naturvernlova

Vern etter naturvernlova er det sterkaste verkemiddelet vi har i norsk lovverk for å sikre naturområde, artar og biotopar mot påverknad som kan verke øydeleggjande på området eller førekomstane. Vernevedtak vert nytta i område med interesser av regional, nasjonal eller internasjonal karakter. Gjennom eit vernevedtak vert det fastsett eigne forskrifter som regulerer inngrep og aktivitet ut over anna gjeldande lovverk. Å opprette eit verneområde på Folgefonna vil vere med på å sikre at arealforvaltinga skjer i eit mest mogleg langsiktig perspektiv, der natur- og kulturkvalitetane står i fokus.

1.4.1 Verneplanprosess

Fylkesmannen sitt framlegg til program for konsekvensutgreiing var på høyring vinteren 1998-1999. Høyringa var samstundes formell oppstartsmelding om verneplanarbeidet etter naturvernlova. Høyringsfrist var sett til 28.02.1999.

Gjennom høyringa fekk fylkesmannen innspel på tema i konsekvensutgreiinga og geografisk avgrensing av arbeidet. Fylkesmannen gjekk gjennom alle uttalene og ga tilråding i eit oppsummeringnotat til Direktoratet for naturforvaltning. Endeleg utgreiingsprogram vart fastsett i februar 2002 (Del D vedlegg I). Utgreiingsprogrammet vart sendt alle personar og instansar med interesse i planområdet.

Utgreiingsplikta må vere oppfylt før det kan gjerast vedtak om vern. Det er ansvarleg styresmakt, Direktoratet for naturforvaltning, som tek stode til om utgreiingsplikta er oppfylt.





Foto: Ingvar Grastveit

Æneselva i Kvinnherad er eit vassdrag som er varig verna mot kraftutbygging. Heilskapen i denne storslagne naturen vil bli vesentleg betre sikra for framtida dersom elva og nærområda inngår i ein nasjonalpark eller landskapsvernområde.



Det skal utarbeidast eit sluttdokument som gjer greie for konsekvensane av verneplanen. Direktoratet kan setje krav om nærare undersøkingar for å motverke eller klårlegge eventuelle negative verknader av tiltaket.

Gjennom høyringa får organisasjonar og styresmakter høve til å uttale seg. Saka vert til sist førebudd av Direktoratet for naturforvaltning og Miljøverndepartementet, som legg den fram for regjeringa. Vernevedtak skjer i regjeringa ved kongeleg resolusjon.

Dokumentasjon, møte og synfaringar

Etter oppstartsmøtet i januar 1998 vart det vesentlege av arbeidsinnsatsen sett inn på å få fram dokumentasjon av verne- og brukarinteresser i planområdet. Som lekk i dette arbeidet deltok fylkesmannen i eit fellesprosjekt med Hordaland fylkeskommune og Kvinnherad kommune for å få oversyn over miljøverdiar og brukarinteresser. Gjennom dette arbeidet fekk ein samla tilgjengelege data om planområdet (*Registreringsprosjektet for Folgefonna nasjonalpark og kulturminnevern i Rosendal, 2000*).

Samstundes vart det sett i verk undersøkingar innanfor ulike fagfelt for å få naudsynt faktagrunnlag og dokumentasjon til verneplanarbeidet. Registreringane omfatta landskap, berggrunnsgeologi, kvartærgeologi, botanikk, naturoppleving, fauna, kulturminne, reiseliv/turisme, landbruk og vasskraftinteresser.

I november 2000 vart det etablert ei referansegruppe med deltaking frå alle dei aktuelle kommunane og dei mest

sentrale organisasjonane på fylkesnivå. Referansegruppa er eit rådgjevande organ for fylkesmannen i samband med arbeidet. Del D III viser mandat og medlemmer i referansegruppa. Gruppa har hatt 4 møte.

I løpet av sommaren 2001 og 2002 vart det gjennomført grunneigarmøte og synfaringar i heile planområdet. Fylkesmannen har orientert om verneplanen i egne møte med politikarar og administrative einingar i kommunane /dei som har ytra ønske om dette. Oversyn over gjennomførte møte og synfaringar går fram av tabell i Del D vedlegg IV.

Fylkesmannen opna eiga heimeside for verneplanen i 2001. Her ligg informasjon om arbeidet med verneplan og konsekvensutgreiing, omtale av rapportar, referat frå møte og synfaringar, adresser og tips om korleis ein kan medverke i planarbeidet. Sjå www.miljostatus.no/hordaland

1.4.2 Aktuelle verneformer

Stortingsmelding nr 62 (1991-1992) viser til nasjonalpark og landskapsvernområde som aktuelle verneformer på Folgefonna.

Nærare om nasjonalpark og landskapsvernområde

Nasjonalpark



Oppretting av nasjonalparker skjer i medhald av naturvernlova §3. Føremålet er å sikre større urørte eller i det vesentlege urørte, eigenarta eller vakre naturområde. Ofte er det og eit delmål å sikre store, samanhengande område for friluftsliv. I nasjonalparker skal naturmiljøet med plante- og dyreliv, natur- og kulturminne vernast mot utbygging, ureining og inngrep.

Nasjonalparker vert oppretta på statens grunn. Også privat grunn som grenser inn til statleg grunn og har same karakter som denne kan leggst ut som nasjonalpark. Nasjonalpark er eit relativt strengt vern, og etablering av nasjonalparker signaliserer at området er del av den nasjonale naturarven.

Restriksjonar i nasjonalparker

I ein nasjonalpark står vern av landskapet sentralt og det er forbod mot alle former for tekniske og irreversible inngrep, utbygging og innføring av nye artar. Døme på slike tiltak er kraftutbygging, hyttebygging og skogsdrift (hogst, nyplanting og vegbygging). Det er og strenge reglar for motorferdsel.

Oppretting av nasjonalparker verkar ikkje inn på jakt og fiske, som framleis skal forvaltast etter særlovene; villtlova og lov om lakse- og innlandsfiske. Kalking er ikkje tillate i nasjonalparker.

Vern av plante- og dyreliv er ikkje til hinder for husdyrbeite og vanleg ferdsel, men

forvaltingsstyresmakta kan regulere organiserte former for ferdsel dersom det er påkravd, til dømes for å hindre unødige slitasje eller uroing av dyreliv.

Friluftsliv har oftast ein sentral plass i nasjonalparker, men det kan vere ei utfordring å avgrense nye former for friluftsliv, til dømes paragliding, fosserrenning, fallskjermhopping, terrengsykling og anna. Tradisjonelle friluftaktivitetar som krev lite tilrettelegging og i liten grad påverkar naturmiljøet har prioritet framfor meir ressurs- og arealkrevjande aktivitetar.

Vern er ikkje til hinder for vedlikehald og drift av eksisterande anlegg innanfor verne-grensa. Verneforskrifta opnar for ulike dispensasjonar dersom det aktuelle tiltaket ikkje er i strid med føremålet.

Landskapsvernområde



Oppretting av landskapsvernområde skjer i medhald av naturvernlova §5. Føremålet er å ta vare på eit eigenarta eller vakkert natur- eller kulturlandskap og hindre tiltak som i vesentleg grad kan endre landskapet sin art eller karakter. Landskapsvernområde kan opprettast på reint privateigde areal, og det er ikkje krav til eigarforholda på same måte som for nasjonalparker.

Landskapsvern er ei mildare verneform enn nasjonalpark. Verneforma vert ofte nytta på stader med ein blanding av urørte og kulturpåverka område. Kulturlandskapet kan framleis vere i bruk, og skjøtsel av skog

og annan vegetasjon er ofte ønska eller naudsynt. Det er eit sentralt mål å ta vare på sjølve landskapsbiletet og opplevingsverdien knytta til dette.

Landskapsbiletet vert ofte omtala som eit totalinntrykk eller samla oppleving av landskapet gjennom syn, hørsel og lukt. Oppretting av landskapsvernområde og kan og vere viktig for å sikre biologisk mangfald med naturleg artsrikdom av planter og dyr.

Restriksjonar i landskapsvernområde

Verneforskrifta skal hindre naturinngrep som kan skade eller øydeleggje landskapet. Det er forbod mot alle former for tekniske og irreversible inngrep, utbygging og innføring av nye artar, på same måte som i ein nasjonalpark. Også motorferdsel vert strengt regulert. Handheving av inngrepsreglane vil likevel vere noko mildare i eit landskapsvernområde. Landskapsvern vil normalt ikkje legge vesentlege restriksjonar på dagens verksemd.

Husdyrbeite, jordbruk mange typar skogtiltak kan halde fram som før, men ein må ta omsyn til aktiviteten sin innverknad på landskapet. Vern kan såleis kome til å regulere visse driftsformer og arealbruk.

For skogbruket vil landskapsvern konkret kunne føre til restriksjonar på vegbygging, transport og ein del hogstformer. Rammer for landbruket, inkludert skogsdrifta kan regulerast nærare i forvaltingsplanen.

Oppretting av landskapsvernområde verkar ikkje inn på jakt og fiske, som framleis skal forvaltast gjennom særlovene. Vern er ikkje til hinder for vedlikehald og drift av eksisterande anlegg innanfor vernegrensa.

Verneforskrifta opnar for ulike dispensasjonar dersom det aktuelle tiltaket ikkje er i strid med føremålet. Verneforskrifta skal likevel hindre at det skjer fleire små inngrep over tid, som samla sett er til skade for verneverdiane. I dispensasjonssaker må verknadene av inngrepet på landskapet vurderast konkret ut frå verneføremålet i det einskilde verneområde.



Foto: Anniken Friis

Blåvatnet i Tokheimsvassdraget er regulert for å sikre prosessvatn til industrien i Odda. Eksisterande reguleringshøgde er 20 m, noko som er vesentleg meir enn kva som kan godtakast i ein norsk nasjonalpark. Naturinngrepet er også så omfattande at det vanskeleg kan inngå i eit landskapsvernområde, men her er fleksibiliteten større.



Eit avgjerande moment ved val av verneform er at verneverdiane vert sikra tilstrekkeleg vern på lang sikt. For alle verneformer er det viktig at verneforskriftene regulerer arealbruk og tiltak på ein måte som tek vare på vernekvallitetane. Verneforskriftene vert utarbeidde spesielt for kvart einskild verneområde, og tilpassa konkrete interesser. I tillegg skal det utarbeidast forvaltingsplanar som rettleiande hjelpemiddel i praktisering og tolking av verneforskrifta.

Generell omtale av dei aktuelle verneformene er å finne på motstående side i dette dokumentet.

1.4.3 Forvaltning, informasjon og oppsyn

Oppretting av verneområde vil normalt føre til at det vert stilt til rådvelde ressursar til ulike forvaltingsoppgåver. Dette omfattar mellom anna informasjonstiltak, skjøtsel, tilrettelegging og oppsyn.

I større verneområde, som nasjonalparker og landskapsvernomsråde, skal det utarbeidast eigne forvaltingsplanar. Slike planar er rettleiande for styresmaktene i dagleg forvaltning. Prosessen med utarbeiding av forvaltningsplan og oppfølging av denne fordrar eit aktivt samarbeid mellom aktuelle aktørar med interesser i området, og kan gjere det lettare å styre og samordne dei ulike interessene på ein smidig måte.

Det er Direktoratet for naturforvaltning som avgjer kven som skal vere forvaltningsstyresmakt i dei einskilde vernomsråda. Normalt vil dette vere fylkesmannen. Forvaltningsoppgåvene omfattar ansvar for å utøve mynde etter verneforskrifta.

Eit vern etter naturvernlova gjer at ein lettare kan setje fokus på kvalitetar i natur- og kulturlandskapet. Det vil bli oppretta eit nasjonalparksenter, sjå kap 5.3.4. Eit nasjonalparksenter skal mellom anna formidle kunnskap om verneområdet og naturkvalitetane der, og vil ha verknad på lokalt såvel som regionalt nivå.

Gjennom Statens Naturoppsyn (SNO) vil det bli utført oppsyn i verneområdet. Etter SNO sine planar for vidare utvikling/oppbygging vil det bli oppretta ein ny stilling med ansvar for

oppsyn på Folgefonna. SNO sitt primære oppdrag vil vere å sjå til at vernereglane vert respektert, men dei vil og drive informasjon om verneområdet. I tillegg kan SNO ta på seg oppgåver knytta til skjøtsel og anna. I slikt arbeid vil venteleg SNO legge stor vekt på eit samarbeid med lokale og regionale aktørar.

1.4.4 *Trong for arbeidskraft i planleggings- og forvaltningsfasen*

Arbeidet med planlegging og gjennomføring av verneplanen skjer hjå Fylkesmannen i Hordaland gjennom særskilte løyvingar frå Direktoratet for naturforvaltning. Etter at verneområdet er oppretta, vil det vere oppgåver knytta m.a. til forvaltning og oppsyn. Ei sentral oppgåve vert å utarbeide forvaltningsplan for området. Midlar til slikt arbeid kjem gjennom årlege budsjett til forvaltningsstyresmakta, som i første omgang vert fylkesmannen. På sikt kan det verte aktuelt at kommunane får forvaltningsansvar i delar av eller heile området, eller delar av regelverket.

Ansvar for oppsyn vil bli lagt til Statens Naturoppsyn, som truleg vil opprette ny stilling knytta til eit nasjonalparksenter på Folgefonna.

Det er vanskeleg å vurdere kor stor arbeidsinnsats dette vil kreve av ulike involverte aktørar. I ein nasjonalpark i Nordland har ein estimert at ein treng minst 0,6 årsverk til årleg drift/forvaltning av verneområdet etter at det er oppretta, samt minimum 1 årsverk til oppsynsoppgåver. Oppgåvene som er knytta til verneområde på Folgefonna er neppe mindre. Utgifter til konkrete skjøtelsesoppgåver og drift av nasjonalparksenter kjem i tillegg. Det gjer også kostnader i samband med utarbeiding av forvaltningsplan.

1.5 Framdriftsplan

Lokal høyring, og gjennomgang av høyringsuttaler	2003
Sentral høyring	2004
Godkjenning av KU	2004
Oppsummering og tilråding	2004
Vernevedtak	2004 (2005)

2. PLANOMRÅDET

2.1 Naturgrunnlag

2.1.1 Klima og glasiologi

Den søraustre delen av Folgefonna høyrer til eitt av dei mest nedbørsrike distrikta i landet. På delar av breen fell det opp til 5500 mm nedbør i året, men dette avtek til om lag 2500 mm ved Åkrafjorden i sør og om lag 1500 mm ved Hardangerfjorden i nord. På Folgefonna er det årleg mellom 200 - 240 dagar med meir enn 0,1 mm nedbør.

Gjennomsnittleg årstemperatur for den bredekte delen av Folgefonna ligg på ± 2 til ± 4 °C medan den ved havnivået er på 6-8 °C. Dei vestlege delar av halvøya har noko høgare årstemperatur enn til dømes dei indre delar av Åkrafjorden.

Breen på Folgefonna har vakse fram som følgje av klimaendringar dei siste tusenåra, og er ikkje ein rest etter siste istid. Fuktige vindar frå havet vert avkjølte når dei vert pressa over breområdet og gir frå seg nedbør. På breen fell 70 % av årsnedbøren som snø.

Det siste tiåret har vinternedbøren vore større enn avsmeltinga om somrane, og difor har brearmene vakse. Størst utbreiing hadde Folgefonna likevel på 1890-talet, om lag 140 år seinare enn dei andre breane i Sør-Norge («den vesle istid»).

Folgefonna er delt i tre platåbrear. Søre Folgefonna er den tredje største breen i landet, med eit areal på 168 km². Nordre Folgefonna dekker 26 km² og midtre Folgefonna dekker 11 km². Til saman er brearealet på Folgefonna 207 km², inkludert fleire småbrear.

Foto: Anniken Friis



Folgefonna halvøya er mellom dei aller mest nedbørrike regionane på Vestlandet, med ein årsnedbør på kring 5500 mm på sentrale delar av breen. Nedbørmengda er vesentleg lågare inst i Åkrafjorden. Biletet er frå Vassvikevatnet i Odda (like utanfor arbeidsgrensa).

Frå det nordlegaste punktet på Nordre Folgefonna til det sørlegaste punktet på Søre Folgefonna er det 36 km. Søre Folgefonna er 14 km på det breidaste. I gjennomsnitt er iskappa truleg om lag 150 m tjukk. Største målte tjukkeleik er 280 m, men truleg er fonna så tjukk som 300-400 m på øvre del av Svelgjabreen. I 1981 vart det høgste punktet på Folgefonna målt til 1662 m o.h.

2.1.2 Landformer og elvesystem

Planområdet ligg i ein fjord- og fjellregion mellom Hardangerfjorden, Åkrafjorden og Sørfjorden. Landskapet er sterkt todelt. På den eine sida har vi dei glasiale (breforma) erosjonsformene, fjorden og dei bredalen som skjærer seg djupt ned i landblokkane. På den andre sida har vi fjellplatå med ganske avrunda og rolege fjellformer. Dette er restar av det tertiære landskapet som eksisterte før istidene (det paleiske landskapet). Ut mot kantane av fjellplatåa er dalføra i aukande grad glasialt utforma med u-formar i serie med hengjande daler, hovuddalar og fjordar.

Elvane i området er sterkt prega av at mange har sitt opphav ved breen. Fjellterrenget med kort avtand til fjorden gir korte, bratte og tildels ville elvelaup.

2.1.3 Naturressursar

Landbruk, kraftinteresser og reiseliv er særskilt omtala i kap. 4.

Sand, grus, pukk, mineralar

I Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) sine databasar er det opplysningar om grus- og pukkførekomstane på Folgefonna halvøya. Ingen av desse førekomstane ligg innanfor arbeidsgrensene for verneplanen.

Fritidsfiske

Sportsfiske utøvast i dette området hovudsakeleg i lakse- og sjøareelvar og i fjellvatn. I motsetnad til mange andre stader i Hordaland, er det lite fiske etter innlandsfisk i låglandsområde. Dette skuldast at det er få lågtliggende innsjøar i denne regionen med bratt lende mellom fjell og fjord. Nokre av dei få unnataka er Bondhusvatnet, Opsangervatnet og Sandvinvatnet.

Dei viktigaste lakse- og sjøareelvane i regionen er Jondalselva, Øyreselva, Bondhuselva, Æneselva, Rosendalselvane, Guddalselva, Omvikedalselva, Uskedalselva, Mosneselva, Fjæraelva og Opo. Av noko mindre sjøareelvar er det særskilt i Austrepollselva, Blåelva og Åkraelva det er knytte sportsfiskeinteresser til. Øyreselva og Austrepollselva er for tida stengt for alt fiske, og i Opo, Jondalselva og Rosendalselvane er det forbode å fiske villaks. Elles er fisket i dei fleste av desse elvane tilgjengelig for ålmenta ved kjøp av fiskekort. Eit unntak er Opo.

Mange av elvane har opphavleg gode bestandar av sjøare, og fisket har tradisjonelt vore godt. Tilbodet om lakse- og sjøarefiske har vore ein vesentleg faktor for turismen, særskilt i Kvinnherad. Dette endra seg frå midten av nittitalet, då lakselusa frå oppdrettsverksemda i fjordane slo til for fullt. Fisket vart monaleg dårlegare, og alle stammene av villaks i Hardanger vart freda frå kring 1997. Problemet med lakselus har vorte mindre dei siste åra, men held framleis stammene av laks i Indre Hardanger og av sjøare i midtre Hardangerfjord på eit særst lågt nivå.

Det er mange høgfjellsinnsjøar på Folgefonna halvøya, og dei aller fleste har stammar av innlandsaure. I nokre få regulerte magasin mellom Jondal og Mauranger set Statkraft ut aure kvart år. Fisket vert ikkje nytta mykje. Det er mest fiske der det går veg fram, som i Mauranger og i Myrdalsvatnet i Rosendal. Elles er det mest lokale folk som fiskar litt i samband med hytteliv. Fiskekort vert selt for om lag ei tredel av fjellinnsjøane. I resten er det dei aller fleste stader fritt fiske. Unntak er Fynderdalsvatn i Mauranger.

Jakt

På den sørlege delen av Folgefonna halvøya er tilbodet av jaktkort for småvilt rimeleg bra, og grunneigarlaga annonserer i lokalavisene kvar haust kven som sel jaktkort. Det er råd å kjøpe både sesongkort og dagskort.

Det finst til dels mykje hjort i kommunane som grensar inn mot Folgefonna. Særleg i Kvinnherad har hjortejakta stort omfang. I 2002 vart det skriva ut vel 1000 fellingsløyve, og felt nesten 800 hjortar. Sjølv om det kostar ein del å gå på hjortejakt er det stor etterspurnad etter jaktkort frå jegerar utanom kommunen, og mange grunneigarar sel fellingsløyva sine. I Odda kommune vert det jakta både på hjort og elg. Det same er tilfelle i Etne, der dei jaktar på rådyr i tillegg.

2.2 Samfunnstilhøve

2.2.1 Demografiske tilhøve i planområdet


Folketalet i Hordaland går noko tilbake i indre strok. I perioden frå 1995-2002 har det vore svak auke i Etne kommune, svak nedgang i Kvinnherad og elles moderat eller sterk nedgang i dei andre kommunane. Ei framskrivning av folketalsutviklinga

Tabell 1. Folketalet i kommunane i planområdet 1995 og 2002, samt venta utviklinga mot 2010. Kjelde: Fylkesstatistikk 2002.

	Folketal 1995	Folketal 2002	Folketal i 2010 som % av folketal i 2002
Kvinnherad	13181	13138	90 - 100
Jondal	1209	1112	73 - 89
Ullensvang	3800	3588	73 - 89
Odda	8077	7576	90 -100
Etne	3941	3969	90 -100

2002-2010 (2020) i dei aktuelle kommunane viser framleis tilbakegang i indre Hordaland. Utviklinga vil kanskje og bli forsterka (Fylkesstatistikk 2002).

Fylkeplanen for Hordaland 2001-2004 viser til at landbruket har mykje å seie for busetjingsmønsteret lokalt. Rasjonaliseringa viser att i stadig aukande sentralisering internt i kommunane. Enno har vi likevel relativt spreidd busetjing i fylket.



Tal gardsbruk i drift i Hordaland 1987-2003.

I Hordaland var det i 2003 kring 3800 gardsbruk som hadde rett på produksjonstilskott i jordbruket. Tilsvarande tal i 1987 var 6900 bruk, det vil seie ein reduksjon på 42% i perioden, svarande til om lag 180 bruk årleg. Det er helst dei små bruka som legg ned drifta. Det totale jorbruksarealet held seg like fullt på om lag same nivå. Dette tyder at dei attverande bruka vert større.

Tabell 2. Gardsbruk som har fått utbetalt produksjonstilskott i jordbruket i kommunar som har areal i planområdet.

	Januar 2000	Januar 2003
Kvinnherad	377	332
Jondal	71	56
Ullensvang	109	282
Odda	81	83
Etne	197	191
Totalt Hordaland	4600	3800

Tabell 3. Oversikt over status for kommuneplanar i kommunane med areal innanfor arbeidsgrensene.

	Vedteken kommuneplan/kommunedelplan	Planarbeid, rullering/merknad
Kvinnherad	Kommunedelplan for Rosendal og Husnes frå 2003 Kommunedelplan for Maurangerområdet frå 1989	Planen er ferdig for høgareliggjande LNF-område. Vedtak venta i 2003 Meldt oppstart rullering våren 2003
Jondal	1992	Meldt oppstart rullering i 2001. Arbeidet med tekstdelen i gang, men ikkje arealdelen.
Ullensvang	2002	Arbeidsgrensa for verneplan vist i planen
Odda	1991	Rullering ikkje starta opp
Etne	1988	Ny plan under arbeid. Vedtak venta i 2003

2.3 Gjeldande arealbruk, planar og retningsliner

2.3.1 Offentlege planar

Alt areal innafor arbeidsgrensa er ordinært landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF) i arealdelen i dei respektive kommuneplanar. I slike område er det ikkje tillate med anna bygge- og anleggsverksemd enn den som har direkte samband med landbruk eller stadbunden næring.

Kvalitet og alder på kommuneplanane i området varierar, men fleire kommunar held no på med rullering av dette planverket (Tabell 3). Gjeldande planar er difor i noko ulik grad eigna som verktøy for å styre arealbruken. Dei fleste kommunane har inndelt LNF-områda i fleire kategoriar, der det vert opna for noko spreidd bygging, hytter etc.

I Fylkesplan for Hordaland 2001-2003 finn ein følgjande generelle mål for arealforvaltninga, som og gjeld Folgefonn-området:

Hordaland skal ha ein meir effektiv arealbruk som vernar om dei mest verdifulle areala, som urørt natur, viktige natur- og kulturlandskap, kulturmiljø, strandsona og større inngrepsfrie område.

Gjennom handlingsprogrammet til fylkesplanen og strategisk næringsplan vert det arbeidd for utvikling av Folgefonnhalvøya knytta til tenesteyting, næringsliv, kultur og frivillige organisasjonar. Fylkeskommunen, fylkesmannen sin landbruksavdeling og fleire andre aktørar samarbeider i programmet *Berekraftig næringsutvikling i lokalsamfunna* (forkorta BNL) om samarbeid og næringsutvikling knytta til natur- og kulturressursar på halvøya.

2.3.2 Verna vassdrag

Følgjande vassdrag på Folgefonnhalvøya er varig verna mot kraftutbygging gjennom vedtak i vernevedtak i Stortinget:

Verneplan I (1973) **Opo** med Låtefoss, Odda

Verneplan IV (1993) **Mosneselva**, Etne
(Namnet Sandvikedalen vert ofte nytta om same området)
Hattebergvassdraget, Kvinnherad
Æneselva, Kvinnherad
Furebergselva, Kvinnherad

Det vert no arbeid med eit framlegg til suppleringsplan for vassdrag. Ei nasjonal styringsgruppe har gjort framlegg om at Guddalselva vert teken med i denne prosessen, men dette vert ikkje støtta av NVE i deira innstilling til OED. Suppleringsplanen skal leggjast fram for Stortinget i 2003.

Rettsleg status for verna vassdrag

Etter vedtaka om vern av vassdrag har det kome ny vassressurslov. Verna vassdrag er no heimla i denne lova.

Den primære effekten av eit vernevedtak i eit vassdrag er at det ikkje kan gjevast konsesjon til kraftutbygging i vassdraget. Vidare er det ein føresetnad at ein unngår andre inngrep som kan redusere verneverdien i vassdraga. Vassdragsvernet skal følgjast opp gjennom forvaltning av relevante lover. I denne samanhengen er plan- og bygningslova sentral, då regjeringa har vedteke eigne rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag. RPR har nasjonale mål om verneverdi. Etter dagens regelverk er det difor ikkje kurant å få løyve til tiltak eller inngrep som kan få negative verknader på til dømes landskapsbilete, biologisk mangfald eller kulturmiljø i eller langs vassdraget.

Kvinnherad kommune har nyleg avslutta eit forprosjekt for differensiert forvaltning av Hattebergvassdraget. I prosjektet er det føreslege innføring av ulike forvaltingsklassar og soner etter verneverdi og arealtilstand, og retningslinjene skal nyttast i handsaming av regulerings-, inngreps- og konsesjonssaker i det verna vassdraget. På sikt skal desse innarbeidast i kommuneplanen.

2.3.3 Inngrepsfrie naturområde

Direktoratet for naturforvaltning har utvikla kart over inngrepsfrie naturområde i Norge (INON), som eit verkty for å sikre det som er att av store, samanhengande intakte naturområda for framtida.



Det er i dag få område att i Hordaland som kan karakteriserast som «villmark». Eitt av områda som framleis finst er sør på Folgefonna. Dei mørkast grøne områda på kartet er villmarksprege område med >5 km til næraste tyngre tekniske inngrep. Dei mellomgrøne områda høyrer til inngrepsfri sone 1, medan inngrepsfri sone 2 er markert med lysegrøn farge. Kartet er henta frå www.dirnat.no/inon



Foto: Anniken Friis

Baroniet og det kringliggjande kulturlandskapet er mellom dei aller største attraksjonane i Hordaland. Det vert for tida arbeid med å sikre omgjevnadene til slottet med heimel i kulturminnelova. I så fall vil kulturmiljøfredinga grense opp mot det planlagde verneområdet etter naturvernlova.

Alle område som ligg meir enn 1 km i luftline frå tyngre tekniske inngrep vert rekna som inngrepsfrie naturområde. Desse er inndelte i ulike soner etter inngrepsstatus:

Inngrepsfri sone 2: 1 - 3 km frå tyngre tekniske inngrep
Inngrepsfri sone 1: 3 - 5 km frå tyngre tekniske inngrep
Villmarksprege område: Meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep

Størsteparten av arealet innanfor arbeidsgrensene ligg i inngrepsfri sone 2 eller 1. På Sørfonna finn vi elles eitt av dei få attverande villmarksprege områda i Hordaland.

I mange dalføre og i ytterkanten av planområdet gjer eksisterande busetnad, vegbygging og kraftutbygging at desse areala må reknast som inngrepsnære naturområde eller utbygde område.

2.3.4 Kulturminnefreding kring Baroniet i Rosendal

I Rosendal, Kvinnherad arbeider Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune med ein fredningsplan for kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt Baroniet. Slottet frå 1600-talet har vore freda sidan 1920-åra. Målet er å sikre omgjevnadene til Baroniet med hage, parkanlegg og kulturlandskap som ein heilskap. Fredningsplanen skjer etter reglane i kulturminnelova, §20 (kulturmiljøfreding). Planområdet for kulturminnefredinga ligg inn til arbeidsgrensa for verneplanen for Folgefonna i Muradalen.

Varsel om oppstart av arbeidet med fredingssak vart sendt til grunneigarar og brukarar i området hausten 2002, og det er gjennomført grunneigarmøte. Planarbeidet for fredingsprosessane etter naturvernlova og kulturminnelova skjer altså parallelt, men vernevedtak kan kome til å skje på ulike tidspunkt.

På sikt vil det vere naturleg for forvaltingsstyresmaktene å samarbeide, slik at forvaltning av nasjonalparken, landskapsvernområde, kulturfredningsområdet og andre kulturminne i Rosendal-området vert sett i samanheng.

Kjente registreringar av kulturminne og kulturmiljø i Rosendal og på Folgefonna halvøya er samanstilte i rapportane frå Registreringsprosjektet (2000).

DEL B

KONSEKVENSENSUTGREIING

Foto: Anniken Friis



Parti frå breelvsletta ved Løkene, Ullensvang. Dette brenære området i Raunsdalen opp mot Dettebreen høyrer med mellom dei aller største naturidyllane kring Folgefonna. Sletta har også viktige kvartærgeologiske og botaniske vernekvallitetar.

*Soli sunnan kveiktest, lint over bre og strender
Blokkar og blommar livna fram under dei blåe fenner.*

(fritt etter Arne Garborg)

3. GRUNNLAGET FOR KONSEKVENSGREIINGA

3.1 Fastsett utgreiingsprogram

Tema som konsekvensutgreiinga skal omfatte er fastsett av Direktoratet for naturforvaltning gjennom utgreiingsprogrammet (Del D vedlegg I). Følgjande tema er inkluderte:

- ★ Verneverdiane (vegetasjon, flora, fauna, geofag, vassdrag, kulturminne, kulturmiljø og landskap)
- ★ Naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon
- ★ Landbruk (dyrka, overflatedyrka areal, beitemark, beitebruk, motorferdsel, skogbruk, bygningar, stølar)
- ★ Fritidshytter (fritidshytter, utleigehytter)
- ★ Reiseliv/turisme (reiselivsnæringa i regionen, Folgefonn Sommarskiserter, nasjonalparkerter, reiselivsrelatert tilleggsnæring i landbruket)
- ★ Vassdragsinteresser (planlagde og potensielle utbyggingstiltak, drift av eksisterande anlegg, mikro-, mini- og småkraftverk)

3.2 Alternativ i konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiinga skal skildre eit «0-alternativ» samt fire ulike vernealternativ A, B, C og D.

3.2.1 0-alternativet

Etter 0-alternativet vert det ikkje oppretta nokre nye verneområde etter naturvernlova på Folgefonnhalvøya. Området vert forvalta vidare etter plan- og bygningslova og ulike særlover. Desse regulerer forvaltninga innan einskildtema som jord- og skogbruk, motorferdsel og friluftsliv. I arealdelen i kommuneplanane vil områda ha status som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område).

I 0-alternativet må ein framskrive forventa utvikling i området basert på gjennomgang av dagens praksis gjennom handheving av relevant lovverk. Ein må og sjå på ulike scenaria for utvikling i arealforvaltning og landbruks- og distriktpolitikk, kjende endringar i rammeverk for økonomiske tilskott m.v.

I røynda er 0-alternativet identisk med arelaet innanfor arbeidsgrensa (sjå kap. 1.1) som vert forvalta utan influens av naturvernlova, berre etter eksisterande lovverk.

3.2.2 Alternativ A

I dette alternativet er mesteparten av området innanfor arbeidsgrensa nasjonalpark. Verneområdet omfattar breane med dei næraste fjellområda og alle dalføre som frameis har ein urørt karakter, jf naturvernlova §3 som stiller visse krav til at området skal vere urørt. På grunn av eksisterande inngrep vil nokre dalføre ikkje ha slik karakter at dei kan vere nasjonalpark. I alternativ A er det oppretta landskapsvernområde slike stader, jf naturvernlova §5. Landskapsvernområda omfattar følgjande dalføre: Muradalen, Bondhusdalen og Buerdalen.

3.2.3 Alternativ B

I dette alternativet er det totale omfanget av vernet det same som i alternativ A, men med landskapsvernområde i fleire dalføre i staden for nasjonalpark her. Alternativ B har altså mildare verneform i større del av verneområdet. Landskapsvernområda omfattar følgjande dalføre: Guddalsdalen, Muradalen, Melsdalen/Myrdalsvatnet, Ænesdalen, Furebergdalen (nedre del), Bondhusdalen, Buervatnet- Liasete-Fossasete, Sandvedalen og Vetrhus/Eikemostølen.


3.2.4 Alternativ C

I dette alternativet er all registrert økonomisk drivbar skog halden utanfor vern. Alternativet er difor utan konflikt med dagens skogbruksinteresser.

3.2.5 Alternativ D

I dette alternativet er all statsgrunn nasjonalpark. Ingen lågareliggjande område er verna.

Foto: Ingvar Grastveit



Parti frå Ænesdalen i Kvinnherad. Dette området får svært ulik status avhengig av kva alternativ ein vurderer etter. Området inngår i nasjonalpark etter alt. A, som landskapsvernområde etter alt. B. Etter alt. C og D vert området ikkje omfatta av særskilt vern.



Dei 4 vernealternativa i konsekvensutgreiinga



Alternativ A

Det meste av området innanfor arbeidsgrensa er nasjonalpark. Unntaket er desse tre dalføra der det vert føreslege landskapsvern i staden: (1) Muradalen, (2) Bondhusdalen, (3) Buerdalen.



Alternativ B

I omfang same som A, men følgjande område vert føreslegne som landskapsvernområde i staden for nasjonalpark: (1) Guddalsdalen, (2) Muradalen, (3) Melsdalen/Myrdalsvatnet, (4) Ænesdalen, (5) Furebergsdalen, nedre del, (6) Bondhusdalen, (7) Buervatnet-Liasete-Fossaasete, (8) Sandvedalen, (9) Vethus/Eikemostølen.



Alternativ C

Samtlege område med registrert økonomisk drivbar skog er haldne utanfor vern. Det resterande er nasjonalpark.



Alternativ D

Berre areal som er statsgrunn inngår i vernet, med nasjonalpark som verneform. Ingen lågareliggjande område er verna.

3.3 Verneforskrifter lagt til grunn i konsekvensutgreiinga

Standard forskrifter for nasjonalpark og landskapsvernområde er lagt til grunn for arbeidet med konsekvensutgreiinga.

3.4 Metode

Metoden for å utarbeide konsekvensutgreiingar varierer etter kva tiltak som er aktuelt. Konsekvensutgreiinga for verneplan for Folgefonna er gjennomført med ein trinnvis framgangsmåte:

Trinn 1: Skildring av status

Trinn 1 er ei generell skildring av brukar- og verneinteresser basert på kartlegging og dokumentasjon, med påfølgjande verddivurdering. Trinn 1 omfattar og skildring av framtidig utnytting framlagt i aktuelle planar.

For verneinteressene er trinn 1 omtale av dokumenterte naturkvalitetar. For fleire tema ligg det føre faglege vernekriterier, og desse er referert i omtalen.

For brukarinteressene er trinn 1 ei registrering av eksisterande interesser, som landbruksareal, kraftanlegg eller fritidshytter. Døme på framtidig bruk er kraftverka sine nye utbyggingsprosjekt.

Resultata av trinn 1 går fram av kap. 4 *Verneverdiar og brukarinteresser* og rubrikken *Generell skildring av status* i samletabell for kvart tema.

Trinn 2: Verknader

Trinn 2 er skildring av kva verknader vernetiltaket vil/kan få for ulike interesser.

For verneinteressene er det omtale av kva som vil skje som følgje av vernevedtaket og korleis naturvernlova eller anna lovverk kan ivareta dokumenterte naturfaglege eller kulturfaglege kvalitetar.

For brukarinteressene handlar det om kva faktiske verknader vernet vil få på eksisterande aktivitet, drift av eksisterande anlegg og aktuell framtidig bruk. Omtale av verknader er mellom anna spørsmål om vernet er ekskluderande på annan bruk eller om denne kan kombinerast, til dømes gjennom unnataksreglar i forskrifta.

For å vite om vern kan kombinerast med framtidig bruk må ein skildre korleis denne bruken kan utvikle seg eller kva den vil føre til.

Resultat av trinn 2 går fram av kap. 5 *Verknader og konsekvensar* og rubrikken *Verknader* i samletabell for kvart tema.

Trinn 1 og 2 skal vere mest mogleg faktabaserte og verdinøytrale skildringar.

Trinn 3: Vurdering av konsekvensane

Skildring av konsekvensar er ei samla vurdering/vekting av verknadene for kvart tema. Dette er gjort på følgjande 2 måtar:

- Verbal skildring av kor viktig/avgjerande konsekvensane vil vere
- Plassering i konsekvensgruppe på følgjande verdiskala

+++	stor positiv konsekvens
++	positiv konsekvens
+	liten positiv konsekvens
0	ingen konsekvens
-	liten negativ konsekvens
--	negativ konsekvens
---	stor negativ konsekvens

For nokre tema er det vurdert fleire sider ved tiltaket der konsekvensane kan slå ulikt ut. For dei fleste tema er det gjort ei samla vurdering.

Verdivurderingar omfattar for det meste ikkje-økonomiske målbare tema, som konsekvensar på miljøverdiar. Sjølv om det er sett opp visse faglege kriterium for verdivurdering, er vekting av verknadene basert på skjønn. Til dømes er det ei metodisk utfordring å vekte verdien av opplevingsverdi og urørt natur.

Konsekvensar for naturressursar og samfunn vil i ein del høve vere lettare økonomisk målbare. Omtale av konsekvensane for slike tema kan omfatte oversikt over økonomiske tap, arbeidsplassar og liknande. Slike data er i liten grad konkretiserte her, ettersom graden av uvisse ofte er stor og ein har funne det meir tenleg å skildre konsekvensane på verbalt vis.

Konsekvensane går og fram av rubrikken «Samla vurdering av/vekting av konsekvensane» i samletabell for kvart tema.

Trinn 4: Samanstilling av konsekvensane

Avslutningsvis er konsekvensane for dei ulike tema samanstilte. Sjølv om dei ulike tema er sett opp i same tabell kan dei ha ulik vekt.


Framstillinga i tabellen gir ein grov syntese/konklusjon av konsekvensane og gjer det mogleg å sjå dei ulike interessene samla, samanlikne dei og vege dei opp mot kvarandre.

3.5 Gjennomføring av utgreiingsarbeidet

Fylkesmannen i Hordaland ved miljøvernavdelinga har utført arbeidet med konsekvensutgreiinga. Tema landbruk er utarbeidd ved landbruksavdelinga ved same embete (Bøthner & Rolland 2003). Ein delrapport om reiseliv/turisme er utarbeidd av Kulturlandskapscenteret, Hordaland fylkeskommune.

Kraftaktørane innanfor planområdet har utarbeidd ein rapport med kartlegging av vasskraftsressursar. Det er elles utarbeidd ei rekkje andre grunnlagsrapporter (sjå referanselista).

Foto: Anniken Friis



Smeltevatn frå breen ved Inste Botnane, Etna.

4. VERNEVERDIAR OG BRUKARINTERESSER

4.1 Naturfaglege og kulturhistoriske verdier

4.1.1 Landskap

I samband med verneplanarbeidet vart det gjennomført ei undersøking og evaluering av landskapet i regionen rundt Folgefonna (Elgersma 2000a,b). Metoden som er nytta i arbeidet er eit referansesystem for landskap. Landskapet er skildra i ein hierarkisk struktur med 3 nivå: Landskapsregionar, landskapsunderregionar og landskapsområde.

Landskapet på Folgefonnhalvøya høyrer med i den nasjonale landskapsregionen kalt «Indre bygder på Vestlandet». Det er skildra 6 landskapsunderregionar. Fleire av dalføra er undersøkte og skildra i detaljert målestokk (landskapsområde).

Det er gjort ei verdiklassifisering av landskapet for å få fram opplevingskvalitetane knytta til dei registrerte områda.

Verdien av landskapet på Folgefonnhalvøya

I evaluering av landskapsregionen er områda plasserte i klassar etter samla vurdering av mangfald, inntrykksstyrke og heilskap. Klasse A1 og A2 har område med stort mangfald og inntrykksstyrke, skapt gjennom kraftige kontrastar i landformene, mange og varierte dalføre, vassdrag, artsrik vegetasjon, autentiske bygningsmiljø og eit levande jordbrukslandskap.

Fleire stader på Folgefonnhalvøya finn vi landskap med så eineståande kvalitetar at dei kan reknast med blant dei finaste i Noreg. Slike område høyrer med til våre «nasjonallandskap».

Område i klasse B1 og B2 har høg verdi i regional samanheng. Dei representerer det typiske landskapet i regionen og har jamt over svært gode kvalitetar, men noko mindre dramatisk enn områda i den nasjonale klassen. Uheldige og øydeleggjande naturinngrep eller utbygging kan og vere grunnen til noko lågare rangering av opplevingskvalitetane.

Område i klasse C har inntrykksvake landskap med liten formrikdom, eller det er landskap med uheldige inngrep. Ingen landskapsregionar i det undersøkte området er plassert i denne klassen.

Tabell 4. Rangering av landskaps-underregionar på Folgefonnhalvøya. Etter Elgersma (2000a).

Landskapsunderregion	Rangering - klasse	Verneverdi
Oddadalen	A1	N
Fruktbygdene i Sørfjorden	A2	N
Kvinnherad og Strandebarne	A1/A2	N
Samlafjordbygdene	B1	R
Åkrafjorden	B1	R
Halsnøy	A1/B1	R



Folgefonna og mange av dalføra omkring har store landskapskvalitetar. Ein av dalane som er vurdert å vere av nasjonal verdi er Ænesdalen. Ei sterkt medverkande årsak til den høge rangeringa er utan tvil fjellet Gygrastolen, her sentralt i biletet sett frå Melderskin. Det er Ænesdalen som skjerer seg ned i terrenget i forkant.

Foto: Bjørn Moe



Foto: Bjørn Moe



Av dalføra på Folgefonnhalvøya som er undersøkte for landskapskvalitetar er det faktisk Muradalen som vert rangert lågast. Likevel har også denne dalen regional verdi. Muradalen er lett tilgjengeleg og ligg like innanfor Baroniet i Rosendal. Malmangernuten til høgre i biletet.

Foto: Anniken Friis



Nordrepollen inst i Maurangsfjorden ligg godt utanfor arbeidsgrensa for verneplanen for Folgefonna. Den illustrerer like fullt vel korleis dalføra i denne regionen tek seg ut frå sjøsida.

Foto: Anniken Friis



Møsevatn sør i Kvinnherad vart regulert som kraftmagasin i 1965. Her er fyllingsgrada maksimal, men vatnet kan nedtappast med 53 m. Landskapet tek seg noko annleis ut då.



Kartlegging av utvalde dalføre viser ein variert og mektig vassdragsnatur som er heilt eineståande, ikkje berre i Noreg, men i ei europeisk ramme. Evalueringa av dalføra er gitt ut frå deira særprega og dramatiske natur, frodige skogsbilete, fossar, stryk og framtrudande lausmasseavsetjingar. Alt dette gir områda vakker utforming og store opplevingskvalitetar.

Mellom dei undersøkte dalføra er det og fleire med stor verdi i nasjonal eller regional samanheng. Alle desse dalane har store verneverdiar med stort mangfald og opplevingsverdi.

Tabell 5. Rangering av landskapskvalitetar i undersøkte dalføre på Folgefonnhalvøya. Etter Elgersma (2000a).

Dalføre	Rangering	Verneverdi
Sandvikedalen	A1	N
Muradalen v/ Ringeriksfossen	A1	N
Guddalsdalen	A2	N
Ænesdal	A2	N
Buerdalen	B1	R
Melsdalen	B1	R
Furebergsdalen	B1	R
Bondhusdalen	B1	R
Muradalen	B2	R

Ingen undersøkte dalføre er plasserte i lågaste vurderingsklasse, klasse C.

Dokumentasjon av landskapsverdiane viser at landskapsverdiane utgjør viktige vernekriterier i arbeidet med verneplanen på Folgefonnhalvøya.

4.1.2 Geofag

Berggrunnsgeologi

I nasjonal samanheng er Folgefonnhalvøya særleg interessant frå ein geologisk ståstad. Det er eit stort mangfald av bergartar med strukturar som fortel om ulike geologiske hendingar. På halvøya finn vi alt frå dei eldste til dei yngste bergartane i Noreg, og eit enormt spekter i tid er representert i ulike område og felt på halvøya (Naterstad 2003).

Innanfor arbeidsgrensene for verneplanen finn vi område som er unike demonstrasjonsfelt for fastfjellsgeologi, bergartstypar og primære dannelsesprosessar. På grunn av nærleiken til breen ligg desse felta ope i dagen og dei mange geologiske detaljane kan sjåast godt.

Likevel, mange geologisk viktige område på halvøya ligg utanfor arbeidsgrensa for verneplanen.

Kvartærgeologi

Kvartærgeologi omfatter lausmassar som vart avsett i kvartærtida, dvs dei siste 2 millionar år. Alle kvartærgeologiske avsetjingar på Folgefonnhalvøya, som i landet vårt elles, skriv seg frå siste istid eller seinare, altså dei siste 10 000-12 000 år (holocen). Undersøking av slike avsetjingar fortel oss korleis breen har forma landet og landskapet.

Seint på 1800- og tidleg på 1900- talet vart det utgjeve ulike vitenskaplege skrifter og turistskildringar frå Folgefonnområdet, der mellom anna dei mest kjende brefalla var skildra. Seinare har området vore undersøkt i samband med ulike kraftutbyggingsprosjekt og andre granskingar.

Ein trudde lenge at breane i Noreg er restar etter siste istid. Forsking i nyare tid tyder på at Folgefonna var heilt smelta vekk kring steinalderen, frå 8000 til 5000 år sidan.

Undersøkingar viser også at fleire av dei sentrale fjella i Folgefonnaområdet truleg aldri var dekte av is i forrige istid. Vi finn nemleg døme på opphavlege landformer som isen ikkje har slipt ned.

I samband med verneplanarbeidet har Universitetet i Bergen skildra kvartærgeologien og gjennomført ei undersøking av 8 utvalde dalføre kring Folgefonna (Bakke m.fl. 2000).

Undersøkinga viser at alle dalføra som ligg kring breen er sentrale for å forstå korleis isen har forma landskapet. Dei inneheld eit mangfald av landformar som vitnar om breen si historie i området. Døme på dette er randmorenar, breelvdelta og ulike former danna i fast fjell, som jettegryter og kanalar. Landskapet rundt Folgefonna er i stadig endring. Dette er såleis eit landskap der vi kan studere prosessar også i dag. Undersøking av jordartene er viktig for å forstå slike prosessar — til dømes morenejord, avsetjingar frå breelvar og andre elvar, marine avsetjingar, forvittra materiale og organisk materiale.

Kvartærgeologi er difor særleg godt eigna som utgangspunkt for naturundervisning, til dømes i samband med naturguiding eller uteskule på alle nivå — frå tidleg barnealder til høgare undervisning.

I storleik og tidspunkt for breframstøyt skil Folgefonna seg frå andre brear i Noreg, og framtrer som ein av dei mest maritime. Det vert arbeidd med å kaste nytt lys over historia om isavsmeltinga i Hardanger. Det er mogleg å rekonstruere klimaet attende i tid på bakgrunn av slike undersøkingar.

Vurdering av verneverdi

Fagrapporten for kvartærgeologi viser forslag til vernekriterium, målt ut frå vurdering av kvartærgeologiske førekomst. Rangering av verneverdiene er gjort som ei samla vurdering av det totale mangfald av landformer, pedagogisk og vitenskapleg verdi.

Arbeidet viser at alle dei undersøkte dalane har nasjonale og regionale verneverdiar.

Tabell 6. Rangering av undersøkte dalføre etter kvartærgeologisk verneverdi.

Dalføre	Verneverdi	Rangering samla vurdering
Bondhusdalen/Funderdalen	N/R	1
Muradalen	N/R	2
Furebergsdalen	N/R	3
Ænesdalen	N/R	4
Sandvikedalen	N/R	5
Buerdalen	N/R	6
Raunsdalen	N/R	7
Guddalsdal/Hildal	N/R	8

Geofag med kvartærgeologi er eit viktig tema i arbeidet med verneplan for Folgefonna.

4.1.3 Vegetasjon og flora

Dei store skilnadane i høgde på Folgefonna halvøya gjer at vi finn vegetasjon som høyrer med i ulike vegetasjonssoner. Dette skapar variasjon, avhengig av klimatiske tilhøve, som nedbør og temperatur (Moe 2000).

Halvøya er dominert av gneisar og granittar, som er harde og sure bergartar. Dette gir opphav til ein skrin vegetasjon

med ein relativt artsfattig og nøysam flora. På stader med godt jordsmonn finn vi lokalitetar med artsrik og kravfull flora, og desse bidrar til å auke det totale botaniske mangfaldet på halvøya. Desse lokalitetane ligg i hovudsak i Odda og Ullensvang, på austsida av halvøya. Den rike fjellfloraen på Skjeggesnuten ligg lengst nord i Etne.

Det er gjort nokre interessante floristiske funn på halvøya, som førekomst av issoleie i fjellet vest for Måge og polarvier ovanfor Tokheim (B. Moe pers. medd.). Dette er austlege artar som har vestgrensa for utbreiinga på Folgefonna halvøya. Også funn av norsk malurt i Jondal er interessant, då denne arten elles i landet berre finst i Trollheimen og Dovre og eit lite område i Ryfylke. Malurt-førekomsten ligg utenfor arbeidsgrensa for verneområdet.

Det knyter seg verneinteressar til fleire ulike naturtypar på Folgefonna halvøya. Desse er skildra i fagrapporten:

Rasmarker

kan ha eit rikt botanisk mangfald, då plantane har god tilgang på næring og fuktig undergrunn. Ofte finn vi konkurranse-svake, lyskrevjande artar i dei mange rasmarkene i Folgefonnaområdet. Gode døme på interessante rasmarker er Markaskorane i Muradalen og rasmarkene ved Hildalsvatnet i Guddalsdalen.

Gamal skog

Furuskog som er lite berørt av moderne skogbruk har stor verneverdi. Slik skog finn vi i Furebergsdalen opp mot Rothaug og på vestsida av dalen opp mot Gygrastølsvatn. Her går furuskogen over mot Ænesdalen, som og har furuskog i Taklia og vidare innover dalen. På austsida av fonna finn vi furuskog i Sandvedalen og på fjellplatået nedanfor, mellom Nipetjørn og Smyttetjørn.

Kalkrike område

gir opphav til ein flora med kalkkrevjande artar. Dei viktigaste områda med kalkrik berggrunn finn vi i fylittsona under Skjeggesnuten og Sauanuten og på Tronesfjellet. Det finst og andre stader, som til dømes i fleire bergskorer ovanfor Reisetser.



Områda kring Skjeggesnuten i Etne utmerkar seg med rikare flora enn dei fleste andre stader kring Folgefonna. Hovudårsaka er at berggrunnen er kalkrik her og såleis skapar vokstergrunnlag for meir krevjande plantar.

Rik edellauvskog

er sjeldan på Folgefonna halvøya, men finst i Buerdalen og i Muradalen. Den frodige lauvskogen inneheld kravstore artar både i skogbotnen og i tresjiktet. I desse skogane finn vi ask, alm, hassel, hegg, selje og hengebjørk, også som styvingstrær. Desse er i dag viktige element frå det gamle kulturlandskapet i desse dalføra.

Elveøyrrer og sandurar

er naturtypar som er skapt av dei spesielle miljøtilhøva nær breen. Smeltevatnet fører med seg slam og partiklar som dannar sandbankar og område med vekslande økologiske tilhøve. Dei største aktive sandurførekomstane ligg ved Kjer-ringbotnen, Sandvikevatnet og i Raunsdalen. Det finst og andre, mindre sandurar innanfor planområdet.

Vurdering av verneverdi

Floraen på Folgefonna halvøya er generelt sett artsfattig, men innslag av rikare lokalitetar gir området botanisk mangfald. Dette gjeld særleg austlege del av halvøya. Dei botaniske verneverdiane ligg i summen av alle dei ulike naturtypene som er registrerte. Verneverdien av flora og vegetasjon er av lokal og regional karakter.

4.1.4 Fuglar og pattedyr

Fugle- og pattedyrfaunaen på Folgefonna halvøya har ei artssamansetjing som er typisk for regionen (Overvoll 2003).

Pattedyr

I fjellet er lemen vanleg, og under synfaringa vart det observert mykje ekskrement såvel som både daude og levande dyr. Hare førekjem vanleg, og det vart sett ein god del ekskrement under synfaringa. Andre pattedyrartar vart ikkje observert, men truleg førekjem òg typiske fjellartar som røyskatt og snømus. Av større pattedyr finst hjort og raudrev som streifdyr. Elles er det rapportert om tilfeldige streifdyr av fjellrev og jerv.

I skogområda er hjorten vanleg rundt heile Folgefonna halvøya. Grensetraktene mellom Odda og Etne har dessutan ein liten elgbestand. Rådyr skal førekome som streifdyr, truleg frå ein fast bestand i Etne. Rev og ekorn vart observert under synfaringa, og begge artane er truleg vanlege. Smågnagarar og insektetarar vart ikkje registrert, men ein må kunne rekne med at dei vanlege artane i regionen førekjem.

Fugleliv

Karakteristiske artar for høgjellsområda er fjellrype og snøsporv. I områda ned mot tregrensa er lirype og heipiplerke karakteristiske artar. Det er ikkje registrert alpine vadefuglar som boltit eller fjørreplytt i området, sjølv om området ligg relativt nær Hardangervidda der dette er typiske fuglar. Fjellområda kring Folgefonna er truleg for karrige for desse

artane. Med unntak av ein observasjon av svartand i Prestvatnet, Kvinnherad er det ikkje registrert marine dukkender i området. Desse artane er ofte knytta til førekomst av skjoldkreps og marflo i større vatn, som på Hardangervidda.

I ornitologisk samanheng er det først og fremst førekomst av raudlista og fåtalige fugleartar i ulike skogtypar som har ei viss interesse i vernesamanheng. (Dei aktuelle artane er imidlertid relativt vanlege på Vestlandet og førekomstane på Folgefonna halvøya er neppe større enn andre stader i regionen):

Eldre bjørkeskog

Ein del stader, opp mot skoggrensa, finn ein halvgamal, open bjørkeskog med god tilgang på daud ved. Særleg litt lune, aust- og sørvendte lier, der trea når litt større dimensjonar, har verdi. Denne naturtypen er aktuell som hekkebiotop for kvitryggspett og holrugande sporvefuglar som svartkvitflugesnappar og raudstjert og kan ha ganske høg artsdiversitet. Slike område er registrerte m.a. ved Fossasete og i Sandvedalen.

Gamal furuskog

Også denne skogtypen er viktig for spetteartane, spesielt der skogen har gode vekstvilkår og innslaget av lauvtre er godt. Særleg gamal osp blir mykje nytta som reirtre.

Når furuskogen når eit visst areal, blir han òg aktuell som leveområde for storfugl, men furuskogsområda innan arbeidsgrensa for nasjonalparken har relativt lite areal. Også hønsehauk føretrekk gamal furuskog på høg bonitet, men er ikkje funnen hekkande innanfor arbeidsgrensa. Viktige furuskogsområda finn ein i Ænesdalen, Furebergsdalen, nedst i Sandvedalen og ved Eikemo.

Rik edellauvskog

Skogtypen har høg primærproduksjon og ofte stor diversitet av virvellause dyr. Dette påverkar òg fuglefaunaen slik at ein ofte finn både stor artsdiversitet og høg tettleik av fugl i denne naturtypen. Rik edellauvskog er sjaldan på Folgefonna halvøya, men finst i Buerdalen og Muradalen. Desse områda er ikkje undersøkte i ornitologisk samanheng.

Gråor-heggeskog

Skogtypen er kjent for å kunne ha svært høg tettleik av sporvefugl. Men talet på artar er ikkje spesielt høgt og det er stort sett vanlege artar ein finn her. Gulsongar kan reknast



Foto: Ingvar Grastveit

Fuglefaunaen i fjellområda på Folgefonna halvøya er triviell og skil seg ikkje mykje frå det som er vanleg i høgtiliggjande fjellområda i denne delen av landet. Generelt er tettleiken av hekkande fuglar ganske låg mange stader. Dermed er det heller ikkje grunnlag for vesentlege bestandar av rovfugl. I rike smågnagarar er likevel fjellvåken ein vanleg hekkfugl i området.

som ein karakterart for slike område. Typiske område med gråor-heggeskog på Folgefonnhalvøya finn ein m.a. langs elva i Ænesdalen, i dalsidene i Bondhusdalen og på elvøyra i inste enden av Sandvikevatnet.

Vurdering av verneverdi: Fjellfaunaen på Folgefonnhalvøya er artsfattig og typisk. I utkanten av planområdet for nasjonalpark, i eldre skog, førekjem raudlista spetteartar (gråspett og kvitryggspett, truleg også dvergspett). Både gråspett og kvitryggspett er imidlertid vanlege på Vestlandet, og det finst svært mange område med tilsvarande artsinventar innan regionen. Det planlagte nasjonalparkområdet sin verdi for fugle- og pattedyrfaunaen blir vurdert som lokal, sjølv om somme område har element av regional verdi.

4.1.4 Kulturminne og kulturmiljø

Det har vore fast busetnad i dalføra rundt Folgefonna frå førhistorisk tid, med langvarig utnyttig av naturgrunnlaget. Tidlegare dokumentasjon av kulturminne på Folgefonnhalvøya har omfatta mest låglandet. Den seinare tid er det gjort to undersøkingar som viser at ressursane i høgfjellet også har vore nytta.

Foto: Anniken Friis



Vetthusstølen i Etna og områda kring denne er rike på kulturminne. Her finn vi den einaste stølen innanfor arbeidsgrensene som framleis er i drift, og for få år sidan vart det reist eit nytt geitefjøs her.

I samband med konsekvensutgreiing for utbygging av Eitheim- og Tokheimsvassdraga vart det gjort kulturhistoriske granskingar som avdekte 7 automatisk freda kulturminne i Støladalen (Hordaland fylkeskommune 2000). Datering viser at området har vore i bruk i frå bronsealderen, gjennom fleire periodar av førhistoria og fram til nyare tid. Funnrikdom og erfaringar frå dette arbeidet tilseier at ein kan vente at talet på fornminne i høgfjellet er høgare enn det som er kjent tidlegare.

I samband med verneplanarbeidet vart det difor gjort ei undersøking av potensialet for funn av automatisk freda kulturminne og andre utmarksminne i nokre utvalde dalføre og fjellområde (Hordaland fylkeskommune 2002). Undersøkinga er gjort i to dalføre på austsida (Raunsdalen, Fossa-sete/Liasete/Buervatnet) og to dalføre på vestsida (Myrdal og Ænesdalen).

Gjennom denne undersøkinga vart det registrert 12 tufter/ruinar, ein heller, ein aktivitetsplass/buplass frå steinalder, ei kullgrop og fleire bruksspor frå førhistorisk tid. Resultata viser at mange av dalføra skjuler minne etter støling og ulik form for ressursutnytting gjennom fleire tusen år.



Foto: Anniken Friis

Den vakre Sandvikedalen ligg godt skjerma for press frå storsamfunnet i dag, ettersom den ligg på den veglause sida av Åkrafjorden. Sjølv langt oppover i dalen er det mange interessante kulturhistoriske spor, som vitnar om andre tider. Biletet er frå sidedalen Hjortedalen. I dag er dette området nytta som sommararbeite. Bygningane på biletet er restar etter ein gamal fjellgard som var i drift i siste halvdel av 1800-talet.

Alle automatisk freda kulturminne (eldre enn frå 1537) representerer verneinteresser av nasjonal karakter. Undersøkingane dokumenterer slike førekomstar både på austsida og vestsida av Folgefonna. Fleire og grundigare undersøkingar vil kunne avdekke nye funn av kulturminne av nasjonal verdi.

Også kulturminne frå nyare tid representerer viktige verdiar og tradisjonar, ikkje minst knytta til stølslivet. På Vetthusstølen i Etna vart det gjennomført undersøkingar av verneverdige bygningar, stølsmiljø og kulturlandskap. Dette er den einaste stølen innanfor planområdet der det er aktiv stølsdrift i dag. Fleire bygningar i området er særleg gamle og såleis verneverdige. Dersom dei er eldre enn frå 1649 vil dei vere automatisk freda kulturminne. Elles finst utlør, stakkeplassar, mjølkeplassar og andre kulturspor i områda rundt stølen. Det er utarbeidd rapportar med sikte på restaurering av bygningane (Kutschera 2001).

4.2 Naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon

4.2.1 Bruken av området


På heile Folgefonnhalvøya finn vi gamle ferdselsruter og stølsvegar som har vore nytta gjennom tidene. Når folk frå Maurangerfjorden og Sunnhordland skulle til Sørfjorden eller austover, måtte dei anten ro på fjorden eller gå over breen. Sommarstid var det enklast å gå over breen. Nord på Fonna gjekk ei viktig rute frå Jondal opp Krossdalen og over fjellet til Bleie. Andre kryssingsvegar gjekk frå Austrepollen gjennom Hardingaskaret, søraust over breen og ned til Odda.

Folgefonnområdet har lenge vore kjent for sin dramatiske og vakre natur. Med sine fjordar, fossar, fjell og brefall har Folgefonna vore mellom dei viktigaste reisemåla i Norge.

Organisert turistradikk starta alt i 1833 med føring frå Sundal via Gardshamar til Tokheim i Odda. Turistane gjekk til fots, og vart og i ein periode frakta med hest og slede over breen.



Frå gammalt går fleire ferdsløyper over Folgefonna. Ein av dei gjekk i nærleiken av Kvitnadalen, mellom Nord-Fonna og Midt-Fonna. På det øvste bildet ser ein dalen frå vest, med Inste Kvitnadalsvatnet i forgrunnen. Det andre bildet viser Kvitnadalen motsett veg, frå Sørfjorden opp mot Raunsdal.



Ved århundreskiftet var det livleg cruisetrafikk i fjordane. Brearmene i Bondhus og Buer og dei mange fossene på halvøya var viktige reisemål for turistane. Kombinasjonen bre, fjell og vassdrag fascinerte menneska, då som no. Gjenom tidene har også dei mange dalføra vore nytta mykje som turområde, til dømes Ænesdalen, Furebergsdalen, Muradalen, Sandvikedalen, Sandvedalen og Raunsdalen.

Dei fleste gamle rutene er populære også i dag. Fotturistar nyttar heile Folgefonna, både til dagsturar og lengre turar. Ski- og fotturar på breen, brekurs og isklatringskurs vert arrangerte i regi av dei mange turlaga og breførlaga som er aktive i området. På Nordfonna ligg alpinsenteret Folgefonna Sommarskisenter med skitrek og varmastove. Det går ei turløype opp til toppen av breen. I Blådalen ligg Fjellhaugen skisenter med turløype og trekk.

Det er stort utval av overnattingsstader for turistar på Folgefonna. Breidablikkhytta vart bygd allereie i 1893. Sidan har turlaga bygd hyttene Fonnabu, Holmaskjer og Sauabrehytta. Tal frå turlaga syner at besøk på desse hyttene er aukande, og hyttene vert nytta i tida frå april til oktober.

I tillegg til turlagshytter ligg det og mange private hytter og stølshus i området. Desse vert nytta i samband med friluftsliv, jakt og tilsyn med buskap gjennom beitesesongen.

Opplevingsverdi er viktig både for tilreisande og lokale folk. Fylkesmannen har gjennomført ei spørjeundersøking retta mot personar som oppheld seg på hytter eller ved sentrale innfallsportar inn til breen og andre turområde (Context 2000).

Undersøkinga ga følgjande hovudpunkt:

- ★ Folk som oppsøker Folgefonna og områda rundt breen er ute etter naturoppleving. Dei ønskjer å sjå rein, urørt og variert natur, og dei ønskjer å oppleve dramatikken i landskapet. Mange set og stor pris på den ro som naturopplevinga gir høve til.
- ★ Også lågareliggjande område med busetnad og kringliggjande dalføre vert oppfatta som viktige for naturopplevinga. Heilskapen frå fjord til fonna er viktig.
- ★ Mange besøkande er positive til oppretting av nasjonalpark i området. Dette gjeld både nordmenn og utlendingar.

Vi må rekne med at komande generasjonar også vil etter spørje område med slike kvalitetar.

Som arena for opplevingsverdi, friluftsliv og rekreasjon har Folgefonna halvøya verdi både på nasjonalt, regionalt og lokalt plan. I arbeidet med ein nasjonalpark er difor desse veridane vore særst viktige.

4.2.2 Fritidshytter

Det ligg ei rekkje hytter innanfor planområdet, ofte knytte til gamle stølshus. Vi finn mange døme på at gamle stølshus er restaurert og utvida, og mange nye hytter er reist på murene av stølshus og sel. Følgjande tal på bygningar som er/ kan vere knytte til fritidsbruk ligg føre:

Stølshus/sel	45
Tilsynsbuer/utmarkskoier	24
Fritidsbygg	34
Naust/båthus	11
Turisthytte	4

Fritidshyttene i området tilhøyrer oftast grunneigarar eller andre personar med lokal tilknytning til staden. Nokre av hyttene vert nytta i samband med tilsyn av beitedyr eller utøving av jakt og fiske. Hyttene har stort sett enkel, tradisjonell standard utan innlagt straum, vatn eller annan moderne komfort. Dei ligg oftast eit stykke frå veg og annan kommunikasjon. Hyttene vert berre i liten grad utleigde og er lite utvikla til bruk i ein utvida hyttemarknad.

Naust ligg oftast i tilknytning til fritidshyttene.

Kategorien tilsynsbuer/utmarkskoier omfattar jakt- og fiskebuer og sikringsbuer oppsett av kraftselskapa. Kraftselskapa held sine buer er opne for folk som måtte trenge dei.

Tilreisande nyttar turisthyttene i området. Desse tilhøyrer og vert drivne av dei lokale og regionale turlaga. Alle hyttene er sjølvbetente. Dei siste åra har det vore jevn auke i bruk av turlagshyttene, både til overnatting eller dagsbesøk. Dei



Holmaskjer turisthytte er ei av fire sjølvbetente turisthytter innanfor arbeidsgrensene. Den ligg fritt til på 1565 m o.h.

vert og nytta mykje i samband med brekurs og organiserte turar i regi av turlaga og breførarlag i regionen.

Tabell 7. Turisthytter innanfor arbeidsgrensene med oppgjevne besøkstal (dagsbesøk og overnatting). Tal for Sauabrehytta var ikkje tilgjengeleg då rapporten gjekk i trykken.

Hytte	Eigar	Tal senger	Besøkstal	
			2001	2002
Breidablikk	Bergen turlag	4	333	450
Fonnabu	Bergen turlag	40	778	1100
Holmaskjer	Odda turlag	18	350	450
Sauabrehytta	Haugesund turistforening			

4.3 Reiseliv/turisme

Omtale av reiseliv/turisme er til dels basert på grunnlagsrapport om temaet (Hordaland fylkeskommune 2002). Opplysningar her er mellom anna kome fram gjennom intervjua med utvalde informantar.

4.3.1 Reiselivet på Folgefonnhalvøya

Reiselivsnæringa i Norge hadde stor auke på 1990-talet. Folk brukar i dag meir pengar på ferie, og tek gjerne fleire korte feriar i løpet av eit år. Den vanlegaste ferieforma, særleg for gjestar frå utlandet, er rundreiser, der ein besøker mange stader i løpet av ferien. Denne reiseforma er særleg viktig for verksemder som driv med småskala reiseliv. Rundreiseturistane kjem hovudsakleg i sommarmånadene.

Ein reknar med at viktigaste motivet for at utlendingar vel å reise til Norge har vore og framleis er for å få naturoppleving. Den siste tida har det vore hevd at interessa for naturbasert turisme, grøn turisme eller økoturisme er veksande, men dette er i liten grad dokumentert. Naturoppleving er også basen i merkevarestrategien som Norges Turistråd har utarbeidd for Norge som reisemål for utanlandske feriereisande.

Reiselivsnæringa generelt slit med låg lønsemd, særleg blant dei små aktørane og dei i distrikta. Dette gjer at det vert lite ressursar til å utvikle produkt og marknad.

Likevel er det eit visst utval i tilbod på Folgefonnhalvøya, og her ligg det føre ein del planar og tankar for framtida. Kort oppsummert finn vi følgjande verksemder på Folgefonnhalvøya i dag:

Det er nokre få hotell og gjestgjevarstader. Det er også mange små verksemder som driv med utleige av hytter, campinghytter, rom og hus. Det vert likevel hevd at i ein-skilde område er kapasiteten sprengt i sesongen, og at det er trong for større sengekapasitet.

Vi finn nokre utsal av gardsmatprodukt. Somme stader med matservering i tillegg til restaurantar, kaféar og anna. Vi finn tilbod om gardsferie og villmarksferie som tilbyr alt frå enkel til høgstandard overnatting, unike aktivitets- og villmarksopplevingar.

Det finst nokre turoperatørar som arrangerer pakkøløysingar, med opplevingspakker skreddarsydde for grupper.

Her er fleire breførarlag. Turlaga driv hyttene på Folgefonna, og er aktive med turopplegg både sommar og vinter.

Folgefonna Sommar Skisenter har tilbod til alpininteresserte. Her er skitrekk som gjev høve til å stå på ski og snøbrett heile sommarsesongen. Her er også eit lite barneskitrekk som er sett opp når forholda tillet det.

Mange stader er det mindre stiar som går inn i dalføre og til stolar som ligg i liene under fjellplataet og breen. Her er gamle ferdavegar som er sette i stand eller som ein planlegg å setje i stand.

Det er mogleg å vere med på sightseeingfly over fonna. Eit hesteskysslag opererer i hovudsak i Rosendal med turar opp til Baroniet.

Utviklinga i turisttrafikken til og innan Hardanger viser stagnasjon og til dels nedgang, både når det gjeld norske og

utanlandske gjestedøgn. Ein finn ikkje att same trenden elles i Hordaland eller Fjord-Norge. Her har utviklinga vore positiv med unntak av året 2002.

Saman med andre delar av distrikta i Hordaland har Folgefonnhalvøya ei utfordring i å få dei reisande til å overnatte andre stader enn i Bergen. Utvikling av aktivitetar og andre tilbod vil styrke overnattingsverksemdene og gje ringverknader. Stadig fleire brukar Bergen som utgangspunkt for reiser, og overnattar ikkje i distrikta.

Reiselivsaktørane sine planar og ønskje

Mange som driv reiselivsprodukt på Folgefonnhalvøya eller har planar om å utvikle dette, poengterer at dei ønskjer å nå eit eksklusivt og pengesterkt publikum. Opplevingspakkar vert vektlagd. Tilbodet skal ikkje berre femne om overnatting og mat, men ein heil pakke som og inkluderar aktivitet, oppleving og deltaking.

Dei fleste grendelag på halvøya ønskjer å gje opplysningar om tema som kultur, biologi, geologi med meir. Dette kan ofte vere krevjande å utnytte kiommersielt, men er likevel trekt fram som noko positivt som ein kan tilby reisande.

Nokre tiltakshavarar ønskjer å setje i stand stolar og sel for utleige.

For firmakundar og grupper er det nesten påkravd med tilkomstveg til staden om dei skal kunne nyttast. Staden må kunne nåast med båt, bil, buss eller minibuss. Mange små aktørar ønskjer vere med i ein pakke, å tilby ein komponent i ei opplevingspakke.

Fleire ønskjer seg ein felles portal eller bookingsentral som samordnar marknadsføring, førespurnader, samansetjing av pakkar osv. Ein formidlingsentral vil spare den einskilde utleigar/aktør for mykje administrasjon og marknadsføring.

Likevel er det ikkje ønskeleg frå småaktørane si side med eit mellomledd som tek høg provisjon slik at lønsemda vert svekka. Truleg er det grunnlag for eit formidlingsbyrå eller at nokon startar eiga verksemd som driv med dette, til dømes vidareutvikle eit påbegynt prøveopplegg på internett.

4.3.2 Folgefonna SommarSkisenter

Dagens drift

Sommarskisenteret ligg i Jondal kommune, med tilkomst med veg frå Jondal sentrum gjennom Krossdalen. Folgefonna SommarSkisenter er peika ut som Jondal kommune sitt viktigste fyrtårn og satsingsområde for utvikling av reiseliv og anna næringsutvikling på Folgefonnhalvøya og Hardanger.

Skisenteret ligg på Nordre Fonna. Skisenteret (skitrekke, ski-område og servicebygg med varmastove/kafé) vert drive av Folgefonna Bresport AS. Reguleringsplan vart vedteken i 1993. I samband med arbeidet med reguleringsplanen vart det fremja ønskje om lenger skitrekke. Dette vart då avvist, og øvre grense for reguleringsplanen er 1450 m o.h. Arbeidsgrensa for verneplanen går inn til reguleringsgrensa.

Folgefonna SommarSkisenter er saman med anlegga i Stryn og ved Galdhøpiggen mellom dei få stadene i Sør-Norge ein kan stå på ski om sommaren.

Driftssesongen varierer noko frå år til år, men var i 2002 frå ca. 17. mai til 20. oktober. Dette året vitja om lag 30 000 personar anlegget, korav 10 000 løyste heiskort. Følgjande anlegg gjev eit inntrykk av dagens drift og aktivitetar:

- ★ Alpinløype med heisanlegg
- ★ Barnetrekke
- ★ Snowboardpark (halfpipe, bigjump etc)
- ★ Løyper utanfor regulert område til nordiske greiner, turløype (innanfor arbeidsgrensa for verneplanen).
- ★ 7 km lang oppmerka løype
- ★ Kvista løype til toppen av breen (1640 moh)
- ★ Oppkøyring av løyper utanfor reguleringsplanen skjer etter avtale mellom Jondal, Ullensvang og Kvinnherad kommunar og regulerer løyve etter motorferdsellova.
- ★ Avtalen regulerer køyring for å redusere mogleg konflikt med vanlege friluftsutøvarar i området.

Tilbodet på Folgefonna SommarSkisenter er primært retta mot dei som vil drive alpine aktivitetar som ski eller snøbrett.

Tidleg avtining av snø i nedste deler av anlegget fører til at det kan dukke opp bresprekker. Dette kan gjere det vanskeleg å halde ope gjennom heile sesongen, noko som er ei utfordring for lønsemda.

Mange besøkande til SommarSkisenteret nyttar ikkje ski-anlegga. Kring 70% av dei som køyrer opp bomvegen til senteret legg ikkje att pengar som kan vere med på å dekke drifta av senteret.

Tankar for framtida

Folgefonna SommarSkisenter har eit potensiale for vidareutvikling og vidare økonomisk verdiskaping, men det vil krevje innsats for utvikling av nye marknadsstrategiar. Skisenteret sitt problem med avtining av snø i nedre del av anlegget ønskjer dei primært å bøte på med å forleng skitrekke opp til 1600 m o.h. Løypa må preparerast i ca 30 meters breidde med trakkemaskiner. Senteret vonar det er mogleg å utvikle eit anlegg og ei driftsform som vil vere akseptabel innanfor nasjonalparken.

Med eit forlenga heisanlegg vil dei kunne sikre snøtilhøve for den viktigaste kundegruppa, lag og grupper som trener fartsdisiplinar. Med utvikling av eit lengre trekk meiner dei at Jondal kommune vil kunne tilby eit av de beste anlegga i Europa for denne type trening sommarstid.

I tillegg ønskjer sommarSkisenteret å utvide tilbodet for bruk av langrennsløypa slik at ei større brukargruppe vil kunne nytte denne. Løypa må då køyrast opp oftare. Det er og tankar om forlenging av løypa ut over den traseen som vert nytta i dag.



Nedre del av Folgefonna SommarSkisenter, med kafeen til venstre i biletet. Anlegget er eit viktig aktivum for Jondal kommune, og det er gjort tankar om å forleng trekket til om lag 1600 m o.h. for å sikre drifta for framtida.

Foto: Anniken Friis

Sommarskiseret vil nok framleis trekke til seg aktive alpinutøvarar sjølv om det ikkje vert høve til å forlenge skitrekking. Snøkvaliteten om sommaren skal vere betre i Noreg enn i Mellom-Europa, der ein må vente til lengre ut på hausten før ein kan trene. Sjølv om tilbodet ikkje er fullverdig for dei greinene som krev dei lengste løypene, vil Folgefonna SommarSkiseret uansett vere ein attraksjon i regionen.

Eigarselskapet for sommarskiseret har diskutert tiltak for å fange opp denne store gruppa av folk som kjem opp til breen. Ein tanke er å reise eit større bygg på andre sida av platået der skiseret no ligg (utanfor arbeidsgrensa). Dette kunne ha utsyn over breen og nedover dalen. Her kunne det vore meir kafé, restaurant eller selskapslokale og kiosk med sal av suvenirar. Bygget som står i dag kunne då nyttast til varmestove for det aktive utøvarane og dei som nyttar skitrekking, medan det andre bygget ville vore for den andre gruppa av folk som kjem opp til breen. Det er ikkje utarbeidd konkrete planar for dette.

Foto: Anniken Friis



Guddalsbua i Rosendal har sidan 2000 hatt utstillingar om natur- og kulturkvalitetar kring Folgefonna. Folgefonna Informasjonssenter vil søkje om mellombels autorisasjon som nasjonalparksenter, sjølv før ein nasjonalpark er etablert. Rosendal peikar seg ut som ein aktuell stad for eit nasjonalparksenter når ein slik institusjon skal endeleg etablerast.



4.3.3 Nasjonalparksenter

Definisjon

Eit nasjonalparksenter er autorisert for å drive informasjonsverksemd om ein nasjonalpark. Sentrale oppgåver er å informere om det aktuelle verneområdet, som verneverdiar og vernereglar. Eit nasjonalparksenter skal formidle generell kunnskap om natur, kultur og friluftsliv på ein måte som bidreg til miljøvenlege haldningar og åtferd og som stimulerer til naturvenleg friluftsliv både i og utanfor nasjonalparken. Målgruppa er eit vidt publikum.

Informasjonsoppgåvene skal ivarekast i tråd med retningsliner gjevne av statlege miljøstyresmakter. Det er Direktoratet for naturforvaltning (DN) som gir autorisasjon. Autorisasjon vert gjeve for ein avgrensa tidsperiode og må fornyast etter utgått avtaletid.

Bakgrunn

Fylkesmannen har tidlegare vist til at Rosendal i Kvinnherad vil vere den mest naturlege lokaliseringa for eit nasjonalparksenter på Folgefonna halvøya. I mai 2000 vart Folgefonna Informasjonssenter etablert, og dei har sidan hatt ulike utstillingar i Gudalsbua i Rosendal.

DN har gjeve signal om at ein er innstilt på å gje Folgefonna Informasjonssenter mellombels autorisasjon som nasjonalparksenter i løpet av 2003. Dette tyder at senteret kan få økonomiske ressursar til arbeidet alt frå 2003 og fram til tidspunktet for eit vernevedtak.

Det står ulike typar midlar til rådvelde for nasjonalparksentre: Forprosjektering, etableringsstønad (vert utbetalt over fleire år og ligg på i alt om kring 3 mill. kr) og grunnstilskot (kr. 325 000 pr år). På lengre sikt er det og høve til å søkje om midlar til ulike informasjonstiltak og kompetanseutvikling.

Det er nedsett ei styringsgruppe for arbeidet med autorisasjon og etablering av nasjonalparksenteret. Medlemene av gruppa er ordførarane i de 5 kommunane som har areal innanfor verneområdet.

Tankar om nasjonalparksenteret

Nasjonalparksenteret vil ha informasjonspunkt i alle kommunane på halvøya, og fleire plassar med uiteinformasjon ved innfallsportar til området. Dette skal vise til stader med attraksjonar og interessante natur- eller kulturminne. Informasjonssenteret skal stimulere folk til å ta seg ut i naturen og få opplevingar på staden. Ein vil utvikle internettsider, utstillingar, filmar og anna materiell som fortel kva som er å sjå, oppleve og lære.

Ein ønskjer dessutan å satse på ulike «satellittar» i fleire storleikar og kategoriar. Det kan vere små informasjonsbuer, innslag vedk. turistinformasjon, tavler og skilt ved rasteplassar og innfallsportar.

Viktige tema er å vise korleis naturgrunnlaget har vore med å prege kultur, næring og verdiskaping på Folgefonna halvøya. Det vert lagt stor vekt på at geologi, jordsmonn og vegetasjon har verka inn på korleis folk har levd og livberga seg i området. Det er ønskje om ei brei tilnærming i dette arbeidet.

4.3.4 Tilleggsnæring i landbruket

Reiselivsrelaterte tilleggsnæringar til landbruket vil som oftast vere prega av småskala verksemd. Gjennom slik aktivitet kan ein vere med på å tilby små pakkar sjølv eller vere underleverandør av komponentar til andre verksemd som set saman opplevingspakkar. Nokre vil tilby berre noko av det som er nemnt over, medan andre vil drive med meir, som til dømes utleige av hytter og stolar, og kan hende tilby guida turar i fjellet eller jakt med kjentmann. Desse tilleggsnæringane glir ofte over i kvarandre, og ofte driv same aktør med fleire tilbod.

Fleire ønskjer å drive med verksemd som utleige eller matservering. Mange ønskjer å attrise gamle stolar eller setje slike i stand til dette føremålet. Dei meiner at det bør vere høve til å gjere dette slik at utleigeverksemd kan vere ein del av inntektsgrunnlaget på garden.

Restaurering av nedraste ruinar og stolar i samband med tilleggsnæring i landbruket vil ikkje kunne definerast som landbruksbygg, men må reknast som vanleg nybygg. Eventuell bygging vil då krevje vanleg dispensasjon frå kommuneplanen.

Innanfor arbeidsgrensene for verneområdet er det registrert kring 45 sel, og 46 nedraste sel, hytter og liknande eller murar etter slike.

I dag er det berre ein støl som er i drift innanfor arbeidsgrensa; Vetthustølen i Etne kommune. Andre stader er stølsbygning

gane anten gjort om til fritidshytter eller ute av bruk og har dermed ofte falle ned.

Vettrhusstølen høyrer til garden Eikemo, der tre gardbrukarar har reist og driv geitefjøs i fellesskap. Dei har om lag 180 geiter om somrane og har og sau på beite i fjellområda rundt. Det opphavlege stølsmiljøet på Eikemostølen med bygningar (stølsbuer, løer) er i store trekk intakt. I tillegg har kulturlandskapet rundt stølen ei rekkje element som vitnar om bruk i tidlegare tider.


Eikemostølen har potensiale for å formidle kultur- og naturhistorie knytta til stølsdrifta innfor arbeidsgrensa for verneplanen. Det vert og arbeid for å få i gong leirskuleaktivitetar i området.

I Vikebygdkrinsen i Ullensvang herad har grunneigarane arbeid med planar om opparbeiding av turstiar, informasjon om natur- og kulturtilhøve og restaurering av stølshus med tanke på utleige. Det er utarbeidd teikningar for attreising av 10 stølshus. Nokre av desse ligg innanfor arbeidsgrensa, medan andre ligg rett utanfor. Førebels er tankane om restaurering av stølane på idéstadiet, og det føreligg ikkje konkrete formelle planar.

Eksisterende kraftutbygging ved Folgefonna

Folgefonna er eit nedbørrikt område med eit vesentleg kraftpotensiale. Over halvparten av dette potensialet er allereie utbygd, medan det ligg føre planar om utbygging av ytterlegare 9% av potensialet. Dei eksisterande utbyggingane fordeler seg på to større prosjekt (Folgefonnverka i nord og Blåfalli i sørvest) samt eit mindre (Muradalen). I tillegg er Blåvatnet i Odda vesentleg regulert, men for andre føremål enn kraftutbygging. Frå Sunnhordland Kraftlag (2000).

Energipotensialet Folgefonna 4165 GWh/år




4.4 Vasskraftinteresser

4.4.1 Energipotensialet på Folgefonnhalvøya

Kraftselskapa som opererer innanfor planområdet har gått saman om å kartlegge vasskraftressursane, både eksisterande kraftanlegg og samla vasskraftpotensiale i planområdet (Sunnhordland Kraftlag 2000). Nedanfor finst eit grafisk oversyn over vasskraftpotensialet i utgreiingsområdet og tilliggjande område, utarbeidd av kraftselskapa sjølve:

Kraftaktørane har vist til følgjande fakta om vasskraft:

- Regionen har stort kraftunderskot. Kraftforbruket i dette området er 9,2 TWh medan midlare produksjonskapasitet er 3,6 TWh i år 2000.
- Bruttoinntektene frå dagens kraftproduksjonen i regionen omsett i engrosmarknaden varierar frå år til år, men kan grovt reknast til mellom 250-580 mill. kr pr. år. I 1998 blei det betalt 61 mill. kr i skattar og avgifter frå kraftverka i Matre og Mauranger. Då er ikkje overskotsskatt frå selskapa teke med. Av dette gjekk 50 mill. kr til kommunane og 4 mill. kr til fylket. Det er lokalt 40 fast tilsette direkte knytta opp til kraftverka.



- ❑ Det samla vasskraftpotensialet innanfor arbeidsgrensa for verneplanen utgjer 4,1 TWh. Av dette er 2,3 TWh bygt ut, og 1,0 TWh er varig verna mot kraftutbygging. Ressursstudier viser eit ytterlegare potensiale på 0,8 TWh, men av dette er berre 0,2-0,3 TWh aktuelt å byggje ut.
- ❑ Dersom ein realiserer dei fleste kartlagde prosjekta, vil regionen bli tilført ei investering på om lag 1500 mill kr. Dette representerer igjen vel 2000 årsverk. I tillegg kjem årlege auka inntekter til kommunar, fylke og stat i storleik 20 mill. kr.

4.4.2 Eksisterande anlegg

Folgefonnverka


Folgefonnutbygginga utnyttar vassdraga på nordvestsida frå Bondhusbreen (Kvinnherad) i sør til Storelvi i Jondal i nord. Utbygginga består av eit omfattande takrennesystem ca. 900 m o.h. og fører vatnet ut i Maurangerfjorden ved Austrepollen. Utbygginga utnyttar vatn frå eit nedbørsfelt på ca. 165 km².

Anlegget vert drive av Statkraft SF. Konesjon vart gjeve i 1969. Då anleggsarbeida var avslutta i 1974, var det bygd 50 km veg, 50 km vasstunnellar, 6 større fyllingsdammar og 2 kraftstasjonar (Jukla kraftstasjon og pumpe samt Mauranger kraftstasjon). Til anlegget høyrer 8 reguleringsmagasin med eit samla volum på ca. 429 mill. m³. Dei ulike magasinane har reguleringshøder frå 35 m til 110 m (Juklavatnet størst). Det aller meste av magasineringa ligg utanfor arbeidsgrensa for nasjonalparken, men Blådalsvatnet (reguleringshøgde 54 m) og delar av Svartedalsvatnet (reguleringshøgde 80 m) ligg innanfor.

Av andre tekniske inngrep i samband denne utbygginga finst eit ventilhus for regulering av tappeventil ved Blådalsvatnet og ein tappetunnell frå Blådalsvatnet ned mot Kvitnadalsvatn. Det ligg ein steintipp frå driving av tappetunnellen. Tilknytte overføringa frå områda ved Bondhusbreen til Mysevatt ligg fleire anlegg, m.a. utspylingsmassar frå sedimentkammer, landingsplass for helikopter, bustad/hytte ved breinntaket og tiltak i samband med overføringstunnell.

Normal drift av anlegget fordrar jamnleg tilsyn og vedlikehald, opprydding, tapping av data frå dataloggarar m.v. Dels vert motorisert framkomstmiddel (særleg helikopter) nytta ved slik aktivitet.

Foto: Anniken Friis



Utsikt vestover frå Markjelkevattet i Kvinnherad med Jukla kraftstasjon i forkant. Denne kraftstasjonen ved Folgefonnverka utnyttar fallet i 1000 m-nivået, mellom Juklavatnet og Svartedalsvatnet.

Hattebergvassdraga

Både Hattebergselva og Melselva er utnyttar til kraftproduksjon, sjølv om vassdraga er varig verna mot kraftutbygging. Dette er eldre reguleringar som ikkje utnyttar kraftpotensialet maksimalt.

Ved Melselva ligg det ein liten kraftstasjon (Skålaverket) på ca. kote 50, med røyrgate vest for elva opp til inntaksdammen på kote 125. I tillegg er det i drift eit mindre kraftverk (Vollakvernfall) som nyttar vatnet etter utlaup frå Skålaverket. Desse småkraftverka nyttar ei lita regulering i Myrdalsvatnet. Anlegget ligg utanfor arbeidsgrensa for verneplanen.

Muradalen kraftverk utnyttar ei fallhøgde på 160 m mellom kote 347 og 187 i Hattebergelva. Kvinnherad Energi søkte i 1998 om løyve til opprusting og utviding av Muradalen kraftverk. Den omsøkte opprustinga ville utvide slukeevna og auke årleg produksjon frå om lag 8 GWh til 26 GWh. Søkanden vart avslegen av Olje- og energidepartementet ut ifrå omsynet til nasjonale naturverdiar, men det vart gjeve løyve til utbetring av dammen i Svartavatn, eit arbeid som vart utført sommaren 2002. Samstundes endra departementet konesjonen til å vere permanent. (OED sitt avslag om utviding vart påklaga, men vedtaket vart endeleg stadfesta av Stortinget i 2003).

Saka om utviding og opprusting av dette kraftverket har vore lang og omfattande. I samband med utgreiingsarbeidet for Folgefonna nasjonalpark har ein teke utgangspunkt i at Muradalen kraftverk vil oppretthalde sin noverande produksjon og anlegg i framtida. Dei viktigaste eksisterande tekniske inngrepa som følgjer med dette (som alle ligg innanfor arbeidsgrensa) er:

- ❑ Dam Svartavatn og Prestavatn (reguleringshøgde 3,5 m kvar med magasineringvolum på hhv 5,2 og 1,2 mill. m³) med lukehus og tappekanal.
- ❑ Taubane Muradalen-Svelgjeshaug-Prestavatn.
- ❑ Røyrgate Muradalen-Svelgjeshaug.
- ❑ Inntaksdam Svelgjeshaug med tappetunnel og lukehus.
- ❑ Muradalen kraftstasjon bygning og avlaupstunnel.
- ❑ 22 kV kraftline til Muradalen kraftstasjon.
- ❑ Veg med bruer i Muradalen.

Det følger også med ein del aktivitet knytta til normal drift av anlegg og installasjonar, knytta til vedlikehald, steinrensing, kontroll og tilsyn. Aktiviteten medfører også ulike transportbehov.

Blåfalli-anlegga

Blåfalli-anlegga er bygde ut og vert drivne av Sunnhordland Kraftlag AS (SKL). Blådalsvassdraget ligg på SV-sida av Folgefonna i Kvinnherad og Etne kommunar, og renn til sjøen inst i Matrefjorden. SKL har over tid bygd ei rekke kraftverk, regulerings- og overføringsanlegg i dette vassdraget, ei utbygging som tok til i 1948. Utbygging har gått føre seg meir eller mindre kontinuerlig sidan den tid. Det vert framleis arbeidd med å utnytte ressursane i vassdraget betre.

Seinast i 2002 fekk SKL konesjon til ei intern overføring av tre nedbørsfelt frå Svelgenområdet og eitt felt ved Sandahorg til Møsevatt. Desse felte ligg innanfor arbeidsgrensa for verneplanen.

Blådalsvassdraget har eit nedbørsfelt på 165 km². I tillegg er nedbørsfeltet til Blomsterskardvatn (10,4 km²) i Londalsvassdraget (Mosneselva) overført til Blådalsvassdraget. Det er i alt bygd 6 kraftstasjonar og 9 reguleringsmagasin med



men ikkje som einskildprosjekt. Begge prosjekta gjeld overføring til eksisterande kraftverk utan nye magasin.

Eikemoelva drenerer ut i Åkrarfjorden gjennom Vetrehus og Eikemo. Elva har fleire avgreiningar. Prosjektet omfattar overføring av eit nedbørsfelt på 9,0 km² delt på 11 bekkar til Vetrusvatn via ein 4800 m lang tunnel og vidare til eksisterande overføringstunnel til Blådalsvatn. Der går vatnet til produksjon i eksisterande kraftstasjonane Blåfalli III, II og I. Det blir til saman 7 bekkeinntak (inntaksnivå frå 750-990 m o.h.), 3 kanalar (30-100 m lange) og ein mindre tunnel. Prosjektet inkluderer ein 5,5 km veg frå eksisterande anleggsveg i Blådalen opp til Tjørnadalsvatn. Vegen kan fjernast etter anleggstida. Tippmassar (155 000 m³) vert plasserte ved tunnel-tverslag. Ei 4 km lang anleggslinje frå Slettadalen til tverrslaget ved Tjørnadalsvatn kan fjernast etter anleggstida.

Produksjonen skriv seg til 71 GWh/år, og anleggskostnadane 81 mill. kr.

Overføring av Fonnvatn til Møsvatn



Fonnvatna høyrer til Guddalselva, med utlaup ved Seimsfoss i Hardangerfjorden. Guddalselva er med blant 10 vassdrag som er føreslegne verna av eit sentralt utval i samband med det pågåande arbeidet med supplering av verneplan for vassdrag.

Avlaupet frå nedbørsfelt i Fonnvatn k 1023 på 4,6 km² vert overført Møsevatn gjennom ein 1500 m lang tunnel. Tunnelen skal drivast frå påhogg ca k 1000 like nordvest for Møsevatn. Det overførte vatnet vert magasinert i Møsevatn og vil gå produktivt gjennom alle kraftstasjonane Blåfall IV-I.

Tippmasser må plasserast plasserte ved tunnelpåhogget i Blådalsvassdraget.

Eit slikt anlegg vil produsere 42 GWh/år til ein total kostnad av 29 mill. kr.

Eitrheim/Tokheimsvassdraga

Eit utbyggingsprosjekt for Eitrheim- og Tokheimsvassdraga er tidlegare handsama i Samla Plan, og vart den gongen plassert i kategori I. I 1998 utarbeidde AS Tyssefaldene førehandsmelding for utbygging, og i 1999 fastsette NVE konsekvensutgreiingsprogram etter reglane i plan- og bygningslova.

I 2002 revurderte AS Tyssefaldene sine tidlegare planar for utbygging. Dei ønskjer å søke konsesjon for dei nye planane, og har søkt om forenkla handsaming etter Samla Plan.

Utbygginga utnyttar både Eitrheim- og Tokheimsvassdraga med eit totalt nedbørsfelt på 11,4 km². Eitrheimselva er uregulert i dag. Blåvatnet (Tokheimsvassdraget) vert inntaksmagasin, og dagens regulering av dette vert oppretthalde. Øvre Kvanngrovdvatn (Eitrheimsvassdraget) vert nytt regulerings-



Fotos: Anniken Friis



Både Øvre (øvrste bilete) og Nedre Kvanngrovdvatn vil bli nedtappa dersom Eitrheimsvassdraget vert bygd ut — Øvre Kvanngrovdvatn mest med ei total reguleringshøgde på 22 m. Vassføringa i Eitrheimselva vert vesentleg redusert som eit resultat av overføringa.



magasin. Seinking skjer ved tappetunnel ut i elva ned mot Nedre Kvanngrødvatn. Tilsiget til Nedre Kvanngrødvatn vert pumpa opp i Blåvatn via driftstunnelen.

Eit mindre felt mellom Blåvatn og Øvre Kvanngrødvatn med vatn på k 1180 vert teke inn på driftstunnelen ved eit bekkeinntak. Kraftstasjonen utnyttar fallet frå Blåvatn ned til fjorden, og vert lagt i fjell på Tokheim. Avlaupsvatnet skal gå i tunnel herifrå og ut i fjorden.

Tokheimsvassdraget: Støladalen får ikkje tekniske inngrep. Dagens regulering i Blåvatn på 25 m vert oppretthalde. Vassføringa i Tokheimselva vert redusert med ca 63 % ved utlaupet i fjorden.

Eitrheimsvassdraget: Øvre Kvanngrødvatn vert regulert med 22 m (2 m oppdemming, 20 m seinking). Nedre Kvanngrødvatn får eit mindre magasin/basseng for pumpe, etablert ved om lag 2 m seinking. Vassføringa i Eitheimselva vert redusert med ca 59 % ved utlaupet i fjorden.

Vassforsyning: Industrien på Eitheim vil framleis kunne få prosessvatn ved at det vert teke avlaupsvatn frå kraftstasjonen.

Nedslagsfelt for vassforsyning til dagens vasskjelde i Tokheimselva/Blåvatn vert oppretthalde. Nedbørsfeltet vert redusert til restfeltet i Støladalen mellom Blåvatnet og ca kote 130. I tørre periodar kan ein pumpe vatn frå kraftstasjonen opp i Tokheimsbassenget.

I samband med utbyggingsplanane har ein sett på konsekvensane for dei kommunale vassforsyningsplanane dersom sprengingsarbeid skulle føre til tørrlegging av Askabekkjeldra.



Foto: Anniken Friis

Mange elvar på Vestlandet vert rekna å ha potensiale for mindre, private kraftverk som utnyttar vatnet over ein relativt kort elvestrekning. Innanfor arbeidsgrensa er det skissert planar for eit småkraftverk i Pyttelva (Fynderdalselva) ovanfor Bondhusvatnet. Vassdraget er urørt i dag.

4.4.4 Mini-, mikro- og småkraftverk

Type	Installasjonsstorleik kW
Mikrokraftverk	Under 100
Minikraftverk	100 - 1000
Småkraftverk	1000 - 10 000

Fleire grunneigarar har på sikt ambisjonar om å etablere slike kraftverk (Eikemo, Muradalalen, Reinå i Buerdalen). Det ligg likevel ikkje føre formelle planar for bygging av mini-, mikro, eller småkraftverk innanfor planområdet, men grunneigarane i Bondhusdalen har utgreidd potensialet for utnytting av Fynderdalselva i eit småkraftverk.

Småkraftverk i Fynderdalselva

Dei skisserte planane gjeld eit småkraftverk med 7 MW installasjon. Aktuelle inngrep omfattar følgjande:

- Inntaksdam nedanfor Fynderdalsvatnet, kote 570.
- Tunnel frå inntak til kraftstasjon.
- Kraftstasjon i fjell under Fynderdalelva.
- Vegutbetring frå Bondhus til Bondhusvatnet og langs vatnet fram til Fynderdalselva.
- Massedeponi. Det vert hevda at ny boringsteknologi gjer at det ikkje vil verte sprengingsmasse som må deponerast.
- Straumkabel frå kraftstasjon til Bondhus, ca 4 km.

4.5 Landbruk

For denne seksjonen er det lagt til grunn eit omfattande landbruksfagleg registreringsarbeid (Bøthner & Rolland 2003). Følgjande registreringar er kartfesta og skilt i ulike tema:

- Fulldyrka og oveflatedyrka mark.
- Innmarksbeite.
- Produktiv skog, skilt i furu-, gran- og lauvskog. I den vidare vurderinga av konsekvensar er desse areala delt i to kategoriar: Skogområde med vegutløysing i dag og skogområde utan tilkomst med veg i dag.
- Eksisterande skogsbilveggar, traktorveggar og andre permanente veggar og bruer.
- Planlagde veggar, veggar som ligg inne i hovudplan for skogsveggar.
- Permanente taubaner/løypestengrar.
- Alle bygningar, inkl. bustadhus, driftsbygningar, sel, utlør eller restar og murar etter slike, fritidshytter, gjetarbuer m.m.

Dei ulike arealkategoriene er arealberekna utifrå digitaliserte data.

4.5.1 Fulldyrka og overflatedyrka mark

Fulldyrka mark er areal som er dyrka til vanleg pløyedjupne og som kan fornyast ved pløying. Overflatedyrka mark er areal som for det meste er rydda og jevna i overflata slik at det kan haustast maskinelt. Her er fulldyrka og oveflatedyrka mark slått saman.

Tabell 9. Fulldyrka og overflatedyrka mark berørt av vern sortert på vernekategori og vernealternativ

	Alt. A daa	Alt. B daa	Alt. C daa
I landskapsvernområde	156	320	0
I nasjonalpark	164	0	0
Sum fulldyrka og oveflatedyrka mark	320	320	0

Det er seks område/dalføre med dyrka mark innanfor arbeidsgrensa:

Tabell 10: Fulldyrka og overflatedyrka mark fordelt på dei ulike områda.

Område	Fulldyrka mark daa	Overflatedyrka mark daa	Sum dyrka mark daa
Guddalsdalen	144	0	144
Muradalen	42	0	42
Ænesdalen	11	9	20
Bondhusdalen	66	0	66
Buerdalen	30	0	30
Fossasete - Liasete	18	0	18
<i>Sum</i>	<i>311</i>	<i>9</i>	<i>320</i>

Alternativa A og B berører dyrka mark. Områda Muradalen, Bondhusdalen og Buerdalen er føreslegne som landskapsvernområde i begge alternativa. Områda Guddal/Naterstad og Fossasete/Liasete inngår i nasjonalpark i alternativ A og landskapsvernområde i alternativ B.

4.5.2 Innmarksbeite

For at eit beiteareal skal kunne godkjennast som innmarksbeite i høve til føresegnar for areal- og kulturlandskapstilskot må arealet:

- vere avgrensa av permanent gjerde mot utmark.
- bestå av minst 50% nyttbare grasartar og beitetålande urter, jamt fordelt på arealet.
- ha tydeleg beitepreg.
- ha eit beitetrykk som er tilstrekkeleg stort til å hindre attgroing, men ikkje så sterkt at det fører til erosjon.
- ikkje vere større enn det som er rimeleg i høve til talet av beitedyr.
- det må gjennomførast regelbunden skjøtsel av arealet med sikte på å hindre attgroing og fremje vekst av nyttbare grasartar/urter.

I praksis vil det i dei fleste høve vere slik at innmarksbeita er tilgjengelege for bruk av traktor for spreiding av gjødsel, beitepussing, transport av materiell for vedlikehald av gjerde og anna maskinelt vedlikehald.

Tabell 11. Innmarksbeite sortert på vernekategori og vernealternativ.

	Alt. A daa	Alt. B daa	Alt. C daa
I landskapsvernområde	1023	1646	0
I nasjonalpark	623	0	0
<i>Sum innmarksbeite</i>	<i>1646</i>	<i>1646</i>	<i>0</i>

Det er fem område/dalføre med areal definert som innmarksbeite innanfor arbeidsgrensa:

Tabell 12. Innmarksbeite fordelt på dei ulike områda.

Område	Kommune	Areal innmarksbeite daa
Guddalsdalen	Kvinnherad	623
Muradalen	Kvinnherad	635
Bondhusdalen	Kvinnherad	350
Buerdalen	Odda	30
Fossasete/Liasete	Odda	7
<i>Sum innmarksbeite</i>		<i>1645</i>



Foto: Anniken Friis

Parti frå traktorvegen innover Guddalsdalen. Landbruksinteressene i planområdet er i hovudsak knytte til nedre delar av dei største dalføra kring Folgefonna, og aktiviteten er naturleg nok størst der ein har eksisterande vegutløysing.



4.5.3 Beitebruk i utmark og stølsdrift

Tabell 13. Tal beitedyr tilslutta organisert beitebruk som beitar innanfor eller tett opp mot arbeidsgrensa.

Kommune	Storfe	Sau	Geit
Kvinnherad	330	8300	240
Jondal	100	400	-
Ullensvang	-	1000	-
Odda	-	600	-
Etne	-	600	160
<i>Sum</i>	<i>430</i>	<i>10 900</i>	<i>400</i>

Desse tala gjeld beitedyr som er tilslutta organisert beitebruk, det vil seie at buskapen er med i eit organisert beitelag/sankelag. Dei fleste gardbrukarar som har dyr på utmarksbeite på Folgefonna halvøya er med i eit beitelag/sankelag, men det er og noko uorganisert beiting i somme delar av området. I dei produktive dalføra i Kvinnherad der arbeidsgrensa går langt ned i dalen er det areal med innmarksbeite og fulldyrka mark innanfor arbeidsgrensa. Her vil det i store delar av sommarhalvåret beite mjølkekyr og anna storfe, hestar og småfe som ikkje er med i organisert beitebruk.

4.5.4 Produktiv skog

Definisjon og metode

I registreringsarbeidet skal i utgangspunktet all produktiv skog vere registrert. Definisjonen på produktiv skog i skogbruks-samanheng er ein årleg tilvekst større enn 0,1m³ pr daa, samt skogsmark som ikkje er skogkledd i dag men der veksttilhøva (boniteten) er god nok. I dette registreringsarbeidet vart det ikkje utført detaljregistreringar av bonitet, volum, tilvekst osv. Registreringane byggjer på eksisterande kartdata, skogbruksplanar og synfaringar i terrenget.

I samband med konsekvensutgreiinga er skogen delt inn i to kategoriar:

- Skog med vegutløysing i dag*
Skog med vegutløysing i dag eller skog som vert tilgjengeleg med enkle, rimelige driftsveggar, og som kan drivast fram med lassberande skogstraktor, slepekøyning eller taubanar.

□ Skog utan vegutløysing

Skog som i dag ikkje er tilgjengeleg utan at det vert bygd permanente skogsbilveggar og/eller traktorveggar.

I mange av områda utan vegtilkomst i dag er truleg tømmerverdiene for låge i høve til driftskostnader til at det vil vere lønsamt å byggje veggar. Dette er område som i hovudsak består av glissen, høgareliggjande bjørkeskog eller furuskog av det ein normalt omtaler som dårleg kvalitet. Skulle det bli aktuelt å byggje veg i slike område i samband med t.d. hyttefelt, kraftutbygging el.l. og desse utbyggingsinteressene finansierer heile eller delar av vegkostnaden, vert reknestykket eit anna. Då vert skogsdrifta belasta med kun delar av vegkostnaden, og tidlegare ulønsame skogområde kan drivast økonomisk.

I dei lågareliggjande områda med større kubikkmasse pr. arealeining, i nokre tilfelle med kulturskog av gran, kan det vera lønsamt å byggje veg. Dette gjeld i første rekke område der ein kan knyte seg til eksisterande skogsvegnett.

Resultat av registreringane

Det er registrert i alt 26 869 daa produktiv skog innanfor arbeidsgrensa. Om lag 44% av dette skogarealet har vegutløysing i dag, 56% ikkje. Tabellen under viser fordeling på dei to vernekategoriene i dei tre vernealternativa. Alternativ C berører ikkje produktiv skog.

Tabell 14. Produktiv skog sortert på føreslegen vernekategori og om områda har vegutløysing i dag (Veg) eller ikkje har det (Ikkje veg). Produktiv skog inngår ikkje i alt. C og D — difor er desse ikkje inkluderte i tabellen.

	Alt. A (daa)		Alt. B (daa)	
	Veg	Ikkje veg	Veg	Ikkje veg
I landskapsvernområde	3109	850	11940	14929
I nasjonalpark	8831	14070	0	0
Sum drivbar skog	11940	14929	11940	14929

4.5.5 Bygningar

Tabell 16. Registrerte bygningar sortert etter bygningstype og vernealternativ

Byggtype	Totalt	Alt. A	Alt. B	Alt. C
Våningshus, tun	8	8	8	0
Anna bustadhus	1	1	1	0
Hus for dyr/landbruk	12	12	12	2
Garasje, uthus o.l.	2	2	2	0
Reiskapshus	8	8	8	0
Seterhus, sel	45	45	45	31
Tilsynsbu, utmarkskoie	24	24	24	23
Fritidsbygg	34	34	34	12
Naust, båthus	11	11	11	2
Turisthytte	4	4	4	4
Kraftstasjon	1	1	1	0
Lagerbygning	1	1	1	0
Sum ståande bygg	151	151	151	72
Nedraste sel, hytter o.l. eller murar etter slikt	46	46	46	46
Totalt ståande bygg og restar av bygningar	197	197	197	118



Parti frå Grønsdalsstølen i Odda.

Foto: Amliken Friis

Tabell 15. Produktiv skog (daa) fordelt på ulike treslag ved alternativ A og B.

Vernealternativ A

	Med vegutløysing i dag			Ikkje vegutløysing i dag		
	Gran	Furu	Lauv	Gran	Furu	Lauv
I landskapsvernområde	529	6	2578	116	0	735
I nasjonalpark	1470	2405	4958	126	5392	8560
Sum	1999	2411	7539	242	5392	9295
	(17%)	20%	(63%)	(2%)	(36%)	(62%)

Vernealternativ B

	Med vegutløysing i dag			Ikkje vegutløysing i dag		
	Gran	Furu	Lauv	Gran	Furu	Lauv
I landskapsvernområde	1999	2411	7536	242	5392	9295
I nasjonalpark	0	0	0	0	0	0
Sum	1999	2411	7536	242	5392	9295
	(17%)	20%	(63%)	(2%)	(36%)	(62%)

5. VERKNADER OG KONSEKVENSAAR

5.1 Naturfaglege og kulturhistoriske verdiar

0-alternativet

Dersom området ikkje vert verna, vil området bli forvalta vidare etter gjeldande lover, der plan- og bygningslova er mest sentral. Miljøvernomsyn må ivaretaast etter denne og dei andre særlovene som vil gjeld, særleg jord- og skogbrukslover, motorferdsellova, friluftsløva m.v.

Utan vern kan det på sikt bli ein lågare terskel for inngrep og aktivitetar. Det kan då bli vanskelegare å oppretthalde attverande inngrepsfrie naturområde og villmarksprega område. På lang sikt er det difor større sjanse for at landskapskvalitetar kan bli forringa og at førekomstlar eller biotopar vert øydelagde eller fragmenterte ved utbygging og annan aktivitet.

Verknader av vernealternativa

Området huser store verneverdiar. Dei mest omfattande vernealternativa (A og B) inkluderer store delar av dei registrerte verneinteressene knytta til landskap, kvartærgeologi, vegetasjon, flora, kulturminne, kulturlandskap, opplevingsverdi og friluftsliv.

Verneføremålet slik det er formulert i verneforskrifta vil vere noko ulikt i nasjonalparken og landskapsvernområda. Denne skilnaden kan bli tydeleg i den utøvande, daglege forvaltninga, særleg knytta til vurdering og tolking i samband med dispensasjonssaker, retningslinjer i forvaltingsplanen osv.

Nasjonalpark vil sikre dei biologiske og landskapsmessige kvalitetane best, då denne verneforma er strengast med omsyn til inngrep og bygging. Dei største vernemessige utfordringane er knytta til dalføra, både når det gjeld landskapet, kvartærgeologi, kulturminne, dyreliv og planteliv. Det er ein viktig kvalitet i seg sjølv å oppretthalde store, samanhengande naturområde utan vesentlege inngrep. Generelt vil det alternativet som har mest areal med nasjonalpark ivareta verneinteressene best (A).

I alternativ B er 9 av dalføra landskapsvernområde, mellom desse er Furebergdalen, Ænesdalen, Guddalsdalen og Sandvedalen som huser verneverdiar knytta til landskap, kulturminne, plante- og dyreliv samt kvartærgeologi. Eksisterande påverkingsgrad i nokre av desse områda gjer det truleg uråd å gjere framlegg om nasjonalpark her, men landskapsvern som verneform vil ha sine begrensingar i slike biotopar. Det gjeld truleg særleg for skogsdrift, der omfattande hogst i framtida og vil ha innverknad på landskapsbiletet.

I område som er mykje i bruk og der det allereie ligg mange bygningar (stølar, hytter og naust) kan ein hevde at verne-

Konsekvensar for landskap

Status					
Folgefonna har eineståande landskapskvalitetar og reknast mellom våre «nasjonallandskap», i hovudsak pga. dramatisk og vakker vassdragsnatur.				Vurdering av verdi	
Alle undersøkte dalføre er vurderte å ha nasjonalt verdifulle kvalitetar med stort mangfald og opplevingsverdi.				Landskapet har nasjonal verdi.	N, R
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Landskapsinngrep	Landskapsverdiane må sikrast gjennom PBL og anna lovverk. Dette kan føre til uheldige inngrep over tid, og perspektivet i arealforvaltninga vert meir kortsiktig.	Sikrar dei mest urørte dalføra best. Sikrar langsiktig forvaltning av landskapskvalitetane.	Opnar for visse inngrep i LVO. Meir uvisst om heilskapen i dalføra vert godt sikra i eit langsiktig perspektiv.	Vil sikre heilskapen i landskapet berre delvis, då dalbotn og skog ligg utanfor verneområdeet. Viktige landskapsverdier er dårlegare sikra.	Sikrar landskapsverdier på breen, men ikkje i lågareliggjande område med dokumenterte landskapskvalitetar.
Forvaltning	Ingen statlege midlar til oppsyn og forvaltning.	Vil gje ekstra ressursar til oppsyn og forvaltning.	Vil gje ekstra ressursar til oppsyn og forvaltning.	Vil gje ekstra ressursar til oppsyn og forvaltning.	Kan gje ekstra ressursar til oppsyn og forvaltning, men i eit avgrensa område.
Samla vurdering av konsekvensane					
Landskap	Uvisse om kor godt landskapskvalitetane vert ivaretekne over tid.	Beste alternativ for å sikre landskapsverdiane.	Meir usikkert enn alt. A, men eit godt alternativ for å sikre grunnleggjande landskapsverdier.	Vern får meir avgrensa effekt enn alt. A og B.	Vern får liten effekt samanlikna med alt. A-C.
Konsekvensgruppe	0	+++	++	+	0

Konsekvensar for flora og fauna

Status					
Folgefonnhalvøya er dominert av gneissar og granittar — harde og sure bergartar. Såleis får vi eit relativt artsfattig og nøysamt plante- og dyreliv. Likevel finst innslag av rikare lokalitetar fleire stader, og vi finn ei rekkje ulike naturtypar representert. Dei største verdiane for fuglefaunaen er knytta til område med eldre skog.				Vurdering av verdi	
				Flora og fauna er av lokal og regional verdi.	R, L
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Sikring av flora og fauna	Førekomstar vert sikra gjennom PBL og anna føreliggande lovverk.	Bidreg til ekstra sikring av plante- og dyrelivet mot negative inngrep.	Bidreg til ekstra sikring av plante- og dyrelivet mot negative inngrep.	Som alt. A-B, men viktige skogområde (som er dei viktigaste for fuglelivet) fell utanfor.	Førekomstar vert sikra gjennom PBL og anna føreliggande lovverk.
Samla vurdering av konsekvensane					
Flora og fauna	Må framleis forvaltast om LNF-område etter kommuneplanen. Kan fungere godt, men mer uvisst over tid enn alt. A-C.	Vern positivt, men neppe avgjerande for å sikre førekomstar.	Vern positivt, men neppe avgjerande for å sikre førekomstar.	Vern positivt, men får berre avgrensa effekt.	Må framleis forvaltast om LNF-område etter kommuneplanen. Kan fungere godt, men mer uvisst over tid enn alt. A-C.
Konsekvensgruppe	0	++	++	+	0

Konsekvensar for geofag

Status					
Berggrunnsgeologien på Folgefonnhalvøya er interessant, med gode demonstrasjonsområde for bergartar, dannelsingsprosessar og spor etter forvitring. Like fullt ligg fleire viktige einskildlokaltetar utanfor arbeidsgrensa for verneplanen. Her finst eit stort mangfald av landformer som vitnar om breen sin historie, samstundes som landskapet er i stadig endring. Dette gjer kvartærgeologien særst godt eigna til naturundervisning. Området har og forskingsverdi.				Vurdering av verdi	
				Alle undersøkte dalføre har nasjonal og regional verneverdi.	N, R
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Sikring av berggrunnsgeologiske førekomstar	Førekomstane vert sikra gjennom PBL og anna lovverk.	Dei mest interessante lokalitetane på halvøya er ikkje omfatta.	Dei mest interessante lokalitetane på halvøya er ikkje omfatta.	Dei mest interessante lokalitetane på halvøya er ikkje omfatta.	Førekomstane vert sikra gjennom PBL og anna lovverk.
Sikring av kvartærgeologiske førekomstar	Førekomstane vert sikra gjennom PBL og anna lovverk.	Viktige førekomstar vert betre sikra mot øydelegging og inngrep.	Viktige førekomstar vert betre sikra mot øydelegging og inngrep.	Viktige førekomstar vert betre sikra mot øydelegging og inngrep, men fleire prioriterte område ligg utanfor verneområdet.	Førekomstane vert sikra gjennom PBL og anna lovverk.
Naturinformasjon	Ingen ekstra midlar frå statleg hald.	Ekstra ressursar til forvaltning, herunder naturinformasjon.	Ekstra ressursar til forvaltning, herunder naturinformasjon.	Ekstra ressursar til forvaltning, herunder naturinformasjon, men ressurstilgangen kan bli påverka av at det verna området er mindre.	Neppe ekstra midlar frå statleg hald.
Samla vurdering av konsekvensane					
Geofag	Verneverdige førekomstar vert forvalta som LNF-område i kommuneplanen.	Betre sikring og formidling av naturkvalitetane.	Betre sikring og formidling av naturkvalitetane.	Betre sikring og formidling av naturkvalitetane, men avgrensa effekt samanlikna med alt. A-B.	Verneverdige førekomstar vert forvalta som LNF-område i kommuneplanen.
Konsekvensgruppe	0	+++	+++	+	0

Konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø

Status					
<p>Området har hatt fast busetnad frå førhistorisk tid, med langvarig utnytting av naturgrunnlaget, også i fjellet. Det finst mange minne etter støling og anna ressursutnytting gjennom fleire tusen år.</p> <p>I dalføra og på stølar finn vi verdfulle kulturlandskap og kulturmiljø knytta til tradisjonelt landbruk. Særleg har Vetrhusstølen intakt stølsmiljø med mange verdfulle element. Gjennom framleis bruk og aktiv skjøtsel har området potensiale til undervising og ulike formidlingsprosjekt.</p>	Vurdering av verdi				
	Automatisk freda kulturminne har nasjonal verneverdi. Stølsmiljø og kulturlandskap i dalføra har regional verdi.	N, R			
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Sikring av kulturminne og kulturmiljø	Førekostane vert forvalta gjennom kulturminnelova, PBL og anna lovverk.	Viktige førekostar vert ekstra godt sikra mot øydelegging og inngrep.	Dei mest interessante lokalitetane på halvøya er ikkje omfatta.	Dei mest interessante lokalitetane på halvøya er ikkje omfatta.	Førekostane vert forvalta gjennom kulturminnelova, PBL og anna lovverk.
Natur- og kulturinformasjon	Ingen ekstra midlar frå statleg hald.	Ekstra ressursar til forvaltning, herunder naturinformasjon. Potensialet kan utviklast saman med skular og reiselivsaktørar.	Ekstra ressursar til forvaltning, herunder naturinformasjon. Potensialet kan utviklast saman med skular og reiselivsaktørar.	Ekstra ressursar til forvaltning, herunder naturinformasjon. Meir avgrensa influensområde enn i alt. A-B.	Ingen ekstra midlar frå statleg hald.
Samla vurdering av konsekvensane					
Kulturminne og kulturmiljø	Ekstra midlar til heilskapleg forvaltning av natur- og kulturverdiar kan ikkje påreknast.	Betre sikring og formidling av kulturvern kvalitetane.	Betre sikring og formidling av kulturvern kvalitetane.	Betre sikring og formidling av kulturvern kvalitetane, men avgrensa effekt samanlikna med alt. A-B.	Ekstra midlar til heilskapleg forvaltning av natur- og kulturverdiar kan ikkje påreknast.
Konsekvensgruppe	0	++	++	+	0

Frå Juklavatn i på grensa mellom Jondal og Kvinnherad. Dette er det største reguleringsmagasinet i Folgefonnverka-utbygginga. Magasinkapasiteten er heile 236,0 mill. m³ og reguleringshøgda 110 m.





Folgefonna halvøya er ein av dei regionane i Noreg der dalføra inn mot breen har størst landskapskvalitetar. Ei av dei verkelege perlene ligg her ved Hildalsvatnet. Det tek litt tid for ein fjellvandrar å kome seg hit — fjellsidene er mange stader bratte og dekte av store skredurer. Områda ved Hildalsvatnet er interessante kvartærgeologisk, og er også mellom dei høgast prioriterte i botanisk samanheng kring Folgefonna. Vassdraget er i dag uregulert, men gjennomstrøyminga i Hildalsvatnet vil verte redusert dersom den planlagde overføringa av Fonnvatn til Møsevatnet vert realisert.



forma landskapsvernområde er mest tenleg. Døme på slike område kan vere Vethusstølen, Fossasete/Liasete eller Melsdalen/Myrdalsvatn.

Særleg Eikemostølen har spesiell verdi ut frå kulturmiljø og aktiv stølsdrift. Det er og viktig å ta vare på kulturminne og andre kulturspor i området rundt stølen, som utlør, slåtteeng, mjølkeplassar, vaskeplassar og andre minne etter tidlegare stølsliv. Verneforskrifta for eit landskapsvernområde kan saman med ein forvaltningsplan bli ein god reiskap til å forvalte desse verdiane.

Alle kulturminne eldre enn 1536 er automatisk freda gjennom kulturminnelova, uavhengig av vern etter naturvernlova. Det same gjeld ståande bygningar eldre enn 1650. Det kan like fullt vere ein føremon for kulturminna at dei i tillegg vert sikra i ein større samanheng, der heile landskapet vert teke vare på.

Alternativ B vil vere langt betre til å ivareta grunnleggande verneinteresser enn alternativ C. Vern etter alternativ C vil gjere at viktige kvartærgeologiske førekomstar heilt eller delvis vert liggjande utanfor verneområdet og det biologiske mangfaldet innanfor verneområdet vert generelt lågt. Dette følgjer av at store delar av dalføra må forvaltast etter dagens lovverk åleine. Det kan i neste omgang føre til at andre sektorinteresser vil opne for aktivitet i desse områda, noko som i praksis vil verke uroande og på sikt kanskje øydeleggjande for dei områda av dalføret som ligg innanfor verneområdet.

Alternativ D er lite tenleg ut frå omsynet til verneinteressene, då det som er att utelukkande er knytta til sjøve brekappa. Alle lågareliggjande område med dokumenterte verneinteresser ligg utanfor. Vernet vil ikkje omfatte overgangen og samanhengen frå fonn til fjord. Variasjonane i landskap, vassdragsnatur, biotopar og opplevingsverdi er ikkje inkludert slik dei er i dei andre alternativa. Føremålet med verneplanarbeidet vil neppe bli teke i vare gjennom eit alternativ i tråd med alternativ D.

5.2 Naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon

0-alternativet

Heile området som er med innanfor arbeidsområdet for verneplanen er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanane og vil truleg framleis ha slik status sjølv om det ikkje vert verna etter naturvernlova. Dersom kommunane er strenge i si arealforvaltning kan vilkåra for naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon bli teke i vare også utan vern. Det vil vere av verdi for kvaliteten på utøvinga av friluftslivet kva for inngrep og aktivitetar som vil bli tillate i området, og korleis områda vert forvalta når det gjeld haldning til byggetiltak, ulike naturinngrep, aktivitet og andre tilhøve som verkar inn på opplevingskvalitet. Mykje vil vere avhengig av den politiske haldninga som er til stades i dei respektive kommunane over tid.

Ein hovudskilnad mellom vern og ikkje vern er at kommunane må «forsvare» dei grønne områda i kommuneplanens arealdel kontinuerleg både gjennom løpande sakshandsaming knytta til dispensasjonssøknader o.l. og ikkje minst i samband med jamnleg revisjon av planen. Ei langsiktig forvaltning på line med situasjonen innanfor eit verneområde føreset vedvarende medvit og respekt for kvalitetane i området.

Verknader av vernealternativa

Dei mest omfattande vernealternativa (A og B) vil sikre at naturområda som vert nytta som arena for friluftsutøving i større grad er sikra mot omdisponering og inngrep enn tilhøvet ville vore utan vern. Vilråda for naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon vil vere dei beste i og med at kvalitetane i landskapet vert oppretthaldne. Gjennom ein forvaltningsplan for verneområdet vil ein kunne leggje betre til rette for desse interessene, både ved fysiske tiltak i terrenget og gjennom informasjonstiltak. Vern vil truleg betre desse vilkåra i og med at det vert stilt ekstra midlar til rådvelde til forvaltning.

Vernereglar for naturvernområde, og då særleg i nasjonalpark, set strenge reglar for bruk av motorisert transport. Det nasjonale regelverket på dette feltet (Lov om motorferdsel i utmark) er også restriktiv. Her vert reglane forvalta på eit lågare (kommunalt) nivå. Det har sine fordelar, men i delar av landet opplever lokale styresmakter eit sterkt press for å tøyse grensene i motorferdsellovgjevinga. Slikt press vil vere lettare å handtere når eit område er underlagt vern etter naturvernlova. Dette vil favorisere utøvinga av tradisjonelle friluftslivsaktivitetar — særleg etter alt. A og B, i noko mindre grad etter alt. C men faktisk også etter alt. D.

Eit verneområde på Folgefonnhalvøya vil få ringverknader for mange aktørar, og utløyse nye tiltak og initiativ. Aktørar innan friluftsliv og reiseliv vil utan tvil ha størst nytte av eit stort verneområde. Alt. D vil i den samanhengen utgjere eit minimum.

Det finst i dag lite dokumentasjon frå norske verneområde (nasjonalparkar) som viser at vern fører til auka trafikk samanlikna med ein situasjon utan vern. I Noreg er folk sikra fri ferdsel i utmark uavhengig av grunneigartilhøve og planstatus. Truleg er det andre kriterier enn berre at eit område er verna som avgjer om nordmenn oppsøker eit fint turområde eller ikkje. Utlendingar er ikkje like vane med fri ferdselsrett i utmark, og vil difor truleg oppsøke verna område i større omfang.

Spørsmålet er likevel om omfanget av utanlandske turistar vil auke etter eit eventuelt vern. I dag kjenner vi lite til dette. I alle høve vil grad av marknadsføring, tilrettelegging og informasjon bidra til å kanalisere ferdsel og besøk. Dette vil ein kunne få til også utan vern dersom det vert stilt ressursar til rådvelde.

På lengre sikt vil ein ikkje kunne utelukke at vern vil bidra til auka trafikk ved spesielle utfartspunkt. Dette kan skape problem knytta til terrengslitasje, øydelegging av viktige biotopar og sårbare naturområde, uroing av beitedyr eller andre konfliktar med landbruk eller lokal næringsutøving.

Den største effekten av vern kan likevel vere at det vil hindre større irreversible naturinngrep frå andre samfunnsinteresser, til dømes knytta til kraftutbygging, vegbygging og anna. Hovudtanken bak naturvernet er nettopp å sikre den urørte naturen, og dette vil utelukke større tiltak og inngrep innanfor verneområdet.



Foto: Anbjørn Høvik

Frå ein skitur på Folgefonna i mai 2000. Fonna er ein attraktiv stad for folk som vil gå langrenn utover våren. Det gjeld ikkje berre områda der sommarskisenteret kan nyttast som eit utgangspunkt.

Konsekvensar for naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon

Status					
Folgefonnhalvøya har store kvalitetar knytta til naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon. Særleg gjeld dette storslagen vassdragsnatur, fossefall og overgangar frå fjord til fonn. Regionen har lange tradisjonar innan turisme.				Vurdering av verdi	
				Området har verdi både i nasjonal, regional og lokal samanheng	N, R, L
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Vilkår for naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon	Landskapsverdiane må sikrast gjennom PBL og anna lovverk.	Strenge verneføresetnader sikrar mot øydeleggjande inngrep.	Sikrar grunnleggjande landskapskvalitetar, men er mindre strengt mot ein del moglege inngrep og aktivitetar.	Sikrar grunnleggjande landskapskvalitetar, men er mindre strengt mot ein del moglege inngrep og aktivitetar.	Vil ikkje sikre landskapet særskilt utanom sjølve breen.
	Vil ikkje sikre området fullgodt mot større inngrep og planar frå «storsamfunnet» over tid.	Vern kan tilføre ekstra midlar til tilrettelegging og informasjon.			Kan bidra til å regulere motorferdsle i verneområdet.
Samla vurdering av konsekvensane					
Landskap	Langsiktig sikring av vilkår for naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon kan bli lågare prioritert av styresmaktene.	Strengt vern er positivt. Beste alternativ for langsiktig sikring av naturkvalitetane.	Vil sikre grunnleggjande landskapsverdiar i kjerneområdet, men på sikt noko meir usikkert enn alt. A.	Vil sikre grunnleggjande landskapsverdiar i kjerneområdet, men på sikt noko meir usikkert enn alt. A.	Avgrensa positiv effekt.
Konsekvensgruppe	0	+++	++	++	+

5.2.2 Fritidshytter

0-alternativ

Bygging av nye fritidshytter er utelukkande underlagt plan- og bygningslova ved eit 0-alternativ. Slik situasjonen er i dag, er ikkje dette eit stort problem ettersom dei aktuelle kommunepanane har forbod mot bygging utan til stadbunden næring i LNF-områda. Mest truleg vil det aller meste av arealet innan arbeidsgrensa også vere LNF-område i framtida, så det mest realistiske er at dagens restriktive praksis på dette feltet held fram. Over tid kan det likevel hende at det vert gjeve nokre byggeløyve i desse områda.

Verknader av vernealternativa

Nye hytter: Verneforskrifta i nasjonalpark og landskapsvern-område opnar ikkje for nybygg av fritidshytter eller båthus. Kommuneplanane set forbod mot slik bygging utan til stadbunden næring i LNF-områda. Etter lovverket er landbruksbygg meldepliktige, medan det må søkjast om andre bygg. Lova opnar ikkje for attreising av nedraste stølsbygg som skal nyttast som hytte. Slik bygging vil ikkje vere tillate utan dispensasjon. Slik sett skulle vern ikkje få spesiell verknad på dette feltet.


Ein del stølshus vert nytta både som fritidsbustad forutan ved tilsyn av beitedyr. Spørsmålet kor streng praksis kommunane faktisk har når det gjeld vurdering av kva som er meldepliktige landbruksbygg, og kva ein må søke om.

Dersom området vert verna, vil landbruksbygg bli vurderte i ein større samanheng, der og omsynet til verneinteressene blir vektlagt. Verneforskrifta vil opne for å reise bygningar som er naudsynte i samband med landbruksnæring, men sjølv sakshandsaminga vil kunne bli meir omfattande enn den som gjeld utan vern. Forvaltningsplanen kan verte eit viktig styringsreiskap for slike saker.

Framtidig behov: Turlaga som opererer i området har i dag ingen planar for utviding eller auke av kapasitet på hyttene. Vanleg vedlikehald vil vere tillate etter verneforskrifta.

Dei fleste som har privat hytte i området ønskjer å halde ein nøktern og tradisjonell stil knytta til hyttebruken. Nokre har ønskje om mindre utviding eller påbygging for å heve standarden. Nokre ønskjer dessutan å byggje naust/båthus.

Foto: Anniken Friis



Stølsbus på Grøndalsstølen i Odda. Etter kvart som dei fleste stølane i området har gått ut av drift, vert bygningane no nytta som fritidsbustad. I ein nasjonalpark vil det bli stilt ekstra krav til m.a. utforming ved søknad om utviding og/eller restaurering av eksisterande bygg.

Verneforskrifta både for nasjonalpark og for landskapsvern-område opnar for at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til mindre påbygging og utviding på eksisterande bygningar, så lenge det skjer i tråd med tradisjonell byggeskikk. Dette er eit tema som vi bli omtalt i ein framtidig forvaltningsplan for verneområdet. Forvaltningsplanen vil presentere mål om korleis ein kan oppretthalde gamle stølsmiljø og byggeskikk. Ut frå dette vil ein kunne tilrå byggjestil, materialbruk, etc.

Ein kan altså legge til grunn at mindre påbyggingar som ikkje bryt med retningslinene i forvaltningsplanen, og som ikkje fører inn nye og framande element til eksisterande bygningsmasse eller i stølsmiljø vil bli tillate. Oppsetjing av nye naust/båthus vil i utgangspunktet vere utelukka, men kvar ein skild sak må vurderast ut frå retningslinene i forvaltningsplanen.

Sikringsbuer: Ut frå karakteren og bruken av slike bygg vil det ikkje vere aktuelt med utviding. Verneforskrifta vil opne for vanleg vedlikehald av dei buene som ein framleis ønskjer å ha i området. Gjennom forvaltningsplanen kan det vere aktuelt å foreta ein nærare gjennomgang av bygningsmassen og vurdere om nokre av desse på sikt bør fjernast. Utgangspunktet for ei slik vurdering kan vere at dei ikkje er i bruk eller står til nedfalls.

Sakshandsaming knytta til fritidshytter: Oppretting av verneområde vil føre til at forvaltingsstyresmakta for verneområdet skal handsame saka etter naturvernlova i tillegg til kommunen si handsaming etter plan- og bygningslova. Vern vil såleis føre til at eit ekstra forvaltningsledd kjem inn i slike saker. I praksis vil forvaltingsstyresmakta syte for at handsaminga vert samordna slik at søkjar i minst mogleg grad vil oppleve eit ekstra byråkratisk ledd. Det er likevel realistisk å rekne med at handsaminga normalt vil kunne ta noko lengre tid enn tilfellet ville vore utan vern.

Vern etter alternativ A og B omfattar størst areal og flest potensielle byggesaker. Alternativ C vil i praksis omfatte færre saker, då dalføra i større grad ligg utanfor verneområdet. Eit vern etter alternativ D vil i praksis ikkje skilje seg frå 0-alternativet.

5.3 Reiseliv/turisme

Det vert for tida arbeid med å utvikle ein politikk for miljøbasert, turistmessig bruk av våre fjellområde (St.prp nr 65, 2202-2003). Regjeringa ønskjer å utvikle ein miljøbasert og miljøtilpassa næringsverksemd og turisme i fjellet, der ein tek vare på natur- og kulturhistoriske kvalitetar, ikkje minst i verneområda. Utfordringa er å utvikle verksemder som både tek vare på verdiane i verneområdet og tilbyr turistane eit produkt med høg kvalitet og resulterer i verdiskapning i lokalsamfunna.

0-alternativet

0-alternativet er vanskeleg å konkretisere i dette høvet. Området sitt potensiale for reiseliv og turisme vil vere det same som det lenge har vore, men korleis potensialet kan utnyttast vil langt på veg vere opp til lokale/regionale tiltak og marknadsføring. Slik marknadsføring og ein evt. auka turisttrafikk som eit resultat er ikkje i motstrid til verneinteressene, men ressursane som vert lagt ned i slikt arbeid vil kome frå dei same kjeldene som før.

Verknader av vernealternativa

Eit grunnleggjande spørsmål er om opprettinga av nasjonalpark og landskapsvern-område vil føre til at det kjem fleire

Konsekvensar for fritidshytter

Status					
Eksisterande stolar, fritidshytter, sikringsbuer og turlagshytter i området har enkel hyttstandard. Eigarane ønskjer rom for vanleg vedlikehald, mindre påbygningar/utvidingar, men innanfor dagens praksis knytta til tradisjonelt friluftsliv.				Vurdering av verdi	
				Turlagshytter har lokal og regional verdi. Fritidshytter og stolar har lokal verdi.	R, L
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Nybygg/ byggetiltak	Kommunen har forbod mot bygging i LNF-områda, utan til stadbunden næring. Det er likevel mogleg at det over tid vert gjeve dispensasjon til nokre nybygg.	Forbod mot bygging, kommunen kan ikkje dispensere frå kommuneplanen. Sakshandsaming for meldepliktige landbruksbygg vert meir lik andre bygg, men verneforskrifta kan opne for naudsynte bygningar.	Forbod mot bygging, kommunen kan ikkje dispensere frå kommuneplanen. Sakshandsaming for meldepliktige landbruksbygg vert meir lik andre bygg, men verneforskrifta kan opne for naudsynte bygningar.	Forbod mot bygging i verneområdet, kommunen kan ikkje dispensere frå kommuneplanen.	Kommunen har forbod mot bygging i LNF-områda, utan til stadbunden næring. Det er likevel mogleg at det over tid vert gjeve dispensasjon til nokre nybygg.
Påbygging og vedlikehald av fritidshytter	Kommuneplan og byggesakshandsaming vil regulere tiltak.	Det vil bli sett vilkår til materialbruk og byggeskikk gjennom forvaltingsplan. Noko lenger saks-handsamingstid må påreknast.	Det vil bli sett vilkår til materialbruk og byggeskikk gjennom forvaltingsplan. Noko lenger saks-handsamingstid må påreknast.	Det vil bli sett vilkår til materialbruk og byggeskikk gjennom forvaltingsplan. Færre saker enn etter alt. A og B då verna areal er mindre.	Kommuneplan og byggesakshandsaming vil regulere tiltak.
Samla vurdering av konsekvensane					
Fritidshytter	Ingen konsekvensar.	Vern får små konsekvensar.	Vern får små konsekvensar.	Vern får få/ingen konsekvensar.	Vern får ingen konsekvensar.
Konsekvensgruppe	0	-	-	0	0

Konsekvensar for reiseliv/turisme


Status					
Det finst eit variert reiselivstilbod på Folgefonnhalvøya, og mange har tankar om framtida. For fleire aktørar er lønsemda dårleg, og næringa i Hardanger har stagnert eller vist nedgang. Folgefonn SommarSkisenter er eit fyrtårn for trening innan skisport, for skituristar og andre tilreisande som vil opp til sjølve breen. Landbruksnæringa har utvikla ein del tilbod som tilleggsnæring, knytta til bruk av stolar, opplevingsturar, laksepark o.a.				Vurdering av verdi	
				Viktig næring i regionen, med potensiale for utvikling.	N, R, L
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Reiselivsnæringa på Folgefonnhalvøya	Regionen vil utvikle vidare reiselivsprodukt utan vern. Kvalitetane i området gir uansett stort potensiale.	Auka marknadspotensiale for reiselivsaktørar.	Auka marknadspotensiale for reiselivsaktørar.	Auka marknadspotensiale for reiselivsaktørar.	Auka marknadspotensiale for reiselivsaktørar.
Samla vurdering av konsekvensane					
Reiselivsnæringa på Folgefonnhalvøya	Vanskelegare å utnytte potensialet utan vern.	Vern positivt for næringa.	Vern positivt for næringa.	Positiv konsekvens, men meir avgrensa enn meir omfattande vernealternativ.	Positiv konsekvens, men meir avgrensa enn meir omfattande vernealternativ.
Konsekvensgruppe	0	++	++	+	+

turistar til området. Det er ikkje gjort mange undersøkingar omkring dette i vårt land. Ein må i stor grad basere seg på generell kunnskap og undersøkingar med viss overføringsverdi, der i alle fall ein del moment vil vere relevante.

Generelt er det ikkje automatikk i at det kjem fleire tilreisande fordi om det vert etablert ein nasjonalpark i eit område. Visse trender viser at det er potensiale for næringa både med og utan nasjonalpark.

Tilreisande og andre vil sjå på nasjonalpark som eit kvalitetsstempel når det gjeld naturoppleving og uskipla natur, og vil assosiere nasjonalpark med noko positivt. Vernet gir ein merkelapp og ei stadfesting av at landskapet er særmerkt og har spesiell verdi. Turar i parken gir høve til rekreasjon og oppleving i eit unikt landskap. Sjølv om landskapet skulle vere det same også utan vernestatus, vil mange oppleve av vernet er med å auke opplevingskvaliteten.

Foto: Anniken Friis




Einaste staden i planområdet det har vore mogleg å inkludere naturmiljøet heilt frå fjord til fjell utan å møte uakseptable naturinngrep i naturvernsamanheng er i Mosneselva. Dette er såleis einaste staden ei lakseførande elv er omfatta av verneframlegget for Folgefonna. Nedre del av Mosneselva er rett nok ikkje mellom våre viktigaste anadrome elvestrekningar, men det er fullt mogleg å få fin fangst her!

Foto: Anniken Friis



Turistvegen mot Holmaskjer, her eit parti frå Tokheimsskardet i Støladalen. Delar av denne vegen er opparbeidd til ridesti. Turistvegen er ein del av Keisarvegen frå Bondhus til Odda. Det ligg føre initiativ til å restaurere Keisarvegen også frå Bondhus-sida.



Ei undersøking frå Sjødalen (som er innfallsport til Jotunheimen nasjonalpark) viser at nasjonalparken hadde ein positiv effekt på turistverksemdene i randssona (Teigland 2002). Fjellvandrarar som såg nasjonalparken som ein hovudattraksjon kombinerte naturopplevinga inne i parken med kortvarige opphald i randsona. Likevel synt det seg at berre nokre få nytta kommersiell overnatting i randsona til nasjonalparken. Dei fleste overnatta privat eller på hyttene til turistlaga.

Det er gjort fleire undersøkingar som viser at ein ikkje bør rekne med at bilturistane kjem for å sjå naturvernområde. Naturen og opplevinga av den vert i stor grad ein avstands- eller «kulisseoppleving», noko dei ser frå bilvindauget. Dei bilturistane som utøvar friluftsliv tek som oftast berre ein kort tur til fots, og vil ikkje opphalde seg særleg lenge i området sjølv om her er nasjonalpark (Teigland 2002).

Når det gjeld jakt- og fisketurisme meiner ein at det er avgrensa trong for kommersiell overnatting. Dei fleste bur i private hytter eller sel og leiger berre jaktløyvet. Det synes som om det kan vere ein avgrensa marknad for utleige av overnatting og løyve til jaktlag (Teigland 2002). Det er ikkje klart om jegerar skil mellom jakt i nasjonalpark og jakt i utmark elles, og om eit verneområde vil vere meir attraktivt jaktterreng.

Teigland viser til eit studium som syner at det enno ikkje er eit utbreidd marknad for opplevingspakkar for individuelle turistar. Dei aller fleste turistane føretrekk å klare seg sjølve når dei ferdast i naturen.

Ser ein på framtida for småskala turisme kan det likevel tyde på ein auka interesse for individuelle opplevingspakkar. Visse einskildstudier viser at det har vore ein sterk vekst i omsetjinga av til dømes brerelatert turistaktivitet.

Nasjonalpark eller landskapsvernområde i marknadsføring

Å ha nasjonalparkstatus på størst mogleg del av verneområdet vil vere viktig i marknadsføring av verneområdet, kanskje særleg i internasjonal samanheng. Omgrepet nasjonalpark er innarbeidd i internasjonal språkbruk og gir assosiasjonar om eit område med store kvalitetar. Omgrepet landskapsvernområde er derimot mindre kjent, og dei fleste vil ha meir diffus kunnskap om denne verneforma. Namnebruken varierer i ulike land avhengig av lovverk og verkemiddel, mange vil ha med omgrep som *protected landscape* eller *cultural landscape*. Ut frå dette er nasjonalpark lettare å marknadsføre.

Potensialet ved oppretting av nasjonalpark på Folgefonnhalvøya

Nasjonalparkane i Noreg fell grovt sett i to hovudgrupper: Den eine er dei nasjonalparkar som har som siktemål å både sikre store område med urørt natur og samstundes sikre ålmenta sin tilgang til å drive friluftsliv og rekreasjon. I den andre gruppa nasjonalparkar har omsynet biologisk mangfald, som å sikre leveområde for særleg truga og sårbare artar fått høgast prioritet (St.prp. nr 65, 2002-2003).

Folgefonna vil falle inn under den første gruppa nasjonalparkar, som i utgangspunktet truleg vil tåle ein del turistmessig bruk utan at sårbar natur vil bli øydelagt.

Oppretting av nasjonalpark kan virke svært positivt for reiselivet i regionen. Likevel er dette mykje avhengig av korleis næringa nyttar det potensialet som ligg i å få ein nasjonalpark.

Bondhusbreen er den av bre-armane på Folgefonna som er lettast å få oppleve for folk flest. Saman med Bondhusvatnet har området udiskutable landskapskvalitetar. Dette er eit område det bør vere mogleg å utvikle tilleggsnæringar i lokalsamfunnet vidare.




Foto: Anniken Friis

Når ein ser på trendene om korleis ein ventar seg utviklinga av reiselivet, ser vi at folk ønskjer opplevingar med naturen som ramme, og dessutan gjerne vil sprengje eigne grenser. Folgefonnhalvøya har både fjord, fjell, is, vakker natur og dramatisk og skiftande vær. Her er mange naturlege føresetnader for å dra til seg turistar og reisande. Stølar og hytter i vakre omgjevnader, aktivitetar i landskapet, turar og oppleving gjer at mykje ligg til rette for at næringa skal få vekst.

Suksessfaktorar for næringa sin del er avhengig av marknadsføring og produktutvikling. Det er viktig at reiselivsaktørane utviklar eit samarbeid slik at heile regionen i større grad kan stå fram med eit felles produkt med eit variert og godt tilbod. Turistar kjem uansett ikkje til eit område utan kunnskap. Dei må kjenne til dei kvalitetar ein har å by på.

Utfordringa for næringa er å bidra til ei berekraftig utvikling som gagnar reiselivet og samstundes tek vare på naturgrunnlaget og ressursane som er trekkmiddelet til regionen og næringa. Reiselivsverksemdene må vakte seg for å leggje for mykje vekt på at alt skal vere tilgjengeleg og tilrettelagt. Det vil kunne råke den urørde naturen og den ekte opplevinga og eksklusiviteten som mange turistar søkjer.

Reiselivsaktørane kan bidra til dette ved å ha eit godt utvikla samarbeid med forvaltingsstyresmakta for verneområdet. Slik kan oppretting av nasjonalpark på Folgefonnhalvøya bli eit godt grunnlag for reiselivet og gjere at næringa vil kunne skilje seg ut blant andre aktørar i regionen/fylket.

5.3.1 Tilleggsnæringar i landbruket

0-alternativet

Landbruket må heile tida tilpasse seg press frå marknadskrefter og vedtak som følgjer av handel, samkvem og endra samfunnstilhøve. Dette vil måtte skje uavhengig av eit vernevedtak for Folgefonna. I den grad dette fører til ønske om å utvikle nye tankar som tilleggsnæring i landbruket og dette heilt eller delvis omfattar areal innanfor arbeidsgrensa for verneområdet, vil det i mange tilfelle vere uproblematisk og kan utviklast utan at natur vert særskilt verna på Folgefonnhalvøya. Det er uproblematisk så lenge ein konsentrerer

inngrep og tyngre aktivitet til randområda utanfor arbeidsgrensa, og heller nyttar dette som utgangspunkt for tidsavgrensa miljøvenleg aktivitet innanfor.

I tilfelle der tilleggsnæring legg opp til inngrep og infrastruktur innanfor arbeidsgrensa, er det grunn til å tru at dette fleire stader lettare kan realiserast etter dagens lovverk og praksis, utan særskilt vern etter naturvernlova. Tiltak *treng* ikkje vere i motstrid til verneinteressene, men *kan* vere det — avhengig av tiltaket sin karakter og målsetjing. Men ein kan like gjerne tenke seg eit scenario der den generelle samfunnsutviklinga vil gjere utvikling av slike tilleggsnæringar generelt vanskelegare, men at nettopp merksemda som kan følgje med ein nasjonalpark kan gje avgjerande bidrag til å gjere tilleggsnæringar som kan knyttast opp mot sentrale naturvernkonsept levedyktige.

Verknader av vernealternativa

Oppretting av nasjonalpark og landskapsvernområde kan skape eit ekstra potensiale for aktørar som driv eller vil utvikle reiselivsrelatert tilleggsnæring til landbruket. Det avgjerande vil vere kva for aktivitet som er aktuell, og om det vert planlagt innanfor eller utanfor vernegrensene. Verknadene av vernevedtaket vil slå ulikt ut for inngrep/byggeværksemd og aktivitetar/utvikling av opplevingspakkar.

Vern set i utgangspunktet forbod mot ny byggeværksemd innnan verneområdet, til dømes etablering av nye overnattingsplassar og tyngre infrastruktur. Bygg i samband med reiseliv/tilleggsnæring til landbruket er heller ikkje å sjå på som del av stadbunden næring .

Mindre tiltak (tilrettelegging) skal i dag byggemeldast på vanlig måte. Vern vil gje ein høgare terskel for å tillate slike inngrep, og den konkrete vurderinga av kvar sak kan slå ulikt ut i landskapsvernområde og nasjonalpark. Slik sett vil alternativ B truleg framstå som det mest attraktive for ein reiselivsaktør som vil leggje til rette for tiltak som del av eit småskala reiselivsprodukt.

Organisert ferdsel og aktivitetar for større grupper kan regulerast i begge typar verneområde (og vil ofte bli det), men gjennom forvaltningsplanen vil ein kunne styre ferdsel og

Konsekvensar for tilleggsnæring i landbruket

Status					
Det er utvikla ein del verksemdar knytta til landbruksnæringa på Folgefonnhalvøya, som utleige av hytter, utsal av gardsmatprodukt, servering og opplevingsturar. Fleire offentlege planar og strategidokument er utvikla tiltak med sikte på å vidareutvikle regionen i denne samanhengen. I forprosjektet <i>Berekraftig næringsutvikling i lokalsamfunna</i> vert det teke eit initiativ for å samordne planar og satsing på berekraftig næringsutvikling innan naturressursar og kultur.					Vurdering av verdi
					L
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Nybygg/etablering av ny infrastruktur	Evt. bygging/restaurering må skje etter dispensasjon frå kommuneplan. Dette kan gje nye inngrep over tid, avhengig av kommunal praksis. På sikt kan noko av grunnlaget for grønturisme slik bli redusert.	Vern vil setje forbod mot nybygg eller etablering av ny infrastruktur i verneområdet. Kommunen vil ikkje kunne dispensere frå kommuneplanen til denne type tiltak.	Vern vil setje forbod mot nybygg eller etablering av ny infrastruktur i verneområdet. Kommunen vil ikkje kunne dispensere frå kommuneplanen til denne type tiltak.	Forbod mot nybygg og restaurering av nedraste stølsbygg, som i alt. A-B. Kan føre til nye inngrep over tid, avhengig av kommunal dispensasjonspraksis. Evt. løyve utanfor verneområdet må skje gjennom dispensasjon frå kommuneplanen.	Forbod mot nybygg og restaurering av nedraste stølsbygg, som i alt. A-B. Kan føre til nye inngrep over tid, avhengig av kommunal dispensasjonspraksis. Evt. løyve utanfor verneområdet må skje gjennom dispensasjon frå kommuneplanen.
Mindre tilretteleggingstiltak	Vert regulert gjennom kommuneplan og byggesakshandsaming.	Forvaltingsplan kan opne for mindre tiltak i verneområdet. Nasjonalparkforvaltninga kan verte medaktør saman med lokale krefter.	Forvaltingsplan kan opne for mindre tiltak i verneområdet. Noko større handlingsrom enn i Alt. A då meir areal er LVO. Nasjonalparkforvaltninga kan verte medaktør saman med lokale krefter.	Evt. tiltak vil vere mest aktuelle utanfor verneområdet. Dei vert då regulerte gjennom kommuneplan og byggesakshandsaming. NP-forvaltninga mindre aktuell som medaktør.	Evt. tiltak vil vere mest aktuelle utanfor verneområdet. Dei vert då regulerte gjennom kommuneplan og byggesakshandsaming. NP-forvaltninga mindre aktuell som medaktør.
Opplevingspakkar, informasjonsformidling	Kan ikkje nytte NP i marknadsføring.	Aktivitet med naturvenleg profil vil truleg verte tillate. Forvaltingsplanen vil setje rammene.	Aktivitet med naturvenleg profil vil truleg verte tillate. Forvaltingsplanen vil setje rammene.	Færre attraktive og interessante område ligg innanfor verneområdet.	Færre attraktive og interessante område ligg innanfor verneområdet.
Samla vurdering av konsekvensane					
Tilleggsnæring i landbruket	Næringa må utvikle seg utan ein potensiell medaktør, som på rette vilkår kan bidra til å styrke utvikling av tilleggsnæring.	Positivt for miljøtilpassa næringsliv. Negativt for aktørar med ønskje om bygge- og tilretteleggingstiltak innanfor vernegrensene.	Positivt for miljøtilpassa næringsliv. Negativt for aktørar med ønskje om bygge- og tilretteleggingstiltak innanfor vernegrensene. Truleg beste alternativ.	Mindre attraktivt enn Alt. A og B.	Mindre attraktivt enn Alt. A og B.
Konsekvensgruppe	0	+	++	+	+

avgrense dette til former med minst mogleg konflikt med sårbar natur. Det kan vere høve til å utvikle visse tilbod i reiselivssamanheng dersom desse har ein miljøvenleg profil, opererer godt innanfor verneføremålet og ikkje øydelegg naturverdiar eller er eit trugsmål mot ålmenta sin bruk av området.

Arbeidet med ein forvaltningsplan for verneområdet vil kunne peike ut område der ein ønskjer ei viss «oppgradering», til dømes for å framheve kulturminne, kulturhistorie, spesielle biotopar eller geologisk interessante område. Dette kan då bidra til å opne opp nokre område der det vert utvikla opplevingspakkar og andre reiselivsprodukt av denne typen.

5.3.2 Folgefonn SommarSkisenter

0-alternativet

Rammene for dagens drift av sommarskisenteret er lagt av gjeldande reguleringsplan og motorferdsellova. Det er ønske om utvida drift, m.a. i form av forlenging av skitrekke. Dette kan gjerast gjennom ny reguleringsplan, då med nye reguleringsgrenser. Dette vil måtte handsamast på vanleg vis etter gjeldande regelverk, framfor alt plan- og bygningslova. Drifta ved skisenteret er viktig for Jondal kommune og fleire lokale aktørar, og det er grunn til å tru at det vil verte lagt ned sterkt engasjement for å utvikle skisenteret dersom det synest å vere økonomisk grunnlag for det.

Ein evt. ny reguleringsplan skal handsamast av kommunen, men også av andre organ. Omsyn til naturvern- og friluftslivsinteressene vil uansett bli viktige gjennom denne handsaminga. Skisenteret vil truleg ha nytte av å kunne marknadsføre seg saman med ein nasjonalpark, dersom ikkje dette legg sterke føringar på drifta som gjer at aktiviteten må avgrensast i slik grad at økonomien ved anlegget vert råka. På den andre sida vil det vere ein spesiell situasjon dersom ein skal lage ein reguleringsplan som heilt eller delvis går inn i ein nasjonalpark.

Verknader ved vernealternativa

Innanfor rammene av eksisterande reguleringsplan vil sommarskisenteret kunne drive vidare som i dag. For mange av dagens kundar til sommarskisenteret vil det truleg ikkje vere viktig om det ligg ein nasjonalpark i området. Dei kjem for å stå på ski, og vil primært oppsøkje området ut frå ønske om å nytte snøen til sine aktivitetar. Dersom nasjonalparken vert ei hindring for å få utvikle eit betre tilbod, vil dei truleg ikkje sjå positivt på nasjonalparken.

Sommarskisenteret har sett for seg ei utviding av løypetraseen opp til 1600 m o.h. med eit mindre, mobilt anlegg. Vurdert ut frå verneføremål og vernereglane i ein nasjonalpark er dette problematisk, då etablering av anlegg og aktivitetar knytta til skitrekke (køyring av trakkemaskinar m.v.) lett kan




Foto: Anniken Friis

Frå øvste del av skitrekke ved Folgefonn SommarSkisenter. Dersom skitrekke skal forlengast, vil toppunktet ligge på om lag 1600 m o.h. i staden for 1450 m o.h. som no.

bli i konflikt med vernet. Sjølv skitrekke kan kanskje vere råd å diskutere, all den tid dette kan sjåast på som eit reversibelt inngrep som kan fjernast utan varige spor i terrenget dersom det skulle bli aktuelt. Ein del mogleg aktivitet direkte og indirekte knytta til dagleg drift av anlegget vil vere meir problematisk i ein nasjonalpark. Dette gjeld samtlige vernealternativ A-D.

For å unngå denne konflikten kan ein tenke seg at skitrekke vert forlenga og grensa for verneområdet går ovanfor den aktuelle løypetraseen. Forlenging kan skje ved at reguleringsplanen vert utvida gjennom vanleg handsaming etter plan- og bygningslova. Dette kan vere eit godt alternativ for sommarskisenteret. Ein konsekvens av at aktivitetane til sommarskisenteret vert flytta høgare opp på breplataet er mellom anna at areal med inngrepsfri natur og vilkår for opplevingsverdi blir redusert. Denne problemstillinga vil og vere aktuell i debatten dersom området ikkje vert verna (0-alternativet) og det vert sett i gang arbeid med reguleringsending.

Langrennsløype: Opparbeiding og drift av langrennsløypene i området føreset som i dag løyve etter motorferdsellova.

Slett ikkje alle som køyrer opp til Folgefonn SommarSkisenter gjer det for å stå på ski. Ein del vil berre sjå seg om, og utsikta er verdt turen i seg sjølv. Her eit oversiktsbilde over Øvre Krossdalen i Jondal, sett frå nærrområda til sommarskisenteret.



Foto: Anniken Friis

Konsekvensar for Folgefonna SommarSkisenter

Status					
Sommarkisenteret er viktig for reiselivet i regionen, med potensiale for vidareutvikling.		Vurdering av verdi			
		Senteret sitt tilbod vert primært nytta av kundegrupper i regionen, men som treningsområde for aktive har det nasjonal verdi.			N, R, L
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Utvikling av skitrekke og langrennsløype	Forlenga skitrekke må reguleraast gjennom utvida reguleringsplan jf. PBL. Problemstillingar omkring urørt natur vil bli reist også om det ikkje kjem NP, men utviding kan bli lettare å få til. Evt. forlenging av langrennsløype må handsamast etter motorferdsellova.	Vil hindre forlenging av skitrekke ut over dagens reguleringsgrense. Beste løysing til gunst for senteret vil truleg vere å justere verne-grensa. Etablering og drift av utvida langrennsløype vil kunne tilpassast verneområdet gjennom forvaltingsplanen.	Vil hindre forlenging av skitrekke ut over dagens reguleringsgrense. Beste løysing til gunst for senteret vil truleg vere å justere verne-grensa. Etablering og drift av utvida langrennsløype vil kunne tilpassast verneområdet gjennom forvaltingsplanen.	Vil hindre forlenging av skitrekke ut over dagens reguleringsgrense. Beste løysing til gunst for senteret vil truleg vere å justere verne-grensa. Etablering og drift av utvida langrennsløype vil kunne tilpassast verneområdet gjennom forvaltingsplanen.	Vil hindre forlenging av skitrekke ut over dagens reguleringsgrense. Beste løysing til gunst for senteret vil truleg vere å justere verne-grensa. Etablering og drift av utvida langrennsløype vil kunne tilpassast verneområdet gjennom forvaltingsplanen.
Informasjon/nasjonalparksenter	Evt. naturinformasjon må etablerast av andre aktørar enn eit nasjonalparksenter.	Skisenteret vil truleg bli eit lokalt informasjonspunkt for nasjonalparksenteret. Oppgåvene tiltek med storleiken av verneområdet.	Skisenteret vil truleg bli eit lokalt informasjonspunkt for nasjonalparksenteret. Oppgåvene tiltek med storleiken av verneområdet.	Skisenteret vil truleg bli eit lokalt informasjonspunkt for nasjonalparksenteret. Oppgåvene tiltek med storleiken av verneområdet.	Skisenteret vil truleg bli eit lokalt informasjonspunkt for nasjonalparksenteret.
Samla vurdering av konsekvensane					
Utvikling av skitrekke	Realisering av nye planar krev berre «ordinær» prosess.	Tilbod til visse kundegrupper kan bli vanskelegare å utvikle.	Tilbod til visse kundegrupper kan bli vanskelegare å utvikle.	Tilbod til visse kundegrupper kan bli vanskelegare å utvikle.	Tilbod til visse kundegrupper kan bli vanskelegare å utvikle.
Konsekvensgruppe	0	-	-	-	-
Nasjonalparksenter	Ein potensiell ekstra dimensjon i marknadsføringa av skisenteret og Jondal kommune for øvrig vil utgå.	Positivt å bli ein del av nasjonalparksenteret. Eksistensen av NP kan nyttast i marknadsføring.	Positivt å bli ein del av nasjonalparksenteret. Eksistensen av NP kan nyttast i marknadsføring.	Positivt å bli ein del av nasjonalparksenteret. Eksistensen av NP kan nyttast i marknadsføring.	Positivt å bli ein del av nasjonalparksenteret. Eksistensen av NP kan nyttast i marknadsføring.
Konsekvensgruppe	-	+	+	+	+

Verneforskrifta i ein nasjonalpark tillet i utgangspunktet ikkje motorferdsel, men det er mogleg å gjere unnatak gjennom generelle eller spesielle dispensasjonsreglar. Dette er tema ein kan regulere gjennom forvaltingsplanen for verneområdet. Å halde aktiviteten i langrennsløypa på same nivå som i dag vil truleg vere uproblematisk i høve til nasjonalparken.

Derimot kan etablering av nasjonalpark kome til å leggje visse restriksjonar på visse sider av ein eventuell auka aktivitet, som utvida trase, tidspunkt og frekvens for brøyting/oppkøring av spor. Omsynet til å sikre best moglege vilkår for vanleg friluftsliv og målet om å sikre område med urørt karakter vil vere viktige moment i slike vurderingar. Eventuell utvida aktivitet i langrennsløypa må vurderast konkret, for eksempel gjennom arbeidet med forvaltingsplanen.

Andre verknader: Dersom det vert oppretta ein nasjonalpark vil det vere naturleg at Folgefonna SommarSkisenter vert eit lokalt informasjonspunkt, jf oppgåvene til nasjonalparksenteret.

Generelt vil aktivitetane ved skisenteret ha ringverknader utover i kommunen. Til dømes vil mange av dei som har campingplassar og driv utleige i Jondal vere avhengige av drifta på sommarkisenteret. Når skisenteret stenger for sesongen vert det også stille for desse verksemdene.

Eventuell bygging av ny kafé i nedkant av skisenteret vil krevje vanleg handsaming etter plan- og bygningslova. Tiltaket gjeld i så fall areal utanfor verneområdet, og vernevedtak vil neppe vere til hinder for ei slik satsing.

5.3.3 Nasjonalparksenter

0-alternativet

Nasjonalparksenteret er tenkt som ein viktig del av Folgefonna Informasjonssenter. Dersom det ikkje vert nasjonalpark på Folgefonna, vil det heller ikkje bli oppretta nasjonalparksenter. Marknadsføringa av ein nasjonalpark i regionen vert då uaktuell. Midlar som følgjer med ein autorisasjon vil falle vekk.

Utan eit verneområde vil Folgefonna Informasjonssenter truleg utvikle seg vidare frå situasjonen i dag, og vere eigd og drive av Kvinnherad kommune. Senteret vil venteleg halde fram med andre prosjekt knytta til formidling av lokal historie, natur og kultur i tillegg til turistinformasjon for Kvinnherad. Ein vil truleg prøve å inkludere og samarbeide med resten av Folgefonna halvøya, men dette kan bli av mindre omfang enn elles.

Verknader av vern

Alternativ A eller B: Nasjonalparksenteret ønskjer å formidle kunnskap breidt om alle natur- og kulturkvalitetar på Folgefonna halvøya. Di fleire dalføre som er del av nasjonalparken og di lenger ned grensene går, di større oppgåver kan ein naturleg legge til nasjonalparksenteret. Det vil vere mindre avgjerande om det er tre eller sju landskapsvernområde.



Foto: Anniken Friis

Frå Folgefonna Informasjonssenter.

Alternativ C eller D: Dersom verneområdet vert sterkt innsnevra, vil samanhengen mellom nasjonalparken og informasjonsoppgåvene bli meir uklare. Alternativ C og D vil ha langt mindre grunnlag for formidlingsoppgåver, då dalføra med skog er sterkt reduserte, eller verneområdet omfattar berre iskappa (alt. D). Desse alternativa omfattar ikkje dalføre og andre lågareliggjande område som fordrar formidling av samla livsgrunnlag for menneske, natur, kultur og næring, if grunntanken til Folgefonna Informasjonssenter.

Konsekvensar for nasjonalparksenter

Status						
Arbeidet med å få mellombels autorisasjon til Folgefonna Informasjonssenter som nasjonalparksenter er kome langt, og Direktoratet for naturforvaltning vil truleg gje midlar til arbeidet frå 2003. Det er planar om utbygging av senteret med informasjon i alle kommunane på halvøya.					Vurdering av verdi	
					Etablering og utvikling av eit nasjonalparksenter vil ha regional og lokal verdi.	R, L
Verknader						
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D	
Nasjonalparksenter	Nasjonalparksenter vil ikkje bli oppretta. Folgefonna Informasjonssenter og andre aktørar i regionen vil framleis kunne samarbeide, dette vil truleg verte tyngre.	Folgefonna Informasjonssenter eller ein annan lokal aktør vil få autorisasjon som nasjonalparksenter. Nasjonalparksenteret vil få økonomiske ressursar knytta til oppdraget.	Folgefonna Informasjonssenter eller ein annan lokal aktør vil få autorisasjon som nasjonalparksenter. Nasjonalparksenteret vil få økonomiske ressursar knytta til oppdraget.	Mindre grunnlag for formidlingsoppgåver då viktige område ikkje er inkludert i verneområdet.	Mindre grunnlag for formidlingsoppgåver då viktige område ikkje er inkludert i verneområdet.	
Samla vurdering av konsekvensane						
Nasjonalparksenter	Negativt samanlikna med vernealternativ.	Truleg beste alternativ, då nasjonalparken har størst omfang.	Positiv konsekvens, men truleg noko meir avgrensa enn Alt. A.	Positiv, men avgrensa konsekvens samanlikna med meir omfattande vernealternativ.	Positiv, men avgrensa konsekvens samanlikna med meir omfattande vernealternativ.	
Konsekvensgruppe	---	+++	++(+)	++	+	

Samla vurdering av konsekvensane for reiseliv/turisme					
	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Samla vurdering av konsekvensane for reiseliv og turisme	0	++	+++	+	+

Flyfoto: Jan Rabben



Harde

Nordfonna

Kvitnadalen

M

Kvanngørðhoga

Lægdekruna

Gygrastolen

Ænesdalen

Melderskin

Laurdalsbotn

Malmangernuten

Muradalen

Hatteberg

angerjøkulen

Hårteigen

idtfonna

Bondhusbreen

Bjørndalstindane

Bjørndalsnuten

Svartavatnet

Prestavatnet

Ringeriks
fossen



5.4 Vasskraftinteresser

5.4.1 Eksisterande anlegg

0-alternativet

Eksisterande kraftanlegg vil bli drivne som før, både når det gjeld drift, vedlikehald og kontrolloppgåver. Det er med andre ord ingen skilnad mellom 0-alternativet og nokon av vernealternativa (sjå nedanfor).

Verknader av vernealternativa

Dei anlegg og installasjonar som vert liggjande innanfor verneområda skal framleis kunne drivast. I standard verneforskrifter som er lagt til grunn for arbeidet med konsekvensutgreiinga er ikkje tilhøvet til eksisterande anlegg nærare presisert.

Fylkesmannen legg til grunn at forskriftene skal opne for all naudsynt aktivitet som kraftselskapa har vist til. Dette vil verte regulert gjennom unnataksreglar i verneforskriftene og dispensasjonsreglar.

Alle kjende drifts- og vedlikehaldsrutiner vil verte regulerte gjennom spesifiserte unnataksreglar. I tillegg bør dei generelle unnataksreglane opne for dispensasjonar ved spesielle høve, som større reparasjonar og liknande.

5.4.2 Nye utbyggingsprosjekt

0-alternativet

Kraftselskapa har i ei eiga utgreiing peikt på potensialet for nye utbyggingsprosjekt i området (Sunnhordland Kraftlag 2000). Fem av desse prosjekta ligg innanfor arbeidsgrensa for verneområdet. Prosjekta har ulik status i kor omfattande



Foto: Anniken Friis



Foto: Anniken Friis

Vedlikehald av eksisterande kraftanlegg vil kunne gå føre seg som før, anten dei ligg utanfor eller innanfor eit framtidig verneområde. Mykje av slikt arbeid krev helikoptertransport, noko som ein — som all anna motorferdsle — prøver å halde på eit naudsynt minimum i norske naturvernområde. Det øvste biletet viser demningen ved Mysevatnet ovanfor Mauranger kraftstasjon. Magasinet vart bygd i 1982 og rommer 39,0 mill. m³, med ei total reguleringshøgde på 80 m.

Konsekvensar for vasskraftinteresser, eksisterande anlegg

Status					
Fleire anlegg og installasjonar som høyrer til eksisterande kraftanlegg ligg innanfor arbeidsgrensa.				Vurdering av verdi	
		Anlegga inngår i tidlegare vasskraftutbyggingar og vil framleis utgjere ein del av desse anlegga.		R, L	
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Drift av eksisterande vasskraftanlegg som ligg innanfor arbeidsgrensa	Naudsynte løyve etter motorferdsellova vert å søke kommunen om, som tidlegare.	Naudsynte løyve etter motorferdsellova vert å søke kommunen om, som tidlegare.	Naudsynte løyve etter motorferdsellova vert å søke kommunen om, som tidlegare.	Naudsynte løyve etter motorferdsellova vert å søke kommunen om, som tidlegare.	Naudsynte løyve etter motorferdsellova vert å søke kommunen om, som tidlegare.
	Handsaming av motorferdselsaker vil bli samordna mellom kommune og forvaltingsstyresmakt.	Handsaming av motorferdselsaker vil bli samordna mellom kommune og forvaltingsstyresmakt.	Handsaming av motorferdselsaker vil bli samordna mellom kommune og forvaltingsstyresmakt.	Handsaming av motorferdselsaker vil bli samordna mellom kommune og forvaltingsstyresmakt.	Handsaming av motorferdselsaker vil bli samordna mellom kommune og forvaltingsstyresmakt.
Samla vurdering av konsekvensane					
Vasskraftinteresser, eksisterande anlegg	Inga endring i praksis.	Ingen negativ innverknad på drifta.	Ingen negativ innverknad på drifta.	Ingen negativ innverknad på drifta.	Ingen negativ innverknad på drifta.
Konsekvensgruppe	0	0	0	0	0

dei er utgreidde, i kva grad dei er vurderte i Samla Plan m.v. Sjølv om fleire av dei skal vere ganske lønsame, ligg det ingen automatikk i at ei utbygging vil finne stad dersom vern etter naturvernlova var uaktuelt i det same området. Slike saker skal uansett gjennom ei omfattande vurdering, saks- handsaming og høyring.

Etter 0-alternativet skal saka handsamast etter ordinære prosedyrer. Vurdering etter naturvernlova er då uaktuelt. Dette er den einaste skilnaden i høve til vernealternativa, men den er vesentleg. Då skal saka og vurderast etter naturvernlova, og mest truleg ville denne vurderinga blitt negativ i slik grad at utbygging vert uaktuelt dersom influensområdet ligg innanfor dei aktuelle vernegrensene.

Verknader av vernealternativa

Overføring Blådalsvatn til Juklavatn og overføring Middagsvatn til Mysevatn: Verknadene av overføringane vil vere tørrlegging av dei aktuelle bekkane mellom Blådalsvatn og Juklavatn, og mogleg plassering av tippmasser frå overføringstunnel ved eitt eller flere av bekkeinntaka. Overføring av Middagsvatnet vil gje inngrep i form av ein ny overførings-tunnel i sørenden av vatnet. Naturleg utlaup mot nord vert tørrlagt. Ved vern etter alt. A-C vert desse naturinngrepa uaktuelle. Viktige delar av overføringa frå Blådalsvatn til Juklavatn, som elveinntak i Kvitnodalen, vil heller ikkje kunne realiserast etter alt. D.

Overføring av Fonnvatn til Møsevatn: Synleg landskapsinngrep er tippmassar ved tunnelpåhogget, nordvest for Møsevatn i Blådalsvassdraget. Bekken ut frå Fonnvatn på kt. 1023 vert tørrlagt, og vassdraget vidare ned til vatn k 643 (aust for Hildalsvatn) får sterkt redusert vassføring. Lenger nedover i nedbørsfeltet vil restvassføringa vere redusert. Ved utlaupet i Hardangerfjorden vil Guddalsvassdraget ha redusert midlare vassføring med ca. 16 %. Ved vern etter alt. A-C vert desse naturinngrepa uaktuelle.

Guddalsvassdraget er i dag heilt urørt av tekniske inngrep, om ein ikkje tek med nedre delar av vassdraget ved Guddal og Naterstad. Elva utgjer eit viktig landskapselement i dalføret, ikkje minst i området ved Hildalsvatn. Redusert vassføring i elva som kjem ned frå vatn k 643 og ned i

austenden av Hildalsvatnet vil gje visuelle endringar av elvepartiet.

Verneverdiane ved Hildalsvatn er ikkje minst knytta til dei mange raskjeglene (Moe 2000). I Hildalsvatn har vi elles eit særmerkt fenomen ved elva som drenerer ut gjennom to aktive skredvifter på enden av vatnet.

Utbygging fører til at opplevingsverdi og verneverdi knytta til landskapet i Guddalsdal og Hildal vert redusert. Området vil miste kvalitetane knytta til å vere urørt av tekniske inngrep. Eit vern etter alt. A, B eller C vil sikre desse kvalitetane.

Overføring av Eikemoelv til Blådalsvassdraget: Dersom den skisserte kraftutbygginga vert realisert, vil dei fysiske inn-grepa i øvre del av Skreddalen bli synlege, med veg og anleggslinje. Dette kan likevel avdempast ved fjerning etter anleggstida. Alle bekkar som vert tekne inn på tunnelen blir tørrlagde nedanfor inntaka og vil få sterkt redusert vassføring ned til elvemøtet mellom Sæterdalselva og Skreddalselva. Ved utløpet i Åkrafjorden blir midlare vassføring i Eikemoelva redusert med 41 %.

Dersom alle bekkane som renn frå Vetrusdalen og Tjørdalvatna vert fjerna, vil vasstanden i småvatna i Skreddalen bli lågare. Faren for erosjon av breenmateriale i sanduren kan auke.

Sanduren i Skreddalen er unik og har stor verneverdi. Elva gjennom dalen og skreda er ein del av ei dynamisk utvikling mellom nye ras og elva som stadig må finne nye laup. Ved å fjerne elva vil rasa ta over og den naturlege balansen mellom rennande vatn og oppdemde rasmassar vil bli skipla (Morten Diesen medd.)

Dei einskilde førekomstane er godt bevarte, og har lokal verneverdi. Sett i større samanheng og i høve til rekonstruksjonen av tidlegare isdekke i området har førekomstane stor regional verdi.

Dei samla naturinngrepa vil verke inn på området sine kvalitetar for friluftsliv. Redusert vassføring i Eikemoelva vil få visuelle verknader knytta opp stølmiljøet på Eikemo-stølen. Inngrepa vil føre til redusert opplevingsverdi i det gamle kulturmiljøet.

Frå Middagsvatnet ovanfor Sunndal i Kvinnherad. Vassdraget er uregulert i dag, men det ligg føre planar om å føre det over til det eksisterande reguleringsmagasinet Mysevatn i nordaust. Dette er det minste prosjektet av fem aktuelle utbyggingsprosjekt i planområdet, og er under grensa for handsaming i Samla Plan. Produksjonspotensialet ved ei slik overføring er 2 GWh/år.



Foto: Anniken Friis

Planar og verdivurdering

Prosjekt	Vurdering av verdi (naturvern)	Potensiale for kraftutbygging
Overføring av Blådalsvatn til Juklavatn	Moderat isolert sett, ettersom nærområda like utanfor arbeidsgrensa allereie er omfattande påverka av eksisterande inngrep.	Gjev auka kapasitet i eksisterande kraftanlegg. Potensiale: 57 GWh.
Overføring av Middagsvatn til Mysevatn	Moderat isolert sett, ettersom nærområda like utanfor arbeidsgrensa allereie er omfattande påverka av eksisterande inngrep.	Gjev auka kapasitet i eksisterande kraftanlegg. Mindre overføring. Potensiale: 2 GWh.
Utbygging av Eitheim-/Tokheimsvassdraga	Vesentleg. Særleg gjeld dette Eitheimsvassdraget (stor verneverdi), som ikkje er påverka av slike naturinngrep i dag. Eksisterande regulering av Blåvatn og bortfall av noko vassføring av elva nedstraums dette reduserer verdien av Tokheimsvassdraget innan planområdet til moderat.	Ny utbygging, i kombinasjon med eksisterande regulering av Blåvatn til andre føremål (prosessvatn til industri i Odda). Potensiale: 97 GWh.
Overføring av Fonna til Møsevatn	Stor. Guddalsvassdraget er i dag urørt av slike naturinngrep og har figurert som ein høgt prioritert kandidat for varig vern etter Verneplan V. Store landskapskvalitetar i vassdraget.	Gjev auka kapasitet i eksisterande kraftanlegg. Potensiale: 48 GWh.
Overføring av Eikemoelva til Blådalsvassdraget	Vesentleg. Vassvegane sørover frå Fonna har viktige kvalitetar i samband med geofag og friluftsliv, og er også viktige visuelt.	Gjev auka kapasitet i eksisterande kraftanlegg. Potensiale: 71 GWh.

Verknader

Prosjekt	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Overføring av Blådalsvatn til Juklavatn	Kraftaktørane kan gå vidare med planlegging og evt. søknad om utbygging etter vassressurslova. Vedtak gjennom denne prosessen er avgjerande for omfang av utbygging og fastsetjing av vilkår dersom vassdraget vert utbygd.	Dei fleste av 8 nye tilleggsfelt kan ikkje overførast til overføringstunnelen mot Juklavatn. Definitivt gjeld dette det planlagde tunnelinntaket i Kvitnadalen. Vern av dette området vil vere eit viktig bidrag til å opprette ein stor nasjonalpark.	Dei fleste av 8 nye tilleggsfelt kan ikkje overførast til overføringstunnelen mot Juklavatn. Definitivt gjeld dette det planlagde tunnelinntaket i Kvitnadalen. Vern av dette området vil vere eit viktig bidrag til å opprette ein stor nasjonalpark.	Dei fleste av 8 nye tilleggsfelt kan ikkje overførast til overføringstunnelen mot Juklavatn. Definitivt gjeld dette det planlagde tunnelinntaket i Kvitnadalen. Vern av dette området vil vere eit viktig bidrag til å opprette ein stor nasjonalpark.	Fleire av 8 nye tilleggsfelt kan ikkje overførast til overføringstunnelen mot Juklavatn. Definitivt gjeld dette det planlagde tunnelinntaket i Kvitnadalen.
Overføring av Middagsvatn til Mysevatn	Som for overføring av Blådalsvatn til Juklavatn, sjå under 0-alternativet der.	Tappetunnell frå Middagsvatn vil ikkje bli bygd, og det naturlege elveleiet mot vest vil forbli urørt. Dette området er urørt i dag.	Tappetunnell frå Middagsvatn vil ikkje bli bygd, og det naturlege elveleiet mot vest vil forbli urørt. Dette området er urørt i dag.	Tappetunnell frå Middagsvatn vil ikkje bli bygd, og det naturlege elveleiet mot vest vil forbli urørt. Dette området er urørt i dag.	Som for 0-alternativet ved overføringa av Blådalsvatn til Juklavatn, sjå dette.
Utbygging av Eitheim-/Tokheimsvassdraga	Som for overføring av Blådalsvatn til Juklavatn, sjå under 0-alternativet der.	Overføring av vatn og planlagde naturinngrep i Eitheimsvassdraget kan ikkje realiserast. Tokheimsvassdraget får ikkje nye inngrep. Vern av Eitheimsvassdraget vil vere eit viktig bidrag til å opprette ein stor nasjonalpark.	Overføring av vatn og planlagde naturinngrep i Eitheimsvassdraget kan ikkje realiserast. Tokheimsvassdraget får ikkje nye inngrep. Vern av Eitheimsvassdraget vil vere eit viktig bidrag til å opprette ein stor nasjonalpark.	Overføring av vatn og planlagde naturinngrep i Eitheimsvassdraget kan ikkje realiserast. Tokheimsvassdraget får ikkje nye inngrep. Vern av Eitheimsvassdraget vil vere eit viktig bidrag til å opprette ein stor nasjonalpark.	Som for 0-alternativet ved overføringa av Blådalsvatn til Juklavatn, sjå dette.
Overføring av Fonna til Møsevatn	Som for overføring av Blådalsvatn til Juklavatn, sjå under 0-alternativet der.	Overføring kan ikkje realiserast. Guddalselva forblir uregulert.	Overføring kan ikkje realiserast. Guddalselva forblir uregulert.	Overføring kan ikkje realiserast. Guddalselva forblir uregulert.	Som for 0-alternativet ved overføringa av Blådalsvatn til Juklavatn, sjå dette.

Verknader (framhald frå forrige side)

Prosjekt	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Overføring av Eikemoelv til Blådalsvassdraget	Som for overføring av Blådalsvatn til Juklavatn, sjå under 0-alternativet der.	Overføring av tilleggsfelt med 11 bekkar frå Eikemoelva til Blådalsvatn kan ikkje realiserast. Ein unngår planlagde inngrep i Skreddalen og andre dalføre ned til Vetrhus.	Overføring av tilleggsfelt med 11 bekkar frå Eikemoelva til Blådalsvatn kan ikkje realiserast. Ein unngår planlagde inngrep i Skreddalen og andre dalføre ned til Vetrhus.	Overføring av tilleggsfelt med 11 bekkar frå Eikemoelva til Blådalsvatn kan ikkje realiserast. Ein unngår planlagde inngrep i Skreddalen og andre dalføre ned til Vetrhus.	Som for 0-alternativet ved overføringa av Blådalsvatn til Juklavatn, sjå dette.

Samla vurdering av konsekvensane

Vasskraftinteressar, nye utbyggingsprosjekt	Inga endring i høve til dagens situasjon og regelverk.	Ingen av utbyggingsprosjekta kan realiserast, og ein unngår såleis ei rekke nye planlagde naturinngrep og mykje ekstra aktivitet i anleggs- og driftsfase.	Ingen av utbyggingsprosjekta kan realiserast, og ein unngår såleis ei rekke nye planlagde naturinngrep og mykje ekstra aktivitet i anleggs- og driftsfase.	Ingen av utbyggingsprosjekta kan realiserast, og ein unngår såleis ei rekke nye planlagde naturinngrep og mykje ekstra aktivitet i anleggs- og driftsfase.	Inga endring i høve til dagens situasjon for 4 av prosjekta. Vedk. overføringa frå Blådalsvatn til Juklavatn vil vassoverføringa frå Kvitnadalen bli uaktuell, og vil avgrense totaløkonomien i prosjektet.
Konsekvensgruppe	0	---	---	---	(-)

Verknadene av alt. A-C er at området vil bli spart for desse inngrepa. Vassvegane vil renne som før, og naturkvalitetane vil bli oppretthaldne.

Eitrheim-Tokheimsvassdraget: Ei eventuell vasskraftutbygging i desse vassdraga vil få følgjande verknader, som ein vil unngå dersom området vert verna: Inngrepet vil vere synleg ved Øvre Kvanngrødvatn som blir regulert med 2 m oppdemning og 20 m seinking. Tippmassar (5000 m³) frå tappetunnelen vert plasserte ved utlaupet av tunnelen ca k 1150 ved elva mot Nedre Kvanngrødvatn.

Det vert eit bekkeinntak i elva mot Nedre Kvanngrødvatn som tek tappevatnet inn via sjakt til overføringstunnelen. Nedre Kvanngrødvatn får ingen neddemte areal, men nedtapping på 20 m vil vere synleg. Vatnet får eit lite pumpe-magasin.

Bortfall av smeltevatn frå breen reduserer vassføringa i Eitheimselva ved utløpet i fjorden spesielt i månadene juli - september. Årsmiddelvassføringa vert redusert med 77%.

Avrenninga frå eit mindre felt mellom Blåvatnet og Øvre Kvanngrødvatn fører til eit inngrep i form av bekkeinntak ved kote 1065.

Vassføring i Tokheimselva vil bli synleg redusert i Støladalen på strekninga frå Blåvatnet og inntaket i sidebekken frå vatn k 1180. Utbygginga vil føre til mindre vassføring i vassdraget. Dette vil bli merkbar langs turstien opp Tokheimslia gjennom Støladalen mot Holmaskjer. Ved utlaupet i fjorden vert årsmiddelvassføringa redusert med 82 %.

Planane omfatter bygging av permanent kraftline frå Eitheim til pumpestasjonen ved Nedre Kvanngrødvatn. Denne vil vere eit synleg landskapsinngrep. Riggområde og drift av

anlegget vil skje i Tokheimslia, utanfor arbeidsgrensa for verneområdet.

Eitheimsvassdraget har spesielt store kvalitetar for vern som nasjonalpark då vassdraget i dag er heilt urørt av tekniske inngrep. Å sikre urørt natur er eit hovudmål i det klassiske naturvernet. Ei utbygging vil endre dette og føre til inngrep vassdraget. Ved vern etter alt. A-C vil ein sikre naturkvalitetane, men inngrepa som allereie er gjort i Tokheimsvassdraget i samband med reguleringa av Blåvatn vil bli ståande.

Samla vurdering av utbyggingsprosjekt i nord

Dersom både utbygging av Eitheim/Tokheim, Blådalsvatn - Juklavatn og Middagsvatn vert realisert, vil det ikkje vere aktuelt å la dei berørte områda inngå i nasjonalparken. Det vil då bli så tett mellom inngrepa at det kan hende at nasjonalparken bør få si nordgrense her. I så fall vil Midt-Fonna og Nord-Fonna falle heilt ut av verneområdet. Resultatet vert då eit redusert totalomfang av nasjonalparken, sett i høve intensjonen frå Stortinget som uttrykte ønskje om nasjonalparkstatus på heile Folgefonna. Ved vern etter alt. A-C vil ein unngå dette, og samstundes sikre vesentlege areal med vassdragsnatur for framtida. Etter alt. D vil ein berre i lita grad kunne oppnå dette, men vern etter dette alternativet vil komplisere realiseringa av overføringa frå Blådalsvatn til Juklavatn og nokre elveinntak som høyrer til dette prosjektet. Eit vern vil likevel ikkje ha innverknad på eksisterande utbyggingar, og det står ikkje til å nekte for at nærområda til dei nemnde aktuelle utbyggingsprosjekta er til dels sterkt påverka av kraftutbygging og vassregulering som det er. Unnataket er Eitheimsvassdraget, som er upåverka av slike inngrep og som framleis vil vere det etter alt. A-C.

5.4.3 Mini-, mikro- og småkraftverk

0-alternativet

Eventuelle søknader vert å handsame etter gjeldande lovverk, utan omsyn til naturvernlova. I røynda vil mange sjå positivt på mini- og mikrokraftverk dersom inngrepa i vassdraget ikkje er så omfattande. Det er reist spørsmål om korleis forvaltningsstyresmakta vil sjå på søknader om slike kraftverk som ligg utanfor dei endelege vernegrensene, men relativt nært opp mot ein nasjonalpark/landskapsvernområde. Det er på det reine at naturvernlova ikkje vil bli nytta i slike saker, men dersom prosjektet er omstridd, må ein rekne med at argument om nærleik til eit verna område kan bli reist av relevante høyringspartar. I kva grad dette er omsyn som bør tillegast vekt, vil variere avhengig av realitetane i saka.

Verknader av vernealternativa

Irreversible inngrep i eit vassdrag er i prinsippet forbodne innanfor landskapsvernområde og nasjonalparker. Det skal såleis særst tungtvegande grunnar til for å få løyve til bygging av småkraftverk i slike område. Også planar om mini- og mikrokraftverk let seg vanskeleg gjennomføre.

Praksis frå andre nasjonalparker viser at det likevel kan vere aktuelt å vurdere bygging av mikro- eller minikraftverk dersom føremålet er å erstatte eit dieselaggregat eller andre støyande og ureinande kjelder som gir straum til eksisterande bygningar eller anlegg som ligg innanfor verneområdet. Dette må vurderast konkret dersom det kjem opp som ei problemstilling.

Inngrepsomfanget som er aktuelt ved bygging av småkraftverk gjer at dette ikkje er aktuelt innanfor verneområda.

For eksempel vil det skisserte prosjektet i Fynderdalen føre til anleggsverksemd og varige landskapsinngrep både i Bondhusdalen og Fynderdalen (inntaksdam i Fynderdalselva, tunnel og kraftstasjon, utbetring av vegen, massedeponi og straumkabel). Bondhusdalen er eit av dei aller mest sentrale innfallsportane til verneområdet. I dette området er det store interesser knytta til landskap, friluftsliv, opplevingsverdi, reiseliv, kulturhistorie og kvartærgeologi.

Aktuelle saker skal handsamast etter vassressurslova. Eventuelle vassdragstiltak som ligg innanfor eit verneområde vil vere konsesjonspliktige. For tiltak som ligg nært opp til eit verneområde må ein vurdere dette konkret frå sak til sak.

Ei spesiell problemstilling knyter seg til tankar som er gjort om småkraftverk nedst i Eikemoelva og nedstraums Rullestadvatnet i Fjæra. Sjølv om begge desse områda ligg utanfor arbeidsgrensa, må det ifølgje Sunnhordland Kraftlag (SKL) byggjast ny 22 kV kraftline ut frå Fjæra/Eikemo fram til eit nett som er sterkt nok dersom desse prosjekta skal realisast. Kortaste veg og ifølgje SKL beste løysing for ei slik line er over SKL sitt linjenett i Blådalsvassdraget. Det tyder line frå sjøen ved Eikemo, forbi Eikemostøløne, opp Skredalen, over Vetthus til Blådalen. Denne traseen går langt innom arbeidsgrensa. Ei slik løysing vil kreve dispensasjon frå verneregiane dersom det kjem vern her, ein dispensasjon som kan bli vanskeleg å innvilge på prinsipielt grunnlag.

Konsekvensar for mini-, mikro- og småkraftverk

Status					
Det er ikkje bygd eller søkt om bygging av mini-, mikro- eller småkraftverk innanfor arbeidsgrensa, men mange grunneigarar er opptekne av å sikre potensialet for å etablere slike i framtida.			Vurdering av verdi		
Fylkesmannen kjenner ikkje verdien av dette utbyggingspotensialet i tilstrekkeleg detalj.			Eventuell utbygging vil vere av lokal verdi.	L	
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Bygging av mini- eller mikrokraftverk	Vassdraga vert forvalta etter vassressurslova og plan- og bygningslova.	Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve dersom slik utbygging er vurdert som ei betre miljømessig løysing ut frå ureining, støy og inngrep.	Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve dersom slik utbygging er vurdert som ei betre miljømessig løysing ut frå ureining, støy og inngrep.	Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve dersom slik utbygging er vurdert som ei betre miljømessig løysing ut frå ureining, støy og inngrep.	Vassdraga vert forvalta etter vassressurslova og plan- og bygningslova.
Bygging av småkraftverk	Vassdraga vert forvalta etter vassressurslova og plan- og bygningslova.	Utbygging urealistisk. Det same kan gjelde framføring av kraftline gjennom verneområdet for å overføre kraftproduksjon frå småkraftverk utanfor verneområdet.	Utbygging urealistisk. Det same kan gjelde framføring av kraftline gjennom verneområdet for å overføre kraftproduksjon frå småkraftverk utanfor verneområdet.	Utbygging urealistisk. Det same kan gjelde framføring av kraftline gjennom verneområdet for å overføre kraftproduksjon frå småkraftverk utanfor verneområdet.	Vassdraga vert forvalta etter vassressurslova og plan- og bygningslova.
Samla vurdering av konsekvensane					
Mini-, mikro- og småkraftverk	Handsaming etter gjeldande lovverk er avgjerande for spørsmål om utbygging, og evt. omfang og vilkår.	Vern negativt for utbyggingsinteressene.	Vern negativt for utbyggingsinteressene.	Vern negativt for utbyggingsinteressene.	Handsaming etter gjeldande lovverk er avgjerande for spørsmål om utbygging, og evt. omfang og vilkår.
Konsekvensgruppe	0	--	--	--	0

5.5 Landbruk

Det som står skrive under kap. 5.5 er fullt og heilt henta frå ei eiga konsekvensutgreiing for landbruket, utarbeidd av landbruksavdelinga ved fylkesmannen i Hordaland (Bøthner & Rolland 2003). Som andre delt innan konsekvensutgreiinga har ein teke utgangspunkt i dei 4 vernealternative A-D samt 0-alternativet. Det er grunn til å presisere at i fylkesmannen sitt framlegg til verneforslag (Del C) har ein strekt seg langt for å redusere ulempene for landbruksinteressene, slik at dei reelle konfliktane ved verneframlegget er langt ifrå så omfattande som det går fram av avsnitta nedanfor.

5.5.1 Dyrka mark

Restriksjoner knytta til drift av dyrka mark er ikkje nemnt særskilt i standard verneføresegnar for landskapsvernområde eller nasjonalpark. Men standardføresegnene for landskapsvernområde legg ein del restriksjonar når det gjeld «*inngrep som vesentleg kan verke inn på landskapet sin art eller karakter*». Aktuelle tiltak knytta til drift av dyrka mark som vert omfatta av ein slik regel vil vere oppføring av bygningar, gjerding, nydyrking, bakkeplanering, vegbygging, grøfting, m.m.

Føresegnene opnar for å gjere unntak og dessutan for at forvaltningsstyresmakta i særskilte tilfelle kan gje løyve til einsskilte tiltak. Slike unntak søker ein å regulere gjennom forvaltningsplan. Alle område innanfor grensa til ein nasjo-



Foto: Anniken Friis



Tilgang til gode utmarksbeite er ei viktig side ved landbruket i bygdene kring Folgefonna. Det vert sjeldan lagt restriksjonar på tradisjonell beiting i verna naturområde i Noreg, og dette har ikkje vore aktuell problemstilling i samband med framtidig nasjonalpark og landskapsvernområde på Folgefonnhalvøya. Biletet er frå Fynderdalen i Kvinnherad.

nalpark vil normalt ha same verneføresegnar og forvaltningsplan. Eit verneforslag der dei produktive dalføra vert skilt ut som landskapsvernområde gir høve til lokalt tilpassa verneføresegnar og forvaltningsplan for kvart einsskil landskapsvernområde. Kva konkrete konsekvenser eit vern vil medføre for jordbruksdrifta vil såleis kunne variere ut ifrå forvaltningsplanen for kvart einsskil område.

Konsekvensar for drift av dyrka mark


Status		Vurdering av verdi			
Det er registrert om lag 320 daa med fulldyrka og overflatedyrka jord innanfor arbeidsgrensa. Av dette er berre 9 daa klassifisert som overflatedyrka. All dyrka mark i området er i aktiv drift og vert godt skjøtta, og produserer grovfor til husdyrproducentar. Guddalsdalen, Muradalen og Bondhusdalen er dei dalføra med størst andel dyrka mark.		Dyrka jord har stor næringsmessig verdi i området. Saman med innmarksbeita utgjer den dyrka marka viktige landskapselement i fleire av dalføra.			L
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Drift av fulldyrka og overflatedyrka mark	Alle område med dyrka mark ligg utanfor arbeidsgrensa.	Mindre verknad på kort sikt, men eit landbruk i stadig endring vil medføre trong for tiltak som ikkje kan gjennomførast ved vern.	Mindre verknader på kort sikt, men eit landbruk i stadig endring vil medføre trong for tiltak som ikkje kan gjennomførast ved vern. Lokalt tilpassa forvaltningsplan som tek høgde for tiltak knytta til rasjonalisering av drifta kan redusere verknadene.	Alle område med dyrka mark ligg utanfor arbeidsgrensa.	Alle område med dyrka mark ligg utanfor arbeidsgrensa.
Samla vurdering av konsekvensane					
	Ingen konsekvensar.	Vern vil over tid kunne hindre utvikling av eit rasjonelt jordbruk.	Lokal tilpassing kan redusere dei negative konsekvensane, men på sikt vil vern framleis vere negativt i høve til utviklinga i jordbruket.	Ingen konsekvensar.	Ingen konsekvensar.
Konsekvensgruppe	0	--	--/	0	0

Korleis har ein teke omsyn til landbruket?

I samband med verneplanarbeidet for Folgefonna er det utarbeidd ei særskilt konsekvensutgreiing for landbruket (Bøthner & Rolland 2003). Her er landbruksinteressene registrerte og kartfesta i kvart dalføre innanfor arbeidsgrensa. Konklusjonane og det viktigaste innhaldet elles er teke inn som ein omfattande del av det generelle konsekvensutgreiingsarbeidet som du no held i handa, men Bøthner & Rolland (2003) går noko meir i detalj på somme punkt enn vi har høve til å gjere i dette dokumentet.

På desse to sidene viser vi registreringsgrunnlaget for 8 av dalføra. I tillegg er det gjort landbruksfagleg registrering i følgjande dalføre: Melsdalen-Myrdalsvatnet, Digranes, Furenes, Eidesåsen, Liasete-Fossasete, Sandvedalen, Espelandsmarka og Bergstødalen. Som det vil gå fram av Del C i denne utgreiinga, har fylkesmannen lagt stor vekt på å unngå vesentleg konflikt med landbruksnæringa. Nedanfor har vi knytta nokre merknader til landbruksinteressene i kvart einskild område, samt nemnt kort korleis desse er handterte etter fylkesmannen sitt verneframlegg (sjå del C).

Konsekvensutgreiingsrapporten for landbruket kan du lese på internett: <http://miljostatus.no/hordaland>




Bondhusdalen

Landbruksinteressene i Bondhusdalen er dominert av jordbruk med aktivt husdyrhald, dyrka mark og innmarksbeite. Så godt som alt dette arealet vert etter fylkesmannen sitt verneframlegg lagt i eit landskapsvernområde, der det ikkje vert lagt restriksjonar på dagens jordbruksdrift. Det vil her bli høve til vedskogbruk i mindre skala. Noko lauvskog nord og aust for Bondhusvatnet ligg i framlegg til nasjonalpark. Her vert restriksjonsnivået høgare.

Furebergdalen


Her er landbruksinteressene knytta til skogbruk. Skogen er dominert av naturleg furuskog med mindre innslag av lauv. Boniteten er jamt over høg. Vesentlege skogareal her er vanskelege å drive på grunn av topografien. Her er det kun nasjonalpark som er aktuell verneform etter fylkesmannen sitt framlegg, men grensa er trekt utanom dei største konfliktområda. Dette gjer at det meste av den planta granskogen her ikkje er omslutta av verneframlegget, heller ikkje skogsvegen som er bygd. Den mest urørte (og vanskelegast tilgjengelege) furuskogen er derimot lagt i nasjonalparken.

Buerdalen er vill og bratt, og store parti er utan vegetasjon. Ned mot dalbotnen slakar liene ut, og her er det skogvokst med naturleg lauvskog og ein del planta gran. I Buerdalen har det aldri vore tale om anna enn landskapsvern, med relativt lågt restriksjonsnivå på korleis skogen kan drivast.




Guddal-Naterstad

Dette området er mellom dei aller viktigste landbruksareala innanfor arbeidsgrensa. Det er eit svært aktivt jordbruksområde med vesentleg husdyrproduksjon med mjølkekyr, slaktedyrr og sau. 144 daa fulldyrka og overflatedyrka mark ligg innanfor arbeidsgrensa. Tilsvarende tal for innmarksbeite er 623 daa. I tillegg er her vesentlege areal produktiv skog, mellom anna 425 daa med planta gran som har vegutløysing som det er. Dei viktigaste landbruksareala i Guddalsdalen er haldne heilt utanfor fylkesmannen sitt verneframlegg, og det som det vert fremja vern for er nesten utelukkande etter verneforma landskapsvern. Med ei slik løysing reknar fylkesmannen konfliktnivået med landbruksinteressene her som lågt.



Omvikedal


Registrert landbruksareal innanfor arbeidsgrensene her er ikkje meir enn 234 daa, men det er ein del av eit større skogområde med aktivt skogbruk der det er gjort vesentlege investeringar. Fylkesmannen har unnlåte å fremje vern av dette arealet, og konflikt med landbruksnæringa er såleis fråverande her.



Dette vert rekna som det viktigaste skogbruksområdet innanfor arbeidsgrensene, med vesentlege areal både av gran, furu og lauvskog som har vegutløysing i dag. Næringsretta skogbruk har her lange tradisjonar, og store delar av området er relativt lett å drive. Fylkesmannen har valt å gjere framlegg om landskapsvern for mesteparten av skogen som har vegutløysing i dag, og nasjonalpark på resten. Forvaltingsplanen vil legge opp til ein relativt liberal praksis til landskapsvernområde å vere når det gjeld drift av kulturskogen.


Muradalen

Her finst store areal med innmarksbeite samt noko dyrka mark. Noko gran er innplanta i ytre del av dalføret. Alt areal vil her etter fylkesmannen sitt framlegg inngå i eit landskapsvernområde, og dagens jordbruksdrift kan halde fram. Lokal forvaltingsplan vil trekke opp rammene for korleis skogen kan drivast.




Vetthustølen

Landbruksverdiene her er knytte til aktiv stølsdrift, beitebruk og skogbruk. Her har 3 bønder gått saman om eit moderne fellesfjøs der nærare 200 geiter vert mjølka dagleg i sommarhalvåret. Skogen er og viktig med 745 daa furuskog som har vegutløysing i dag. Den mest verdfulle skogen står rett nok nedanfor arbeidsgrensa. Fylkesmannen har her teke ut dei mest konfliktfylte områda og gjort framlegg om landskapsvern på resten. Forvaltingsplanen må gje retningslinjer for skogsdrifta.



Ænesdalen





Parti med dyrka mark, innmarksbeite og plantefelt med gran frå nedre Bondhusdalen i Kvinnherad. Det heile ligg på ein markert terrasse av lausmassar som vart forma under siste istid og viser kvar havnivået gjekk då. Området ligg såvidt innanfor arbeidsgrensa for nasjonalparkutgreiinga. Utan tvil eit attraktivt og godt skjøtta landskap, ved ein av dei mest nytta innfallsportane til breen. Dei fleste vil vere samde i at slik landskapsestetikk må takast godt i vare i framtida, og framhald av landbruksdrifta er ein viktig faktor i så måte.

I utgreiingsprogrammet vert det slege fast at verneføresegner eller forvaltingsplan ikkje skal vere til hinder for drift av eksisterande dyrka eller overflatedyrka mark. Føresegnene tillet vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre tekniske inngrep som t.d. drenering. Men det vert presisert at nydyrking ikkje er aktuelt innanfor vernegrensene.

Ut ifrå det som her er sagt kan ein på generelt grunnlag slutte at verknadene i høve til dagens jordbruksdrift er små på kort sikt. Men ein streng forvaltingsplan som gir få unntak vil legge begrensingar på inngrep som kan vere aktuelle ved endring i driftsopplegg, innhaustingsmetodar osb. Døme på slike inngrep kan vere vegbygging, mindre nydyrking og/eller bakkeplanering og tilsvarande tiltak for å betre arrondering og tilkomst for nye og meir rasjonelle maskinar. Eit anna døme er bygging av sommarfjøs/mjølkestall i nærleiken av beite, som kan verte aktuelt ved heilårs- eller sesongsamdrift.

Samstundes er det slik at gjeldande jordlov, føresegner knytta til AK-tilskotet og eiga føresegn om nydyrking allereie set nokre grenser når det gjeld tiltak på dyrka mark/i kulturlandskapet. Dette gjeld m.a. tiltak som lukking av grøfter, bakkeplanering, fjerning av ryddingsrøyser (åkerholmar). All nydyrking må førehandsgodkjennast (eiga føresegn). Desse reglane er ikkje meint å vere til hinder for utvikling av ei rasjonell drift så lenge dei viktige kulturlandskapselementa vert halde i hevd.

Moglege konfliktar mellom den daglege jordbruksdrifta og eventuelt vern vil variere mellom dei berørte områda. Det er grunn til å tru at sjansen for konflikt vil vere størst i dei områda der grensa går lengst inn på innmarka, som i Bondhusdalen og Guddal-Naterstad.

5.5.2 Innmarksbeite

Verknadene for drift av innmarksbeite i høve til vern vil stort sett vere dei same som for dyrka mark. Med utgangspunkt i det som er sagt om at landbruksdrifta slik den vert drive i

dag kan halde fram som før, vil konsekvensane på kort sikt vere små.

Dersom forvaltingsplanen og verneføresegnene legg restriksjonar på nye tekniske inngrep som vegbygging, nydyrking og liknande kan vern føre til større konsekvensar på lengre sikt. Av tiltak i eller i tilknytning til innmarksbeite som kan verte aktuelle i framtida kan vere:

- vegbygging, mindre nydyrking og/eller bakkeplanering og liknande for å betre arrondering og framkomst for nye og meir rasjonelle maskiner.
- ei omlegging av drifta frå tradisjonelt husdyrbruk til meir beitebasert produksjon som til dømes ammekyr og ulike kjøtféraser kan medføre trong for meir innmarksbeite (nydyrking)
- bygging av sommarfjøs/mjølkestall i nærleiken av beite, som kan verte aktuelt ved heilårs- eller sesongsamdrift.

På same vis som for dyrka mark er det allereie i dag gjennom føresegner knytta til AK-tilskotet og andre føresegner nokre restriksjonar når det gjeld nydyrking og ein del andre tiltak i kulturlandskapet.

5.5.3 Beitebruk i utmark og stølsdrift

For å kunne oppretthalde ei rasjonell beitedrift trengst køyreveggar for lengre inn- og uttransport av beitedyr og enklare drifteveggar og -stiar som nyttast når beitedyra skal førast opp og ned frå beiteområda. Andre naudsynte tekniske anlegg er sanke- og skiljeanlegg, tilsynshytter/-buer, bruer og klopper, sperregjerde, ferister og tiltak mot skorfeste som sprenging, muring og gjerding. Mange set opp saltstein-sautomatar som lettar tilsyns- og sankearbeidet og er med å avgrense risikoen for at dyra vandrar ut av beiteområdet. Somme stader vert det nytta båt eller spesielle transportprammer for å frakte beitedyr over fjord eller vatn, og det er lagt til rette med enkle kaiar. Alle slike anlegg treng vedlikehald, og med tida vil det oppstå trong for nye anlegg.

Konsekvensar for drift av innmarksbeite

Status					
Det aller meste av dei drygt 1600 daa med innmarksbeite som er registrert innanfor arbeidsgrensa ligg i kort avstand frå anna innmark og gardstuna. Innmarksbeita er ein viktig del av ressursgrunnlaget på dei einskilde bruka. Dei er i aktiv bruk og har med små unntak preg av godt vedlikehald og lite attgroing. Viktig del av kulturlandskapet i fleire av dalføra.	Vurdering av verdi				
	Stor næringsmessig verdi for den einskilde bonde og for lokalsamfunna som råstoff for lokal foredling. Viktige kulturlandskapselement i nokre av dalføra.				L
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Drift av innmarksbeite	Alle område med innmarksbeite ligg utanfor arbeidsgrensa.	Små verknader på kort sikt, men eit landbruk i stadig endring vil medføre trong for tiltak som ikkje kan gjennomførast ved vern.	Små verknader på kort sikt, men eit landbruk i stadig endring vil medføre trong for tiltak som ikkje kan gjennomførast ved vern. Lokalt tilpassa forvaltingsplan som tek høgde for tiltak knytta til rasjonalisering av jordbruksdrifta kan redusere verknadene.	Alle område med innmarksbeite ligg utanfor arbeidsgrensa.	Alle område med innmarksbeite ligg utanfor arbeidsgrensa.
Samla vurdering av konsekvensane					
	Ingen konsekvensar.	Vern vil over tid kunne hindre utvikling av eit rasjonelt jordbruk.	Lokal tilpassing kan redusere dei negative konsekvensane, men på sikt vil vern framleis vere negativt i høve til utviklinga i jordbruket.	Ingen konsekvensar.	Ingen konsekvensar.
Konsekvensgruppe	0	--	--/	0	0

Konsekvensar for beitebruk og stølsdrift

Status					
Utmarksbeiting og stølsdrift har lange tradisjonar her. I dag er stølsdrifta monaleg redusert, med Vetrhusstølen som eit unntak. Generelt er sau det dominerande beitedyret, samt noko geit og storfe. Særleg der beitelag er tilslutta organisert beitebruk er beitinga godt organisert, med jamnleg vedlikehald samt opprusting av gjetarbuer og andre anlegg knytta til næringa. Talet beitedyr har vore stabilt dei siste åra.	Vurdering av verdi				
	Beitebruken har næringsmessig verdi for den einskilde bonde og for lokalsamfunna som råstoff for lokal foredling. Den er avgjerande for å oppretthalde kulturlandskapet som ein viktig del av opplevingsverdiane i området. Stølsdrifta på Eikemostølen er ei oppleving i seg sjølv.				L, R
Verknader					
Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Beitebruk og stølsdrift	Eikemostølen, Liasete, Fossasete og Sandvedalen, samt dei andre produktive dalføra ikkje omfatta av vern.	Små verknader på kort sikt, men eit landbruk i stadig endring vil medføre trong for tiltak som ikkje kan gjennomførast ved vern.	Lokalt tilpassa forvaltingsplan for Eikemostølen, Liasete og Fossasete samt Sandvedalen kan redusere dei negative konsekvensane for beitebruken der.	Eikemostølen, Liasete, Fossasete og Sandvedalen, samt dei andre produktive dalføra ikkje omfatta av vern.	Eikemostølen, Liasete, Fossasete og Sandvedalen, samt dei andre produktive dalføra ikkje omfatta av vern.
Samla vurdering av konsekvensane					
	Små konsekvensar.	Vern vil over tid kunne hindre utvikling av ein rasjonell beitebruk.	Små konsekvensar på kort sikt.	Små konsekvensar.	Små konsekvensar.
Konsekvensgruppe	0	-	-/0	0	0



I høve til standard verneføresegner for landskapsvernområde og tilsvarande for nasjonalpark er beiting tillate. Dette gjeld beiting med dei typar husdyr som har beita i området tidlegare og i tilnærma same omfang som det har vore. Rett nok kan Direktoratet for naturforvaltning regulere eller innføre forbod mot beiting som gjer skade på landskapet sin art og karakter. Ei slik regulering av beitebruk er ikkje omtala i utgreiingsprogrammet. Her vert det tvert om sagt at beiting ofte vil vere ønskjeleg for å oppretthalde eit kulturlandskap.

I verneføresegnene for landskapsvernområde er det i tillegg presisert at gardsbruk med beiterett som i dag ikkje har husdyr i området kan ta opp att beitebruken om dei ønskjer det.

Standard verneføresegner tillet vedlikehald av eksisterande gjetarbuer, stølshus og tekniske anlegg som bruer, gjerde m.m. knytta til beitebruken. Det vert presisert at vedlikehald av bygningar og anlegg må skje på ein slik måte at det ikkje fører til vesentleg endra utsjånad på anlegg eller bygningar. Vedlikehald av vegar skal ikkje føre til endra standard og/eller bruk av vegen.

Konflikt mellom beiteinteresser og verneføresegnene vil i første rekke oppstå når det er snakk om etablering av nye anlegg, bygging av nye sankebuer eller påbygg til eksisterande bygg. Både når det gjeld landskapsvernområde og nasjonalpark er verneføresegnene svært strenge for nye anlegg og bygningar. I prinsippet er all bygging av nye bygningar eller anlegg ikkje tillate, men forvaltningsstyresmakta kan i særskilte høve gje løyve til Tiltak for å motverke skorfeste nye bygg eller anlegg der nokre typar tiltak er nemnt særskilt. Av slike spesifikke unnatak som er knytta til beitebruk er nemnt:

- Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggjeskikk.
- Oppattbygging av bygningar som er skada ved brann, naturskade eller gamle stølshus som har ramla ned
- Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med jordbruksdrift
- Bygging av bruer og klopper
- ...eller gjerde i samband med beite

Omfanget av beiting og stølsdrift i området har variert gjennom tidene. Den tradisjonelle stølsdrifta har her som elles i landet vorte vesentleg redusert. I dag er Eikemostølen einaste stølen innanfor arbeidsgrensa der det er aktiv stølsdrift i tradisjonell meining. Både eldre eksisterande stølsmiljø, tufter, murar og stadnamn fortel at det har vore eit mangfald av større og mindre stølar i utmarksområda kring Folgefonna i tidlegare tider. Som døme har ein i samband med registreringsarbeidet i Kvinnherad åleine registrert og kartfesta om lag 40 eksisterande stølsmiljø eller restar av slike innanfor arbeidsgrensa. Gjennom tidene har det ikkje sjeldan kome ras eller flaum som har rasert stølane. Då valde eigarane ofte å flytte stølane til andre lokalitetar eller stølinga opphøyrd heilt. Ras eller flaum kan og ha øydelagd tilkomstveggar og slik laga vanskar for vidare stølsdrift.

Nokre grunneigarar har fremjå ønskje om å attreise bygningar, attskape tidligare stølsmiljø eller restaurere bygningar der desse står. Andre ynskjer å setje opp nye bygningar som tilsynsbuer knytta til beitebruken. I utgreiingsprogrammet vert det presisert at ønskje om nye bygningar må vurderast strengt ut frå landbruksdrifta. Restaurering av gamle stølsmiljø skal ikkje opne for ny hyttebygging. Er det område der ein ønskjer å intensivere eller utvide beitinga og det ikkje er tilfredsstillande tilsynsbuer i dag, vil bygging av slike vere aktuelt. Å starte opp att med støling (mjølking og eventuelt føredling, til dømes ysting) med ku eller geit, på nokre av dei eksisterande stølane innanfor arbeidsgrensa er truleg lite aktuelt, i alle fall på kort sikt. At eksisterande eller tidligare stølsområde får nytt liv gjennom ein meir aktiv beitebruk er nok meir sannsynleg. Då kan det kome ynskje om nybygg eller påbygg/ombygging av eksisterande bygningar. Eit utvida og meir aktivt beitebruk vil og føre med seg trong for bruer/klopper, gjerding mot skorfeste, innhegningar for sanking og andre tekniske inngrep.

Generelt kan ein seie at med utgangspunkt i standard verneføresegner vil dagens beitebruk kunne halde fram som no. Men også med nokonlunde stabil beitebruk med samme omfang som i dag vil det stundom oppstå trong for nye sperregjerder mot skorfeste, nye bruer og liknande. Dei endelege verneføresegnene må ta høgde for det.



Stølsdrifta i Folgefonnområdet har — her som elles — mest gått heilt ut i dag. Unnataket er ved Vetrhusstølen (Eikemostølen) i Etne, der tre bønder samarbeider og for få år sidan reiste eit geitefjøs. Kvar dag om sommaren vert oppunder 200 geiter mjølka her. Mjølka vert frakta med bil ned til Eikemo, som ligg på den veglause (med unnatak av stølsvegen) sida av Åkrafjorden. Biletet på motsett side viser eit oversyn over stølsområdet. Kring stølane veks ein del skog, og området er generelt rikt på kulturminne.

I høve til dei ulike vernealternativa:

Alt A: Delar av Muradalen, Bondhusdalen og Buerdalen er landskapsvernområde, resten er nasjonalpark. I dei 3 nemde landskapsvernområda er beitebruken stort sett å rekne som heimebeiting på og i nærrområda til innmarksbeite. Den organiserte beitebruken i fjell/utmark vil vere i nasjonalpark.

Alt B: Her er det i tillegg lagt ut landskapsvernområde rundt Eikemostølen, Guddalen, Myrdalsvatnet-Ænesdalen-Furubergdalen, Liasete-Fossasete og Sandveddalen. Frå ein landbruksstasjon er fordelene med landskapsvernområde i høve til nasjonalpark at det er mogleg å lage lokalt tilpassa verneføresegner til kvart landskapsvernområde. På Eikemostølen er det som kjent aktiv stølsdrift, i områda Liasete-

Foto: Anniken Friis

Fossasete og Sandveddalen er det eksisterande stølsmiljø med aktiv beitebruk. Om det vert aktuelt å intensivere/utvide beitebruken i desse områda kan ei forvaltning som landskapsvernområde gjere det enklare å få løyve til eventuelle nye bygg eller anlegg knytta til beitebruken.

Alt C: Her er nasjonalparkgrensa flytta opp til grensa for produktiv skog. I høve til beitebruk og stølsdrift fører det til at Vetrhus/Eikemostølen og stølsområda i Sandveddalen og Liasete/Fossasete fell utanfor vernegrensa. Heimebeita i dei andre produktive dalføra vil og falle utanfor vernegrensa.

5.5.4 Produktiv skog

Standard verneføresegner både når det gjeld landskapsvernområde og nasjonalpark set strenge avgrensingar på skogsdrift. I utgangspunktet er det berre hogst av ved til eige bruk som er tillate. Verneføresegnene har vidare forbod mot vegbygging og treslagsskifte. Med slike reglar vert det ikkje vert høve til å drive næringsretta skogbruk i verneområdet.

Verneføresegnene opner likevel for at det innanfor eit landskapsvernområde kan utarbeidast særskilt forvaltingsplan/skjøtselsplan. Ein slik plan kan opne for hogst i noko større omfang, men framleis med restriksjonar: Det må nyttast lukka hogstformer og etablering av ny skog skal skje ved naturlig forynging. Det kan gjevast løyve til tilrettelegging for vinterveggar eller transport av tømmer på berrmark, men bygging av permanente veggar er framleis ikkje tillate. Område der slike løysingar kan vere aktuelle er gjerne skogområde som ligg i tilknytning til stader der det allereie er eit aktivt skogbruk og det er eit utbygd skogsvegnett. Døme på slike område innanfor arbeidsgrensa er i første rekke Omvikedalen, Guddaldalen, Ænesdalen og delar av Furubergdalen, Muradalen og Buerdalen. Så lenge vegbygging, flatehogst og treslagsskifte ikkje er tillate vil det i praksis ikkje kunne drivast eit næringsretta skogbruk i landskapsvernområde.

Eit vern etter alt. A eller B vil difor få store konsekvensar for skogbruket i område der det er aktuelt å drive eit næringsretta skogbruk. Innanfor arbeidsgrensa er det store område med skog som ikkje er tilgjengelege i dag. I det meste av desse



områda er det liten eller ingen skogbruksaktivitet i dag. I nokre av desse områda var det truleg meir skogbruksaktivitet tidlegare, m.a. knytta til stølsdrift. Med strenge restriksjonar på vegbygging vil desse områda forbli utilgjengelege for skogbruksaktivitet. Eit anna spørsmål er om det er lønsemd i å bygge veg for å løyse ut desse områda. Utan meir detaljerte overslag av kubikkmasse og byggekostnader er det ikkje mogleg å gjere konkrete vurderingar. Særleg i dei høgareliggende områda med lang avstand til næraste veg er truleg lønsemda i bygging av skogsveg svært avgrensa. Om andre utbyggingstiltak, t.d. hyttebygging, kan vere med på å finansiere delar av vegkostnaden vert reknestykket eit anna enn om skogen skal betale heile vegkostnaden. Då kan skogsdrift i desse områda verte lønsamt.

5.6 Avbøtande tiltak

Avbøtande tiltak i samband med ein framlagt verneplan for eit naturområde vil i hovudsak avgrense seg til tiltak i samband med 3 tilhøve: **(1)** Kritisk grensetrekking for om mogleg å legge konfliktområde utanfor vernet, **(2)** Formulering av unnataksreglar og høve til å innvilge dispensasjon etter verneregiane, og **(3)** Avklaring av detaljar og utforming av langsiktige retningslinjer gjennom forvaltingsplan. Ved gjennomgang av innhaldet i Del C vil ein sjå at tiltak som sorterer under (1) og (2) i vesentleg grad allereie er tekne i bruk, medan det er for tidleg å utforme avbøtande tiltak på nivå (3) ettersom arbeid med forvaltingsplan enno ikkje har starta opp.

Konsekvensar for skogbruk

Status

Av det registrerte arealet med økonomisk drivbar skog har om lag 46% av arealet vegdekking i dag. Her ligg det til rette for eit aktivt næringsretta skogbruk. Dei resterande 54% har ikkje vegutløysing i dag. For delar av desse skogområda kan vegbygging vere lønsamt, i andre delar er økonomien ved dette tvilsam. Ænesdalen skiljer seg ut som eit område der ny vegbygging og skogbruk er mest aktuelt, samt delar av Guddalsdalen og Furubergdalen. Ettersom andelen gran er mykje større i områda som har vegtilkomst i dag, utgjer desse områda målt i volum ståande skog mykje større skogverdiar enn områda utan vegtilkomst.

Vurdering av verdi

Skogen i området har hovudsakleg næringsmessig verdi for den einskilde skogeigar og for lokalsamfunna som råstoff for lokal foredling.

L

Verknader

Tema	0-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Skogbruk	Alle område med økonomisk drivbar skog ligg utanfor arbeidsgrensa.	Strenge restriksjonar på flatehogst, vegbygging og treslagskifte gjer det i praksis umogleg å drive næringsretta skogbruk i dei områda det ligg til rette for slikt skogbruk. Dette gjeld i særleg grad Ænesdalen, og delar av Guddalsdalen og Furubergdalen. I dei andre områda vil eit næringsretta skogbruk ha mindre omfang.	Dei fleste av områda med økonomisk drivbar skog er landskapsvern-område. Lokale forvaltingsplanar kan opne for skogsdrift i avgrensa omfang, men framleis restriksjonar på flatehogst, vegbygging og treslagskifte gjer det i praksis svært vanskeleg å drive næringsretta skogbruk i dei områda der det ligg til rette for slikt skogbruk.	Alle område med økonomisk drivbar skog ligg utanfor arbeidsgrensa.	Alle område med økonomisk drivbar skog ligg utanfor arbeidsgrensa.

Samla vurdering av konsekvensane

	Ingen konsekvensar.	Store negative konsekvensar, i høve til dagens situasjon størst i område som har vegdekking i dag og det er potensiale for vidare vegbygging og næringsretta skogbruk i eit større omfang.	Store negative konsekvensar, i høve til dagens situasjon størst i område som har vegdekking i dag og det er potensiale for vidare vegbygging og næringsretta skogbruk i eit større omfang.	Ingen konsekvensar.	Ingen konsekvensar.
Konsekvensgruppe	0	---	---	0	0

* I område der det truleg er aktuelt å drive næringsretta skogbruk i større omfang. Dette gjeld i særleg grad Ænesdalen, og delar av Guddalsdalen og Furubergdalen.

5.6.1 Grensetrekking for å unngå konfliktråde

Dette er det viktigaste avbøtande tiltaket. Utfordringa i å forme eit naturvernområde er å inkludere flest mogleg av dei prioriterte verneverdiane innanfor eit areal samstundes som ein bør unngå eksisterande tekniske inngrep og kjende konfliktrar som ikkje let seg sameine med verneføremålet. I ein nasjonalpark er det til dømes ikkje mogleg å verne eit område som har reguleringsmagasin i samband med kraftutbygging. Såleis må vernegrensa trekkast utanom slike inngrep, og også utanom tilhøyrande bekkeinntak m.v. Aller helst bør heller ikkje kraftliner ligge inne i ein nasjonalpark. Har ein attpåtil god kunnskap om aktuelle framtidige kraftutbyggingsprosjekt (som i dette tilfellet), vil det vere ei særskilt viktig vurdering kvar ein legg grenselina for verneområdet. Ein bør ha gode faglege argument for å femne om planlagde reguleringsmagasin eller bekkeinntak, då ein i røynda vil setje ein stoppar for utbyggingsplanane dersom arealet vert inkludert i ein nasjonalpark.

Tilsvarende vurderingar vil i høg grad vere aktuelle å gjere i høve til m.a. landbruksinteresser. Difor er det avgjerande å ha kartlagt desse interessene godt i forkant. I samband med utgreiinga av verneplan for Folgefonna har ein hatt eit særleg godt registreringsgrunnlag for landbruksinteressene, og klare konfliktråde er berre tekne med i verneframlegget når verneverdiane i dei same områda har vore av særskilt stor verdi. Konflikten er ytterlegare redusert slike stader ved at ein har gjort framlegg om vern som landskapsvernområde i staden for nasjonalpark — dels av di dette er ei mindre restriktiv verneform der næringsutøving innan visse rammer kan akseptierast, dels av di slike område oftast allereie har preg av landbruksverksemd i slik grad at nasjonalpark som verneform er uaktuelt.

5.6.2 Unnataksreglar i vernereglane

For nasjonalparken samt for kvart einskild landskapsvernområde vert det laga egne vernereglar (sjå Del C). Desse varierer noko frå område til område, mest av alt for å tilpasse reglane til lokale tilhøve og framfor alt klarere kva for lokal verksemd som kan akseptierast i det einskilde området, og i så fall i kva form. Ved å formulere unnatak frå dei basale vernereglane allereie i verneforskrifta, unngår ein framtidig konflikt og unødig sakshandsaming. Eit alternativ er i staden å formulere kva ein kan søke dispensasjon om. Dette er også eit avbøtande tiltak, men nivået for å tillate inngrep eller tiltak ligg her noko høgare ettersom ein må søke om dispensasjon når tiltaket vert aktuelt og ein må argumentere særskilt for kor påkravd det er å få innvilga løyve då. Det skal ved slike tiltak gjerast særskilt vurdering i kvart einskild høve, og det vil alltid vere ein sjanse for at søknaden kan bli avslegen.

Ved utarbeidinga av framlegg til vernereglar for Folgefonna nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde (sjå Del C) har ein i stor grad nytta dette verkemiddelet som avbøtande tiltak når det ikkje har vore råd å unngå konfliktpotensialet ved grensetrekkinga.

5.6.3 Forvaltingsplan

På litt sikt skal det utarbeidast forvaltingsplan for dette verneområdet. Ein slik plan skal trekke opp linene for den framtidige forvaltninga, både når det gjeld ulike forvaltningstiltak for å fremje verneføremålet og å setje rammer for eksisterande eller planlagt næringsaktivitet eller annan aktivitet i verneområdet. I den grad tilhøvet til næringsinteressene har funne ei tilfredsstillande løysing ved korleis grensene vart trekte eller gjennom vernereglane er dette ikkje naudsynt,

men omfanget av aktivitet som ikkje er endeleg avklara på nemnde vis er det viktig finn ei løysing gjennom forvaltingsplanen. Forvaltingsplanen kan ikkje formulere målsetjingar eller restriksjonar som går ut over det som er fastlagt i verneforskriftene, og den treng ikkje heller vere juridisk bindande på same viset som verneforskriftene er (avhengig av eventuell godkjenningssprosedyre).

Forvaltingsplanar viser seg ofte å vere nyttige dokument for å klargjere framtidige rammer og retningslinjer for den totale forvaltninga av området, og har i høg grad karakter av å vere avbøtande tiltak. Ein særleg grunn til det er sjølve prosessen, der det vert lagt opp til stor grad av lokal medverknad og diskusjon. Ofte vert ein forvaltingsplan utarbeidd ei tid i etterkant av sjølve vernevedtaket, etter at ulike partar og instansar har fått noko røynsle med korleis vernet fungerer og også etter at uvisse og uro som kan ha vore skapt av sjølve verneprosessen har lagt seg noko.

5.7 Nærare undersøkingar

I samband med konsekvensutgreiingsarbeidet er det laga ei rekke underlagsrapportar omkring ulike relevante tema. Det er m.a. utarbeidd fagrapport både om zoologi og botanikk, men det er like fullt ei rekke dyre- og plantegrupper som ikkje er dekkja av desse rapportane ettersom dette krevjer omfattande arbeid av spesialistar. Det vil alltid vere slik at ein kunne ha gått meir i detalj på somme fagfelt, men generelt er det grunn til å meine at ein etter kvart har sikra seg eit tilfredsstillande oversyn over verdiar, ressursgrunnlag og kva konsekvensar eit eventuelt vern vil få på desse til at ein kan utarbeide eit vel fundert verneframlegg. Det skulle såleis ikkje vere trong for meir dokumentasjon i samband med verneframlegg og konsekvensutgreiing. I den grad ein skulle ynskje nærare granskingar, måtte det vere for å sikre at t.d. nasjonalparksenteret fekk tilgang til ny og viktig lokal kunnskap om tema som det er naturleg å fokusere særskilt på i utstillingane.




Foto: Anniken Friis

For eit par tiår sidan vart det konstaterat at rumpetroll i eit fjellvatn i Blådalen i Kvinnherad hadde utvikla neotoni — ein prosess der rumpetroll ikkje gjennomgår metamorfose til vaksen frosk, men vert giganttrumpetroll i staden. Meir omfattande faunistiske granskingar kunne sikkert klargjort om dette er eit årvisst fenomen her, og ville nok også resultert i annan interessant kunnskap om dyrelivet i regionen. Det er likevel ikkje sikkert at dette hadde hatt innverknad på konsekvensutgreiing og verneplanframlegg for Folgefonna nasjonalpark.

5.8 Samanstilling av konsekvensane

Ei oppsummering av konsekvensane for dei ulike interessene er å finne avslutningsvis i Del C. Her er og ei vurdering av fylkesmannen sitt verneframlegg lagt inn i oversikta.



Det finst knapt eit dalføre på Vestlandet der det ikkje har vorte innplanta nokre granfelt i tidlegare tider. Planområdet kring Folgefonna er ikkje noko unntak. Gran er ikkje eit naturleg veksande treslag i denne landsdelen, og kjem såleis i ei særstilling forvaltingsmessig. I landskapsvernområde set ein gjerne grenser for kor store areal det kan tillatast flatehogst på, men når det gjeld introduserte treslag vert det gjerne til at ein ser noko annleis på det. Forvaltingsplanen vil klårgjere dette nærare, men ein naturleg tanke er å hogge granfeltet når det er hogstmodent, og la forynginga skje med stadeigne treslag deretter. Biletet er frå det inste granfeltet i Guddalsdalen



Parti frå Ænesdalen i Kvinnherad, ved elva like nedanfor Hestabotnen. Nettopp i Ænesdalen er det grunn til å tru at det kan vere motstridande interesser mellom skogbruket og etablering av ein naturvernområde. Dette vil venteleg kome meir fram gjennom høyringa, og forvaltingsplanen må i ettertid trekke opp rammene for korleis skogen bør drivast her.

DEL C

VERNEFRAMLEGG

Foto: Bjørn Moe



Parti frå Dettebreen i Ullensvang. Denne brearmen har namnet sitt frå isblokker som losnar frå breen og ramlar ned skråningen mot vatnet i nedkant. Det er sjølvsagt utilrådeleg å gå for nær, men på avstand er fenomenet ei sterk oppleving!

*Du land som lyftar ditt hovud bratt, frå ishavet opp med din kvite hatt.
Med høge fjell, der fossar fell og storknar i stup og til jøklar svell.*


(Elias Blix)

Vernekart - Folgefonna

- Grense nasjonalpark
- Grense landskapsvernområde
- Arbeidsgrense konsekvensutredning
- - - Kommunegrenser
- △ Høydepunkter
- Høydekurve 100m
- Isbre
- Sjø
- Innsjø
- Tettbebyggelse
- Skogområde
- Dyrket mark



0 2 4 6 8 10 Kilometer



C VERNETRAMM

6. VERNEFRAMLEGG/TILRÅDING FRÅ TILTAKSHAVAR

Foto: Anniken Friis



Muradalen med Ringeriksfossen (sentralt i bildet) har fått sterk fokus gjennom debatten omkring opprusting av Muradalen kraftverk dei seinare åra. Hattebergvassdraget er varig verna mot kraftutbygging, og Ringeriksfossen er ein av dei viktige attraksjonane i vassdraget. Her finst også fleire sjeldne planteslag. På grunn av eksisterande reguleringsinngrep i vassdraget, gjer fylkesmannen framlegg om landskapsvern av dette området.

Plan- og bygningslova set krav til korleis konsekvensutgreiingar skal gjennomførast og kva ei slik utgreiing skal femne om som eit minimum. Det er likevel fleire strategiar å velje mellom på veg fram mot målet. I denne samanhengen har fylkesmannen teke utgangspunkt i eit 737 km² stort planområde, identisk med «arbeidsgrensa». Innanfor dette planområdet har ein så teikna 4 ulike alternativ som har vore vurderte gjennom konsekvensutgreiinga. Opplysningar som har kome fram gjennom konsekvensutgreiinga har ikkje berre vore nytta for å vekte Alt. A-D mot kvarandre og også mot 0-alternativet, men har også i stor grad vore nytta når fylkesmannen til sist utarbeidde eit konkret framlegg til vern av områda (presentert nedanfor i denne bolken).

Styrken ved ein slik framgangsmåte er at fylkesmannen sitt verneframlegg er godt fundamentert, ettersom mange eksisterande brukarkonfliktar er kjende og vurderte før grensene vart innteikna og vernereglar utarbeidde i detalj. Ulempen er at konsekvensutgreiinga (Del B) blir mindre aktuell på fleire punkt, ettersom ingen av alternativa A-D er identiske med fylkesmannen sitt framlegg. Den verbale skildringa i Del B er relevant nok, men vektninga i tabellane i same delen er ikkje lenger like naudsynt ettersom fylkesmannen allereie har teke utgangspunkt i desse resultatata og langt på veg gjort ei vidare avveging av dei ulike interessene.

Fylkesmannen har såleis utarbeidd eit verneframlegg med grunnlag i konsekvensutgreiinga, skriftlege innspel i prosessen, synfaringar og ei rekkje møte med involverte partar. Forslaget er eit resultat at ein nøye gjennomgang av alle kjende brukarinteresser. Grenser og verneforskriftene er tilpassa andre interessar i området så langt som dette har

vore mogleg utan at sentrale mål i verneplanarbeidet er sett til sides. Ein gjennomgang av desse vurderingane følgjer under.

6.1 Framlegg til grenser

Forslaget omfattar etablering av nasjonalpark i sentrale deler av Folgefonna og nærområda til denne som har stor verneverdi og som er lite påverka av gjennomførte tiltak. Vidare er det gjort framlegg om 5 landskapsvernområde i tilliggjande dalføre/område der grada av påverking og utøving av næringsdrift er størst.

6.1.1 Nasjonalparken

Folgefonna nasjonalpark

Inkluderer de 3 store breane, fjellområda rundt og mange mindre og større dalføre, mellom anna:

Kvinnherad kommune:

- Kvitnodalen
- Øvre del av Bondhusdalen
- Fynderdalen
- Heimadalen
- Furebergsdalen
- Øvre del av Ænesdalen
- Myrdalsvatnet innanfor Nipelva
- Øvre del av Guddalsdalen/Hildalsvatn
- Aursdalen



To parti frå den varig verna Mosneselva i Etna kommune. Dette vassdraget vert nok oppfatta som noko vanskeleg tilgjengeleg av mange, ettersom det ligg på den «veglause» sida av Åkrafjorden, men ei vandring langs elva byr på stor naturoppleving for dei som finn vegen hit!

Etna kommune:

- Sandvikedalen

Odda kommune:

- Sandvedalen
- Liasete
- Eitrheimsdalen

Jondal kommune:

- Breområda nær sommarskiserteret

Ullensvang herad:

- Raunsdalen

6.1.2 Landskapsvernområde

Verneforslaget omfattar 5 landskapsvernområde:

Bondhusdalen landskapsvernområde, Kvinnherad
Midtre del av Bondhusdalen, Husafjellet, området mellom Bondhusbreen og Breidablikk.

Ænesdalen landskapsvernområde, Kvinnherad
Dalføret på begge sider av elva inn til Hestabotn.

Hatteberg/Guddalsdalen landskapsvernområde, Kvinnherad
Hattebergelva, Muradalen med Ringeriksfossen, Prestevatn, Svartevatn, Malmangernuten, øvre del av Guddalsdalen.

Vetthus/Botnane landskapsvernområde, Kvinnherad og Etna kommunar
Blådalen, Inste Botnane, Bjørndalsnuten, Vetthus.

Buer landskapsvernområde, Odda kommune
Buerdalen, Buervatnet, Ruklanuten.

6.1.3 Arealtal

Området med nasjonalpark utgjer om lag 573,4 km². I tillegg kjem om lag 87,2 km² med landskapsvernområde. Samla areal vert såleis 660,6 km².

Det er mest ikkje fulldyrka/overflatedyrka jord i verneframlegget slik grensene er trekte. Noko innmarksbeite er inkludert, men berre i landskapsvernområde. Ein del produktiv skog er lagt innanfor vernegrensene. Produktiv skog som har vegutløysing i dag er for det aller meste lagt til landskapsvernområda (eller fell heilt utanfor dei skisserte grensene), medan noko slik skog som ikkje har vegutløysing er omfatta av grensene for nasjonalparken. I den grad kulturskog i det heile er inkludert i verneframlegget, gjeld dette utelukkande i landskapsvernområde.

6.1.4 Vurderingar

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av vurderingane som ligg bak verneforslaget.

Forslag til grense

Konsekvensutgreiinga gjev grunnlag for å vurdere område/ inngrep som er uaktuelle eller uønskte innanfor verneområdet. I verneforslaget er grensa trekt slik at ei rekkje eksisterande inngrep, anlegg og aktivitet, registrerte landbruksområde, hyttefelt og anlegg no ligg utanfor aktuelt verneområde.

Store areal er trekt ut samanlikna med det opphavlege planområdet, som er identisk med arbeidsgrensene. Det dreier seg i alt om 77 km². Kort oppsummert er følgjande område utelatne frå verneforslaget:

Kvinnherad kommune:

- Mindre nedslagfelt sør for Juklavatnet (ny kraftutbygging)
- Blådalsvatnet (reguleringsmagasin)
- Middagsvatnet (ny kraftutbygging)
- Austsida av Furebergelva (skogområde og skogsveg)
- Sør-austsida av Myrdalsvatn (hytte/naustområde og skogsområde)
- Terrassane på Guddal/Naterstad (dyrka mark)
- Omvikedal/sidedal (veg og plantefelt)
- Utbygde område ved Midtbotnvatn/Svelgen (regulert område)

Etna kommune:

- Skogområde aust for Vetthus
- Regulert område på Mosnes (hyttefelt)
- Bergstø (skogområde)

Odda kommune:

- Fossasete (hytteområde og landbruksområde)
- Blåvatnet (reguleringsmagasin)

Verneforslaget inkluderer likevel område med inngrep og andre brukarinteresser. Det er ikkje mogleg å unngå dette utan å miste viktige mål i verneplanarbeidet. Dette gjeld der dokumenterte verneinteresser er tungtvegande, eller der det er viktig for å få god heilskap og god avgrensing av verneområdet. Dette er vurdert opp mot dei krav ein må setje til kvaliteten og urørt status i område som skal vernast etter naturvernlova.

Nedanfor følgjer kort omtale av nokre område som etter ei slik vurdering har så store kvalitetar at dei bør vere med innanfor eit verneområde på Folgfonnhalvøya. Aktuelle verneverdiar og kvalitetar er nemnde i stikkordsform:

Kvinnherad kommune:

- ❑ Bondhusdalen: Innfallsport til breen og turområde, friluftsliv, rekreasjon, opplevingsverdi, reiseliv, turisme, landskap og kvartærgeologi.
- ❑ Ænesdalen: Unikt elvelandskap (varig verna), friluftsliv, rekreasjon, opplevingsverdi, reiseliv, turisme, landskap, kvartærgeologi, flora.
- ❑ Hattebergvassdraget: Nærleik til Baroniet og aktuelt område for kulturmiljøfreding, varig verna vassdrag, friluftsliv, rekreasjon, opplevingsverdi, reiseliv, turisme, landskap og kvartærgeologi, flora.
- ❑ Guddalsvassdraget: Urørt vassdrag, landskap og kvartærgeologi.

Etne kommune:

- ❑ Vetrhus: Kulturminne, kulturmiljø, kulturlandskap, friluftsliv, rekreasjon, opplevingsverdi, reiseliv, turisme, kvartærgeologi.
- ❑ Sandvikedalen: Varig verna vassdrag, einaste plass med samanheng heilt til fjorden, landskap, kvartærgeologi, flora, fauna, friluftsliv, rekreasjon, opplevingsverdi.

Odda kommune:

- ❑ Sandvedalen: Friluftsliv, rekreasjon, opplevingsverdi, landskap, flora, fauna, kulturmiljø.
- ❑ Liasete og Buerdalen: Innfallsport til breen, turområde, friluftsliv, rekreasjon, opplevingsverdi, reiseliv, turisme, landskap, kvartærgeologi, flora.

Grenselina er retta ut samanlikna med arbeidsgrensa, og er no i stor grad trekt etter fjelltoppar eller andre lett kjennelege terrengformasjonar. Der det er naturleg er og grensa tilpassa eigedomsgrenser, ofte i skiljet mot uskifta utmark.

6.2 Konsekvensar av verneframlegget

6.2.1 Val av verneform

Dei delar av verneområdet som kvalifiserer for det bør vere nasjonalpark, også dalføre. Dette vil sikre naturkvalitetane, heilskapen i landskapet og verneverdige førekomstar på beste måte. På grunn av pågåande bruk/aktivitet og eksisterande inngrep er likevel landskapsvernområde einaste aktuelle verneform fleire stader. Til dømes kan mindre demningar og fyllingar, mindre overføringstunnelar og tersklar frå kraftutbygging inngå i landskapsvernområde, men normalt ikkje i nasjonalpark.

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dei vurderingane som er gjort i ulike område:

Bondhusdalen

Vegen, aktivt brukte landbruksområde og turisme gjer at landskapvern er einaste aktuelle verneform i Bondhusdalen. Verneforslaget går frå brua ved parkeringsplassen og opp dalen så langt som det er aktiv landbruksdrift, nesten opp til Bondhusvatnet. Ulike inngrep frå kraftutbygging gjer at Husafjellet, område frå Bondhusbreen til Breidablikk og vert inkludert i landskapsvernområdet.

Ænesdalen

Ænesdalen har særlege kvalitetar, ikkje minst knytta til det meanderande elvelandskapet. For å sikre heilskapen i land-

skapet bør mest mogleg av dalen vere med innanfor verneområdet. Eksisterande skogsvegnett og plantefelt på austsida av dalføret gjer at berre landskapsvern er aktuelt i denne delen. Områda lenger inne, og mesteparten av vestsida og elvelandskapet har kvalitetar som gjer det eigna som nasjonalpark.

I nasjonalparken er det ikkje opna for skogbruk. I landskapsvernområdet er skogbruk tillate innanfor visse rammer, men det kan vere vanskeleg å drive optimalt økonomisk, sjå omtale av verneforskrifta nedanfor. Det er difor vanskeleg å finne gode kompromiss når det gjeld skogbruksinteressene i dalføret.

For å redusere konfliktnivået mest mogleg er det føreslege landskapsvernområde i heile dalføret opp til Hestabotn. Det er teke omsyn til landbruksinteressene gjennom utforminga av verneforskrifta.

Muradalen, Hattebergvassdraget og Guddalsdalen

Eksisterande inngrep i Muradalen knytta til kraftverket, vassverk og veg gjer landskapsvern til einaste aktuelle verneform. Det varig verna Hattebergvassdraget med Ringeriksfossen har stor verdi i vernesamheng. Eit landskapsvernområde her vil vere eit bindeledd mellom nasjonalparken og Baroniområdet/Hattebergfossen, der det vert arbeidd med områdevern etter kulturminnelova.

På grunn av landbruksareala er landskapsvern og aktuelt i Guddalsdalen.

Ved å slå desse områda saman vil ein få eit samanhengjande landskapsvernområde. Dette vil inkludere Malmangernuten, mellom Muradalen og Guddalsdalen. Det føreslegne landskapsvernområdet omfattar Bjørndalsstølen, Prestavatn og Svartavatn med demningane og andre inngrep knytta til kraftstasjonen. Dei eksisterande kraftreguleringsinngrepa vert rekna som akseptable målt mot ulempene ved å utelate desse områda frå verneplanen, men berre ved verneforma landskapsvern.

Vetrhus/Botnane

På Vetrhus vert det enno drive aktiv stølsdrift. Stølsområdet og kulturlandskapet rundt har kvalitetar som at det er ønskjeleg å ha det med i verneområdet, med landskapsvernområde som aktuell verneform. På grunn av ulike inngrep frå kraftutbygging må området i Blådalen frå Midtbotnvatn til Blomsterskardvatnet vere landskapsvernområde. I verneforslaget er desse områda slått saman i eit stort landskapsvernområde som strekker seg frå Inste Botnane til Vetrhus.

Buer

Buerdalen har busetnad, bilveg, landbruksområde og fleire inngrep som gjer landskapsvern til einaste aktuelle verneform. Nærleiken til Buerbreen gjer at dalen er ein av dei viktigaste innfallsportane til området.

I verneforslaget er Buervatnet inkludert i landskapsvernområdet. Også Ruklanuten er teken med for å få eit samanhengjande landskapsvernområde opp til ein korridor ved Blåvatnet som ikkje vert omslutta av vern på grunn av inngrep.

6.2.2 Verneforskriftene

Der anlegg og ulike brukarinteresser vert liggjande innanfor verneområda er det teke omsyn til desse gjennom utforming av verneforskriftene. Opning for ulike tiltak eller aktivitet er gjeve på to nivå i forskriftene:

Unnataksreglar, som gjer at vern ikkje vil vere til hinder for den aktuelle bruken. Døme på slike tema er:

- Vedlikehald av bygningar, vegar, bruer og stiar.
- Vedhogst til eige bruk.
- Beite, stølsdrift, drift av eksisterande jordbruksareal, naudsynt motorferdsel.
- Drift og vedlikehald av kraftanlegg, andre tekniske innretningar.

Dispensasjonsreglar, som gjev opning for aktuelle tiltak gjennom søknad til forvaltingsstyresmakta. Slike tiltak kan og styrast gjennom einskildvedtak, rammeløyve eller forvaltingsplan. Døme på slike tema er:

- Bygging, påbygging og utviding av bygningar.
- Rydding av stiar, bygging av bruer og klopper.
- Tiltak i jord- og skogbruk.
- Motorferdsel.

I praksis betyr dette at all eksisterande bruk kan halde fram som før i heile verneområdet. Til dømes vil beite og beitedrift, bruk og vedlikehald av bygningar ikkje bli påverka av eit vernevedtak. I den grad landbruksområde elles (dyrka mark og innmarksbeite) er med i landskapsvernområda kan drifta halde fram som før.

Foto: Olav Nord-Varhaug



«Ørnereiret» oppunder Bondhusbreen. Herifrå vert smeltevatn under breen overført via tunnel til Mysevatnet ovanfor Mauranger. Somme vil truleg meine at eit slikt frittliggjande byggverk er ein attraksjon, men naturinngrepet gjer at grensa for Bondhusdalen landskapsvernområde er trekt langt inn mot breen her. Slike inngrep er nemleg ikkje akseptable i ein norsk nasjonalpark.

Foto: Anniken Friis



Elva frå Fonnaavatn mot Hildalsvatnet i Kvinnherad. Dersom Fonnaavatn skulle bli overført til Møsevatnet, vil mykje av vassføringa i denne elva bli borte.

Den største konflikten med landbruk gjeld skogareala som i dag har vegutløysing og det ligg til rette for næringsretta skogbruk. Eksisterande rammevilkår gjennom skoglova set også i dag skrankar for drifta, men vernet vil setje nye. Verneforskrifta kan gjere det vanskeleg å drive delar av skogen økonomisk optimalt.

I nasjonalparken er skogsdrift i strid med verneføremålet. I landskapsvernområda er det gjeve løyve til bestandsmessig avverking av ståande kulturskog når dette vert aktuelt. Gjennom forvaltingsplanen vil ein legge rammer for dette samt for naudsynte skogkulturtiltak. Etablering av ny skog skal skje med stadeigne treslag. Også annan hogst kan skje under føresetnad av at det vert nytta lukka hogstformer og det naturlege skogbiletet vert teke vare på.

Nye tiltak vil altså kunne bli påverka av vernet, men ved planlegging gjennom forvaltingsplanen vil ein kunne ta inn mange av dei omsyn som er aktuelle.

6.2.3 Vasskraft

Eksisterande anlegg

Innanfor dei føreslegne grensene i 3 av landskapsvernområda finn vi eksisterande anlegg knytta til kraftutbygging. Dette gjeld til dømes bekkeinntak, overføringstunnelar, tippområde, mindre demningar, røyrgate og kraftline, alt i samband med Folgefonnaverka, Muradalen kraftstasjon og Blåfalli. Desse inngrepa ligg inne i Bondhusdalen -, Hatteberg/Guddalsdalen - og Vetthus/Botnane landskapsvernområde.

Som nemnt over vil ikkje vern legge hindringar i vegen for drift av desse anlegga. Verneforskrifta opnar for alle naudsynte tiltak.

Ny kraftutbygging

Det er dokumentert eit samla kraftpotensiale på 280 GWh rundt Folgefonna innanfor det området som i høyringa vert føreslege for vern. Dette tilsvarar om lag 10 % auke i høve til det potensialet som alt er utnytta på halvøya.

Utbygging representerer naturinngrep som ofte vil vere i strid med prinsippa i naturverntanken. I utgangspunktet er det difor slik at verneområdet må gå utanom det aktuelle området dersom eitt eller fleire av utbyggingsprosjekta skal gjennomførast.

Fylkesmannen har vurdert nøye korleis ein kan unngå konflikt med desse prosjekta, men finn det vanskeleg å kome desse interessene i møte i stor grad ettersom utbyggingsprosjekta omfattar sentrale fjellområde som er viktige i vernesamanheng. Det er aktuelt å ta ei ny, samla vurdering av denne problemstillinga etter at høyringa er avslutta. Dersom alle prosjekta vert gjennomført, vil det føre til at det aktuelle vernearealet vert drastisk redusert.

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dei aktuelle prosjekta.

Overføring av Blådalsvatn til Juklavatn

I dette området er grensa for nasjonalparken trekt slik at alle eksisterande anlegg ved Blådalsvatnet ligg utanfor. Aktuell ny utbygging omfattar i alt 8 tilleggsfelt mellom Blådalsvatnet og Juklavatn, som skal førast over i ny tunnel ved bekkeinntak.

I arbeidet med verneplanen står Kvitnodalen fram som svært sentral, då dette dalføret er skiljet mellom Nord-Fonna og Midt-Fonna. Dalen går vidare gjennom Raunsdalen, og saman utgjer dette eit vilt og vakkert landskap med store kvalitetar.

I det skisserte utbyggingsprosjektet ligg i alt 3 bekkeinntak inne i Kvitnodalen innanfor føreslegen grense. Dersom utbygginga skal gjennomførast som skissert, må grensa for nasjonalparken gå utanom, og halve Kvitnodalen vi falle ut av verneplanen. Det vil føre til at nasjonalparken vert så smal at heile Nord-Fonna kanskje bør gå ut. Desse vurderingane gjeld isolert, men må og sjåast saman med effekten av planlagt utbygging av Eitrheim-Tokheimsvassdraga, sjå under.

Heile området mellom Maurangerfjorden og Folgefonna er svært påverka av kraftutbygging (Folgefonnverka). Sjølv om det ligg fleire vegar som vert nytta som innfallspor- til breen, gjer dei mange inngrepa i dette området vern etter naturvernlova uaktuelt. Om ein ser vekk frå Kvitnodalen, treng det difor ikkje vere store konflikhtar knytta til utnytting av dei mindre nedbørsfeltene sør for Juklavatnet. Dei aktuelle bekkeinntaka som ligg nord for Kvitnodalen, mellom Svartedalsvatnet og Juklavatn er ut frå dette lagt utanfor vernegrensa.

Overføring av Middagsvatn til Mysevatn

I dette prosjektet vert Middagsvatnet overført til Mysevatn og utnytta i Mauranger kraftstasjon. I verneforslaget er det teke høgde for dette tiltaket ved at Middagsvatnet går ut.

Overføring av Fonnvatn til Møsevatn

Grensa for nasjonalparken er trekt i vasskiljet mellom Guldalsdalen og Blådalen. Dette vil føre til at planlagt utbyggingsprosjekt for overføring av Fonnvatna ikkje kan gjennomførast. Fonnvatna inngår i Guldalsvassdraget, som har store vernekvalitetar.

Utbyggingsprosjektet vil vanskeleg kunne gjennomførast utan at nasjonalparken mister viktige delområde.

Overføring av Eikemoelva til Blådalen

Den planlagde utbygginga vil utnytte 9 mindre nedbørsfelt som høyrer til Eikemovassdraget.

Inngrepa vil verke negativt inn på store vernekvalitetar i Skreddalen og dei andre dalføra i området. Redusert vassføring i elvane vil gje visuelle verknader på stølsmiljøet på Vetrhus, og redusere opplevingsverdiar i kulturmiljøet her. Grunneigarane på Vetrhus har ønske om å byggje eit minikraftverk som kan erstatte dieselaggregatet i fellesfjøset. Landskapsvernet treng ikkje vere til hinder for dette.

Dersom Eikemoelva vert overført til Blådalen må grensa for verneområdet justerast slik at utbyggingsfeltene går ut. Stølen Vetrhus ligg slik til at den og vil falle ut av verneområdet, og grensa for verneområdet vil då gå langs brekanten utanom eksisterande inngrep i Nste Botnane.

Stølen på Vetrhus er den einaste staden med aktiv stølsdrift innanfor verneområdet. Dersom heile Vetrhus/Botnane landskapsvernområde går ut, vil ein ikkje på same måte kunne nytte nasjonalparken på Folgefonnhalvøya som ramme for formidling av kulturmiljø, kulturminne og kulturlandskap i området, til dømes knytta til undervisning i natur- og kulturhistorie, opplevingspakkar innan reiseliv og turisme. I planområdet finn vi heller ingen andre stader med tilsvarande utgangspunkt og kvalitetar for slik verksemd.

Utbygging av Eitrheim/Tokheimsvassdraga

Utbygginga vil føre til så store inngrep i det urørte Eitrheimsvassdraget at området er uaktuelt å ta med vidare. Det er

særleg den urørte karakteren av dette vassdraget som gjer det svært interessant å ta med i nasjonalparken.

Tokheimsvassdraget er alt regulert til vassforsyning. Området opp gjennom Støladalen er ein av dei viktigaste innfallsporene til breen, og er difor ønskeleg å ha med i nasjonalparken. Kulturhistoria knytta til den gamle ridentien mellom Mauranger og Odda er leita fram i samband med restaurering av stien frå Eitrheim til Holmaskjer turisthytte. Dette restaureringsarbeidet vil bli vidareført på Kvinnherad si side av breen, ved Keisarstien i Bondhusdalen.

Dersom utbygginga vert gjennomført, vil nedslagsfeltene til dei to vassdraga gå ut av nasjonalparken. Både isolert sett, og vurdert saman med planlagt overføring av Blådalsvatn til Juklavatn vil utbygginga føre til så stor innsnevring av nasjonalparken at Midt-Fonna og Nord-Fonna vil kunne falle heilt ut. Resultatet vert då eit redusert totalomfang av nasjonalparken, sett i høve intensjonen slik den var uttrykt frå Stortinget.

Blåvatnet er allereie vesentleg regulert for å skaffe prosessvatn til industrien i Odda, og vassføringa i Stølselva er influert av dette. Dette er grunnen til at fylkesmannen har teke ut ein «kile» på vernekartet her, mellom Buer landskapsvernområde i sør og nasjonalparken i nord. Dette vil venteleg somme meine er upraktisk og unaturleg, så fylkesmannen ynskjer å høyre på to alternativ her:

- (1) Det vert ikkje gjort framlegg av vern etter naturvernlova av Blåvatn og Stølsdalen, på grunn av eksisterande inngrep i vassvegane. Framlegget er identisk med tilhøyrande kart til fylkesmannen sitt verneforslag.
- (2) Blåvatn og Stølsdalen vert innlemma i Buer landskapsvernområde, til tross for eksisterande naturinngrep. I så fall vert vernegrensa å trekke frå nordaustre punkt av Buer landskapsvernområde etter fylkesmannens framlegg, i rett line over mot nasjonalparken. Buer landskapsvernområde vil etter ein slik løysing bli noko utvida, og vernereglane må tilpassast eksisterande naturinngrep og trong for drift og vedlikehald av tekniske innretningar her.

Ny linjetrase Eikemo - Blådalen

Sunnhordland Kraftlag (SKL) har peika på trongen for ny linjetrase frå Fjæra/Eikemo, der det er gjennomført kartlegging av mikro-, mini og småkraftverkpotesialet. Registreringane viser eit småkraftverkpotesiale på 25 GWh nedst i Eikemoelva og 35 GWh nedstrøms Rullestadvatnet i Fjæra. Dagens linjenett har ikkje kapasitet til å ta i mot ny kraft frå området. Skal anlegga realiserast, må det byggjast ny 22 kV linje fram til eit nett som er sterkt nok.

Det vert peika på at kortaste veg og beste løysing er ny line over Vetrhus til SKL sitt linjenett i Blådalen. Slik linjetrase vil gå gjennom Skreddalen som ligg innanfor Vetrhus/Botnane landskapsvernområde.

Skreddalen har store landskapskvalitetar som det er ønskeleg å sikre gjennom vernet, og bygging av ny linjetrase vil vere i strid med det aktuelle verneføremålet. Spørsmålet om alternativ trase for ny kraftline frå Eikemo/Fjæra bør difor vere eit tema i det vidare utgreiingsarbeidet knytta til vern og utbygging i området.

Skisenter

Folgefonna Sommarskisenter i Jondal ønskjer rom for framtidig forlenging av skitrekke opp til om lag 1600 m o.h. Dette vil utvide influensområdet til skisenteret på Nord-Fonna. Dette må vurderast opp mot dei tradisjonelle friluftssinteressene i

området, og ønske om å ha mest mogleg av Nord-Fonna med i nasjonalparken.

Dersom vernegrensa vert trekt ved grensa for eksisterande reguleringsplan, må utviding av eit mobilt skitrek skje ved dispensasjon frå verneforskrifta. Eit mobilt trekk utan varige inngrep treng ikkje vere i strid med verneforskrifta. Motorisert ferdsle i samband med bruk av trakkemaskinar og anna drift må styrast gjennom forvaltingsplanen og motorferdsellova. Dette kan føre til visse innskrenkingar/restriksjonar i høve til senteret sine ønskje.

Alternativet er at vernegrensa vert lagt høgare oppe på breen. Nasjonalparken på Nord-Fonna vil då verte mindre, men ein vil styre utanom formelle og praktiske problem knytta til drift av skitrek innanfor nasjonalparken.

I verneforslaget ligg grensa fast ved reguleringsgrensa. Dette bør truleg uansett verte løysinga her, men ein kan tenke seg ei anna reguleringsgrense langs ein trasé for eit mobilt skitrek. Dette tilseier i så fall at grensa for nasjonalparken må flyttast i høve til kva som i dag er innteikna på kartet. Fylkesmannen ynskjer difor å høyre på to alternative løysingar her:

- (1) Dagens reguleringsgrense vert oppretthalden, og nasjonalparkgrensa vert lagt like inntil denne. Det tyder at skisenteret kan drive som i dag, med aktivitetane utanfor reguleringsgrensa regulert av motorferdsellova. Ei framtidig forlenging av skitrekket vert då mest truleg uaktuell — i alle fall vanskeleg.

- (2) Grensene for nasjonalparken vert trekt høgare oppe på breen, langs ein trasé for eit forlengta, mobilt trekk utan at dette kjem inn i arealet som nasjonalparken femnar om. Ein føresetnad for ei slik løysing må vere at skisenteret avklarar sine framtidige arealbehov parallelt med høyringa for nasjonalparken, og at kommunen set i gang arbeid med ny reguleringsplan for området. Øvre grense for ein evt. ny reguleringsplan vil då verte nedre grense for nasjonalparken i området.

6.2.4 Samanstilling av konsekvensane

Slik konsekvensutgreiinga for Folgefonna nasjonalpark har vore lagt opp, har ein vurdert 4 ulike alternativ (alt. A-D, sjå del B) opp mot kvarandre og 0-alternativet, men ikkje opp mot verneframlegget som fylkesmannen sender til høyring. Ei slik samanstilling vert gjort i tabellen nedanfor. Ein går ikkje her i detalj på kvart einskild tema, ettersom dette vert godt dekt opp i Del B. Ein nøyer seg med ein punktvis og summarisk gjennomgang, for å setje fylkesmannens framlegg i perspektiv i høve til alternativa som er utgreidde i Del B.

Verneinteresser

Det har vore viktig for fylkesmannen å fremje eit forslag som mest av alt tek verneinteressene i vare. Sjølv om fylkesmannen sitt verneframlegg er noko innsnevra samanlikna med Alt. A og B, reknar ein likevel med at dette ikkje har fått dramatiske negative konsekvensar for elementa landskap, flora, fauna og kulturminne. I vektinga som er nytta for kon-

Samanstilling av konsekvensar for aktuelle tema gjennom verddivurdering og plassering i konsekvensgrupper. Her er fylkesmannen sitt framlegg samanhalde med Alt. A-D og 0-alternativet (sjå Del B).

Verdivurdering:	N = Nasjonal verdi R = Regional verdi L = Lokal verdi	Konsekvensgruppe verdiskala:	+++ Stor positiv konsekvens ++ Positiv konsekvens + Liten positiv konsekvens 0 Ingen konsekvens	+++ Stor negativ konsekvens ++ Negativ konsekvens + Liten negativ konsekvens
------------------------	---	-------------------------------------	--	--

Tema	Verdivurdering	KONSEKVENSGRUPPE						
		0-alt.	Fylkesmannen sitt framlegg	Alt. A	Alt. B	Alt. C	Alt. D	
Verneinteresser	Landskap	N	0	+++	+++	+++	+	0
	Geofag	N,R	0	++	+++	+++	+	0
	Flora og fauna	R,L	0	++	++	++	+	0
	Kulturminne/-miljø	N,R	0	++	++	++	+	0
	Samla vurdering	N,R,L	0	+++	+++	+++	+	0
Naturoppleving, friluftsliv, rekreasjon	Samla vurdering	N,R,L	0	+++	+++	++	++	+
Fritidshytter	Samla vurdering	R,L	0	÷	÷	÷	0	0
Reiseliv/turisme	Generelt	N,R,L	0	++	++	++	+	+
	Tilleggsnæring i landbruk	L	0	++	+	++	+	+
	Folgefonn SommarSkisenter	N,R,L	0	÷	÷	÷	÷	÷
	Nasjonalparksenter	R,L	+++	+++	+++	++(+)	++	+
	Samla vurdering	R,L	0	+++	++	+++	+	+
Vasskraft	Eksisterande anlegg	R,L	0	0	0	0	0	0
	Nye utbyggingar	R,L	0	+++	+++	+++	+++	(÷)
	Mini-, mikro-, og småkraftverk	L	0	++	++	++	++	0
	Samla vurdering	R,L	0	++	++	++	++	0
Landbruk	Dyrka mark	L	0	0	÷	÷/÷	0	0
	Innmarksbeite	L	0	÷	÷	÷/÷	0	0
	Beitebruk og stølsdrift	L	0	÷	÷	÷/0	0	0
	Skogbruk	L	0	÷	+++	+++	0	0
	Samla vurdering	L	0	÷	÷	÷	0	0

sekvensgruppe har vi funne grunn til å nytte same verdi-setjing som Alt. A og B (sjå tabellen). Innsnevringa har derimot ført til at nokre registrerte kvartærgeologiske førekomstar (terrassar, skredvifter m.v.) ikkje er omfatta av fylkesmannen sitt verneframlegg. Geofag får såleis ei noko lågare vekting enn Alt. A og B, men likevel høgare enn Alt. C og D.

Naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon

Dette har vore eit prioritert tema frå fylkesmannen si side ved utarbeidinga av eit verneframlegg. Ein reknar med at det ikkje er stor skilnad på dette framlegget i høve til Alt. A og B.

Fritidshytter

Konfliktnivået etter fylkesmannen sitt framlegg er lågare enn Alt. A og B, ettersom ein del potensielle areal for hyttebygging i randområda er tekne ut. For dei areala som det vert gjort framlegg om vern for, er konfliktnivået det same som i Alt. A og B. Ein har valt å gje framlegget same vekting som desse alternativa i tabellen.

Reiseliv/turisme

Her vart Alt. B rekna for å vere noko betre enn Alt. A (sjå Del B). Mest truleg er fylkesmannen sitt framlegg fullt på høgde med Alt. B, i alle fall ikkje langt unna, for dette temaet.

Vasskraft

Her er konfliktnivået vesentleg i høve til Alt. A-C, og sjølv om fylkesmannen sitt framlegg opnar for ei overføring av Mid-dagsvatnet til Mysevatnet, er kraftvinsten av dette prosjektet så liten at det ikkje er grunnlag for å markere at konfliktnivået er lågare. Det er utan tvil i høve til kraftutbyggingsinteressene

at konfliktnivået ved verneframlegget er høgast. Dersom denne konflikten skal reduserast, vil verneområda etter alt å døme måtte innsnevrast vesentleg.

Landbruk

Konsekvensutgreiinga for landbruket (Bødtker & Rolland 2003) skisserte eit relativt høgt konfliktnivå for Alt. A og B når det gjaldt dyrka mark, innmarksbeite og i særleg grad skogbruk. I høve til utmarksbeite og stølsdrift var konfliktnivået meir moderat. Her meiner fylkesmannen at ein i verneframlegget har redusert konfliktnivået monaleg. Ettersom dyrka mark no er halden utanfor vernegrensene, bør denne konflikten vere eliminert. Den resternade konflikten med innmarksbeite bør heller ikkje vere stor, ettersom mange innmarksbeite heller ikkje er innlemma i verneframlegget og dei som står att er lagt til føreslegne landskapsvernområde. I høve til dagens drift er konflikt fråverande, uvissa går på moglege framtidige behov for å reise nye landbruksbygg i verneområda, vegbygging i samband med beiting m.v. Mest truleg er dette problemstillingar som vil finne ei konstruktiv løysing i landskapsvernområde når eller om dei dukkar opp, men ei viss uvisse vil alltid vere der.

I høve til skogbruk er konfliktnivået vesentleg redusert i samtlige dalføre så nær som Ænesdalen. Det er redusert også der, men det står att ein del uavklarte spørsmål som må finne si løysing gjennom forvaltingsplanen. Mykje av skogen i Ænesdalen er kulturskog, og drift i denne vil bli underlagt eit anna og lågare restriksjonsnivå enn naturskog i landskapsvernområde. I den delen av Ænesdalen som måtte bli nasjonalpark vil framtidig skogsdrift bli vanskeleg.

6.3 Forvaltning og oppsyn

6.3.1 Generelt om forvaltning

Ansvar for forvaltninga av verneforskriftene blir lagt til forvaltingsstyresmakta. Den rettslege kompetansen til forvaltingsstyresmakta blir fastlagt gjennom vernevedtaket/verneforskriftene.

Forvaltingsstyresmakta vil i første rekke ha mynde til å dispensere frå ulike forbod i verneforskriftene og utarbeide forslag til retningslinjer for forvaltning, skjøtsel m.v. Andre arbeidsoppgåver vil vere knytta til administrasjon, budsjett, generell rettleiing, informasjon, oppfølging av brot på verneforskrifter, kontakt med grunneigarar og brukarar av verneområda. Hovudutfordringa ved val av forvaltingsmodell er å finne løysingar som både kan kome lokale ønske om medverknad i møte og som samstundes sikrar ei utvikling som tek vare på føremålet med opprettinga av verneområdet.

Direktoratet for naturforvaltning er i dag rette styresmakt til å fastsetje kven som skal forvalte verneområde etter naturvernlova. Fylkesmannen har tradisjonelt vore tillagt forvaltingsmynde for verneområde i Noreg. Det vert for tida gjennomført 4 forsøk med ulike modellar for forvaltning av store nasjonalparker og landskapsvernområde som strekker seg over kommune- og fylkesgrenser.

Det har vore vanleg å opprette eit rådgjevande kontaktutval for forvaltninga av store verneområde. Dette sikrar kommunikasjon mot forvaltingsstyresmakta, harmonisering av forvaltninga der fleire kommunar eller fylkesmenn har forvaltninga. Samansetjinga av eit slikt kontaktutval bør vise det breie geografiske og faglege interessefeltet i området. På denne bakgrunnen vil fylkesmannen føreslå at det vert oppretta eit rådgjevande kontaktutval for verneområdet på Folgefonna så raskt som mogeleg etter eit vernevedtak.

Foto: Ingvar Grastveit



Fylkesmannen meiner å ha redusert konflikten mellom eit verneframlegg og skogbruket vesentleg gjennom korleis grensene er trekte. Dei problemstillingane som står att må finne si løysing gjennom forvaltingsplanar.

6.3.2 Forvaltingsplan

I den praktiske og daglige forvaltninga av verneområda vil det være trong for ei presisering av verneforskriftene, dvs. ein plan som inneheld meir detaljerte og konkrete «køyre-reglar». Ein slik plan vert kalla ein forvaltingsplan. Særleg for verneområde med mange og sterke brukarinteresser er det trong for å utarbeide slike dokument. Ein forvaltingsplan har til føremål å vere eit hjelpemiddel til å utdjupe og realisere føremålet med vernet. Planen skal på bakgrunn av verneføremålet gje retningslinjer for forvaltninga av verneområdet, blant anna med omsyn på tilhøvet mellom vern og bruk. Planen vil vidare gje retningslinjer for forvaltingsstyresmakta når det gjeld dispensasjonspraksis. Den kan derimot ikkje opne for tiltak utover rammene som verneføremålet og verneforskrifta set.

Forvaltingsplanen set mål for oppsynsverksemda og informasjonstiltak, og viser eventuelle skjøtselstiltak som bør gjennomførast i området.

Forvaltingsplanen vil bli sendt på høyring etter kvart som planar for oppsyn, skjøtsel m.v. blir utarbeidd, og denne bør rullerast t.d. kvart 10 år. Planen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning før han trer i kraft, jf. verneforskrifta.

6.3.3 Oppsyn og informasjon

Merking og skilting

Snarast mogeleg etter vernevedtak skal forvaltingsstyresmakta gå grensegang og merke området. Alle knekkpunkt på grensa som ikkje er trigonometriske punkt, vil bli merkte med standard grensemerke (aluminiumsbolt med kule). Om-

rådet vert også skilta med standard skilt der grensa kryssar vegar, stiar og liknande (DN-handbok 14-2001).

Informasjon

Informasjon vil skje i samarbeid med nasjonalparksenteret som skal etablerast i området. Dette arbeidet er alt i gang gjennom Folgefonn Informasjonssenter, som i løpet av 2003 venteleg vil få mellombels autorisasjon som nasjonalparksenter.

Det bør informerast på strategiske stader og ved alle viktige innfallsportar i alle dei aktuelle kommunar.

Oppsyn

Statens naturoppsyn (SNO) er etablert for å drive oppsyn, skjøtsel og informasjon om norske verneområde. SNO har planar om å opprette ei eiga stilling for Folgefonna.

6.4 Erstatning

Økonomisk erstatning som følgje av vern som nasjonalpark og landskapsvernområde vert regulert i § 20b i naturvernlova.

§ 20b. Økonomisk tap som følgje av vedtak etter §§ 3, 5 og 18 nr. 4 i denne lov kan i samsvar med alminnelige rettsgrunnsetninger kreves erstattet av staten. Med mindre annet blir avtalt, avgjøres spørsmålet ved rettslig skjønn etter begjæring av en av partene innen ett år etter at vedtaket er kunngjort. Departementet kan forlenge fristen. Reglene i domstolsloven §§ 153-158 gjelder så langt de passer.

Vi gjer merksam på at etter gjeldande rettspraksis er det berre unnataksvis at erstatning vert gjeve etter denne reglen. Til dømes vert det ikkje innvilga erstatning som følgje av at ein ikkje får selgje hyttetomter el.l.

Foto: Ingvar Grastveit



Furebergfossen, der den varig verna Furebergselva i Kvinnherad når sjøen. Fossen er storslagen, og er turistattraksjon såvel som landemerke. Den vert likevel ikkje omfatta av fylkesmannen sitt framlegg til nasjonalpark. Grensa går lenger inne i dalen. Kombinasjon av fleire inngrep i nedre del av vassdraget — kraftline, skogsbilveg, riksveg — er årsakene til det.

Vern av Folgefonna nasjonalpark i Etne, Kvinnherad, Jondal, Ullensvang og Odda kommunar i Hordaland fylke

Foto: Anniken Friis

Frå Lovatnet, Guddalsdalen.



Folgefonna nasjonalpark

utgjer etter verneframlegget eit areal på om lag 573 km² fordelt på 5 ulike kommunar. (Vernereglane her gjeld berre nasjonalpark-arealet på kartet til høgre. Kvart einskild landskapsvernområde har egne reglar).

Fastsett ved kgl. res av 2004 i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 § 3, jfr § 4 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Nasjonalparken vedkjem følgjande statsallmenningar:

Etne kommune: 151/1
Kvinnherad kommune: 285/1
Jondal kommune: 38/1
Odda kommune: 51/5
Ullensvang herad: 156/1

Forutan statsallmenningar vedkjem nasjonalparken følgjande gnr/bnr:

Etne kommune: : 93/1, 95/1, 95/2/1, 95/2/ 6, 95/ 4, 95/3, 95/10, 96/1/2, 97/1/ 2/ 4, 97/3, 98/8, 98/1, 99/3, 98/2/ 5, 99/1, 98/2/5, 99/1, 98/4, 98/5/ 6, 99/1, 98/7, 100/1/3, 101/1, 101/2, 101/5, 101/6, 101/7, 101/8, 102/1, 102/2, 102/ 3, 102/3, 103/1, 101/33, 104/2, 104/1

Kvinnherad kommune: 54/1, 54/2, 54/3, 54/ 4, 54/6, 55/1,55/2, 55/3, 55/4, 55/5, 55/6, 56/ 1, 57/1, 57/2, 57/3, 57/4, 57/5, 58/1, 58/2, 59/ 1, 59/2, 59/4, 59/6, 59/10, 59/11, 59/12, 60/1, 60/2/ 7, 60/3, 60/4/ 5, 60/6, 61/1, 62/1, 62/2, 63/1/ 6, 63/2, 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/ 6, 64/7, 64/8, 64/9, 64/10, 64/11, 64/12, 64/ 13, 64/16, 85/18, 87/1, 90/13/14/15, 64/47, 64/14, 64/59, 66/1, 66/3, 67/1, 68/1, 69/1, 70/ 1, 70/2, 71/1/ 9, 71/2, 71/5, 89,6, 72/1, 72/2, 73/1, 73/2, 74/1, 75/1, 75/2, 75/3, 75/4, 76/1, 76/2, 77/1,77/2, 78/1, 78/1, 80/2, 78/1, 78/1, 78/2, 78/3, 82/1, 82/2, 82/3, 82/4, 82/5, 82/7, 82/8, 82/10, 82/11, 82/12, 82/14, 82/15, 82/ 16, 82/17, 82/19, 82/32, 82/52, 82/60, 82/178, 82/192, 84/1, 84/2, 84/3, 85/1, 85/2, 85/7, 85/ 3/ 20, 85/4, 85/5/ 6, 85/8, 85/9, 85/10, 85/11, 85/12/21/ 30, 85/13, 85/14, 85/15, 85/16, 85/ 17, 85/19, 85/20, 85/28, 86/1, 86/2, 86/3, 86/ 4, 86/5, 87/2, 87/3, 87/4, 87/7, 87/11,87/12, 87/13, 87/14, 87/15, 87/26, 89/1, 89/2, 89/3, 89/4, 89/16, 89/17, 89/18, 89/41, 90/1, 90/2, 90/3, 90/4, 90/5, 90/7, 90/8, 90/9, 90/12, 90/

51, 91/1, 91/2, 91/3, 91/4, 91/5, 91/10, 91/12, 92/1, 92/2, 92/3, 92/4, 92/5, 92/6, 93/1, 93/2, 93/9/16, 93/3, 93/4, 93/5, 94/2, 93/6, 93/7, 93/ 8, 93/13, 93/14, 94/1, 94/3, 94/4, 94/5, 8, 94/ 6, 94/7, 94/9, 95/1, 95/2, 95/3, 95/4, 95/7, 96/ 1, 96/2, 98/1, 98/2, 98/3, 98/4, 99/1, 100/1, 100/2, 100/3, 100/4, 100/5, 100/7, 100/9, 100/ 10, 100/11, 100/13, 100/14, 100/19, 101/1, 102/1, 102/2, 103/1, 103/2, 103/3, 105/1, 105/ 2, 105/3, 106/1, 107/1, 108/1, 108/2, 108/3, 109/1, 109/3, 110/1, 110/2, 111/1, 111/2, 111/ 2, 111/3, 112/1, 112/2, 112/3, 112/7, 112/13, 112/14, 112/15, 112/16, 112/17, 112/18, 112/ 21, 115/2, 115/3, 104/2, 251/1, 251/2, 285/1

Odda kommune: 35/1, 36/14, 35/3, 35/4, 36/ 2, 36/1, 37/1, 37/2, 37/3, 37/3, 37/4, 37/5, 37/ 6, 37/7, 37/8, 45/1, 46/1, 47/1/ 2, 48/3, 48/4/ 5/ 8, 49/1, 49/2, 49/3, 49/4, 49/5, 49/6, 50/ 1,50/2, 50/3, 50/5, 50/11, 50/12, 51/1/4, 52/4, 51/2, 51/3, 51/5, 52/1, 52/2/ 3, 52/5, 52/6, 52/ 7, 52/8, 53/2, 53/2, 53/1, 53/2, 60/2, 60/ 6, 60/10/1, 61/11, 62/1, 63/1, 63/2, 64/4/1, 63/ 3, 63/4, 63/5, 64/2/294, 64/3/294, 64/5/294, 64/60, 65/1/ 2, 66/1, 66/2, 66/3, 66/4, 67/1, 68/1, 68/2/3, 69/1, 69/2, 70/1, 70/2

Ullensvang herad: 47/1,47/2, 47/3, 47/4, 47/ 5,47/ 6, 47/8, 48/1, 49/1, 50/1, 50/2, 50/3, 50/ 4, 51/1, 51/3, 51/4, 51/7, 52/1, 52/2, 52/3, 52/ 4, 53/1, 53/2, 53/3, 53/4, 53/5, 54/1, 54/2, 54/ 3, 54/4, 54/5, 54/6, 54/7, 54/8, 54/9, 56/1, 56/ 2, 3

Det samla arealet er om lag 573 km².

Grensene for nasjonalparken er synt på vedlagde kart i målestokk 1:.... datert Miljøverndepartementet....

Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal merkast av i marka. Knekkpunktka skal koordinatfestast.

Kartet og verneforskriftene finst i kommunane, hjå Fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av nasjonalparken er å:

- ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre,
- ta vare på verdfull vassdragsnatur,
- sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar,
- sikre viktige geologiske førekomstar,
- sikre verdfulle kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Vern mot inngrep i landskapet.

Området er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, andre varige eller mellombelse innretningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving, utfylling og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossilar, drenering og anna form for tørrleggjing, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, merking av stiar og løyper o.l. Oppstillinga er ikkje uttømande.

1.2 Reglane i pkt. 1.1

er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar, eksisterande vegar og andre innretningar, luftleidningar, kraftanlegg, vatningsanlegg og andre innretningar som er naudsynte for drift av turlagshytter, stolar m.m. Vedlikehald av bygningar omfattar ikkje ombygging eller utviding av bygningar. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk.
- (b) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt i samsvar med forvaltningsplan.

1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Ombygging og utviding av bygningar. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet i området.
- (b) Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller anna naturskade.
- (c) Oppføring av bygningar og anlegg i samband med oppsyn.
- (d) Bygging av bruer og klopper.
- (e) Merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar i samsvar med forvaltningsplan.

(f) Oppsetjing av gjerde i samband med beite eller tiltak for å hindre skorfeste.

2. Plantelivet

2.1 Vern av vegetasjon

Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydeleggjing som ikkje kjem av vanleg ferdslø og tradisjonell beiting i utmark. Det er forbode å innføre nye planteartar. Såing, treslagskifte og planting er ikkje tillate.

2.2 Reglane i pkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- (a) Bruk av området til beite.
- (b) Skånsom bruk av trevirke til bålbrenning.
- (c) Plukking av bær og matsopp.
- (d) Plukking av vanlege plantar og friske kvistar til eigen bruk.

2.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til hogst av ved til hytter og stolar i nasjonalparken.

2.4 Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere beite som kan skade eller øydeleggje naturmiljøet.

3. Dyrelivet

3.1 Vern av dyrelivet

Dyrelivet, inkludert hi, reir, hekke-, yngle- og gyteplassar er freda mot skade og unødig uroing. Utsetjing av dyr på land og i vatn er forbode. Kalking i vassdrag er ikkje lov utan særskilt løyve.

3.2 Reglane i pkt 3.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Jakt og fangst etter lov om viltet sine reglar.
- (b) Fiske etter lov om laksefisk og innlandsfisk sine reglar

3.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Kalking av vatn og elvar for å hindre at ein art døyr ut. Forvaltingsplanen kan fastsetje referanseområde der kalking er forbode.
- (b) Tiltak for å fremje fiske, når slike tiltak elles ikkje strid mot føremålet med vernet.

4. Kulturminne

4.1 Kulturminne skal sikrast mot skade og øydeleggjing. Lause kulturminne skal ikkje flyttast eller fjernast.

4.2 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til restaurering og skjøtsel av kulturminne.

5. Ferdslø

5.1 Generelt om ferdslø

All ferdslø og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne.

5.2 Organisert ferdslø

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemd til fots

i regi av turlag, skular, barnehagar og ideelle lag.

Annan organisert ferdslø, kommersiell bruk og andre former for ferdslø som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve.

5.3 Sykking og bruk av hest

Organisert bruk av sykkel og hest er berre tillate langs trasear som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen.

5.4 Regulering av ferdslø

Innanfor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby all ferdslø som kan vere til skade for naturmiljøet.

5.5 Omleggjing av stiar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltingsstyresmakta leggje om eller kreve fjerna merking av stiar og løyper.

5.6 Generelle unntak for ferdslø

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje naudsynt ferdslø i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtels-, oppsyns- og forvaltingsoppgåver.

6. Motorferdslø

6.1 Forbod mot motorferdslø

Motorferdslø er forbode på land og vatn, og i lufta under 300 meter.

6.2 Reglane i pkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Naudsynt motorferdslø i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtels-, oppsyns- og forvaltingsoppgåver.

6.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Øvingskøyring til føremål nemnt i pkt. 6.2 a.
- (b) Motorferdslø i samband med husdyrhald og vedhogst.
- (c) Motorferdslø for transport av material til hytter, klopper m.m., og av brenslø, utstyr og proviant til hytter og buer
- (d) Motorferdslø i samband med vitenskaplege granskningar.

(e) Motorferdslø i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning ol.

7. Ureining

7.1 Ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Bruk av motor på isbor, modellfly, modellbåt o.l. er forbode.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitenskaplege granskningar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege høve når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

§ 5 FORVALTINGSPLAN

Det skal utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilretteleggjing, informasjon og rådgjeving. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for fremje føremålet med vernet.

§ 6 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for verneforskrifta.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Forvaltingsstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av nasjonalparken.

§ 8 IVERKSETJING

Denne forskrifta trer i kraft straks.



Foto: Anniken Friis



Frå Smyttetjern, Odda

Vern av Hatteberg/Guddalsdalen landskapsvernområde i Kvinnherad kommune i Hordaland fylke

Foto: Anniken Friis



Melderskin og Laurdalsbotn.

Hatteberg/Guddalsdalen landskapsvernområde

er tett oppunder 18 km² stort og såleis det nest største landskapsvernområdet i fylkesmannen sitt verneframlegg. Viktige landskapstrekk her er fjelltoppane Melderskin og Malmanger-nuten, forutan fleire viktige vassdrag. Hattebergvassdraget er regulert til kraftføremål frå tidlegare tid — dette er grunnen til landskapsvernområdet går langt inn i fjellet og femner om reguleringsmagasina Prestavatn og Svartavatn.

Nærleiken til Baroniet i Rosendal gjer dette området unikt i nasjonal målestokk i landskaps- og kulturmiljø-samanheng.



Fastsett ved kgl. res avi medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 5 og § 6, jamfør §§ 21, 22, og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

Kartet og verneforskrifta finst i Kvinnherad kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet vedkjem følgjande gnr/bnr:

Kvinnherad kommune: 87/1, 87/2, 87/3, 87/4, 87/11, 87/12, 87/13, 87/14, 87/15, 87/26.

Det samla arealet er på om lag 17974 daa. Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:..000, datert Miljøverndepartementet

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av Hatteberg landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen fra dalføret opp mot høg fjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturturinne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1 Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper, oppsetjing av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar og tekniske innretningar knytt til kraftutbygging o.l. Alt vedlikehaldsarbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk. Arbeidet skal ikkje føre til endra utsjånad eller storleik på bygningar. Andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalden.
- (b) Vedlikehald av vegar i landskapsvernområdet.
- (c) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltingsplan.
- (d) Anlegg for sanking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltingsplan. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.
- (e) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite.

1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
- (b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
- (c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.
- (d) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggeskikk.
- (e) Rydding av nytt innmarksbeite.

(f) Byggjing av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.

(g) Merking og opparbeiding av turstiar.

(h) Tiltak for å hindre skorfeste.

2. Plantelivet

2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydeleggjing. Det er forbode å innføre nye planteartar.

2.2 Beite

Beite er tillate.

2.3 Hogst

Reglane i punkt 2.1 er ikkje til hinder for:

(a) Hogst av ved til eigen bruk.

(b) Avverkning av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og naudsynte skogkulturtiltak i samsvar med forvaltingsplan.

(c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.

3. Dyrelivet

3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar i landskapsvernområdet.

3.2 Jakt og fiske

Jakt og fangst er tillate etter lov om viltet sine reglar.

Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova sine reglar.

4. Ferdsel

4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemnd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemd til fots, som turar i regi av turlag, skular, barnehagar og ideelle lag.

Anna organisert ferdsel og ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta.

4.3 Sykling og bruk av hest

Organisert bruk av hest og sykkel er berre lovleg på vegar og trasear som er fastlagd gjennom forvaltingsplanen eller på anna vis godkjent av forvaltingsstyresmakta.

4.4 Regulering av ferdsel

Innanfor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved for-

skrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

4.5 Generelle unntak for ferdsel

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje naudsynt ferdsel i samband med militær, operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsopp-gåver.

5. Motorferdsel

5.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på vatn og i lufta under 300 meter, samt på land utanom vegane.

5.2 Reglane i pkt 5.1 gjeld ikkje:

(a) Motorferdsel ved militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsopp-gåver.

(b) Motorferdsel i samband med drift av landbruksareal.

(c) Motorferdsel i samband med vedhogst, jf. punkt 2.3.

(d) Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning o.l.

(e) Naudsynt motorferdsel i samband med storviltjakt.

5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

(a) Motorisert transport i samband med transport av saltstein o.l. for husdyr på beite.

(b) Nødvendig motorisert transport av material, utstyr og proviant til stølshus, hytter, o.l.

5.4 Regulering av motorferdsel

Forvaltingsstyresmakta kan forby eller regulere motorferdsel på vegane i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltingsplan, dersom dette er naudsynt for å sikre verneføremålet.

§ 6 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitenskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

§ 7 FORVALTINGSPLAN

Forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilretteleggjing, informasjon m.m. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 8 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for verneforskrifta.

§ 9 RÅDGJEVANDE UTVAL

Forvaltingsstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av landskapsvernområdet.

§ 10 IVERKSETJING

Denne forskrifta trer i kraft straks.



Parti frå elvesletta i Muradalen.

Foto: Stein Byrkjeland

Vern av Ænesdalen landskapsvernområde i Kvinnherad kommune i Hordaland fylke

Foto: Ingvar Grastveit



Ænesdalen landskapsvernområde

er 4590 daa og dekkjer dei nedre delane av Ænesdalen. Det største særpreget i dalføret er elva, som er ei av dei siste som finst att i Hordaland som er naturleg meandrerande. Dette var i høg grad eit viktig moment då Æneselva vart varig verna mot kraftutbygging i 1993. Æneselva er også ei viktig sjøareelv.

Elles er skogen eit dominerande landskapselement i dalføret, og mykje av skogen er etter måten lett å drive. Såleis står her i dag ganske mykje kulturskog både av gran og furu, og det er mange spor etter hogst dei siste tiåra. Ænesdalen har i utgangspunktet dei største registrerte skogverdiane i planområdet for verneplanen. Det vert såleis viktig å trekke opp rammene for korleis skogen kan drivast dersom området vert verna.



Fastsett ved kgl. res avi medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 5 og § 6, jamfør §§ 21, 22, og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet vedkjem følgjande gnr/bnr:

Kvinnherad kommune: 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/6, 64/7, 64/8, 64/9, 64/10, 64/11, 64/12, 64/13, 64/14, 64/16, 64/47.

Det samla arealet er på om lag 4590 daa. Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:....000, datert Miljøverndepartementet

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kartet og verneforskrifta finst i Kvinnherad kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av Ænesdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen fra dalføret opp mot høg fjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald

- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1 Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper, oppsetjing av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar og tekniske innretningar knytt til kraftutbygging o.l. Alt vedlikehaldsarbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk. Arbeidet skal ikkje føre til endra utsjånad eller storleik på bygningar. Andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard oppretthaldast.
- (b) Vedlikehald av vegar i landskapsvernområdet.
- (c) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltingsplan
- (d) Anlegg for sanking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltingsplan. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.
- (e) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite

1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
- (b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
- (c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.
- (d) Oppføring av nye bygningar som er

- naudsynte i samband med landbruksdrift. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggeskikk.
- (e) Rydding av nytt innmarksbeite.
 - (f) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.
 - (g) Merking og opparbeiding av turstiar.
 - (h) Tiltak for å hindre skorfeste.

2. Plantelivet

2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydeleggjing. Det er forbode å innføre nye planteartar.

2.2 Beite

Beite er tillate.

2.3 Hogst.

Reglane i punkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- (a) Hogst av ved til eigen bruk.
- (b) Avverkning av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og naudsynte skogkulturtiltak i samsvar med forvaltingsplan.
- (c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.

3. Dyrelivet

3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar i landskapsvernområdet.

3.2 Jakt og fiske

Jakt og fangst er tillate etter lov om viltet sine reglar.

Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova sine reglar.

4. Ferdsl

4.1 Generelt om ferdsl

All ferdsl skal skje med varsemnd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsl

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemnd til fots, som turar i regi av turlag, skular, barnehagar og ideelle lag.

Anna organisert ferdsl og ferdsl som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta.

4.3 Sykling og bruk av hest

Organisert bruk av hest og sykkel er berre lovleg på vegar og trasear som er fastlagde gjennom forvaltingsplanen eller på anna vis godkjende av forvaltingsstyresmakta.

4.4 Regulering av ferdsl

Innanfor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsl som kan vere til skade for naturmiljøet.

4.5 Generelle unntak for ferdsl

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje naudsynt ferdsl i samband med militær, operativ verksemnd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsopp-gåver.

Foto: Ingvar Graastveit



skog og anna landbruksareal.

(c) Motorferdsl i samband med vedhogst, jf. punkt 2.3.

(d) Motorferdsl i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning o.l.

(e) Naudsynt motorferdsl i samband med storviltjakt.

5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

(a) Motorisert transport i samband med transport av saltstein o.l. for husdyr på beite.

(b) Naudsynt motorisert transport av material, utstyr og proviant til stølshus, hytter, o.l.

(c) Motorisert transport på vegane i Aenesdalen i samband med turar i regi av turlag, skuler, foreningar o.l.

5.4 Regulering av motorferdsl

Forvaltingsstyresmakta kan forby eller regulere motorferdsl på vegane i landskapsvernområdet dersom dette er naudsynt for å sikre verneformålet.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitenskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

§ 5 FORVALTINGSPLAN

Forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilretteleggjing, informasjon m.m. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for verneforskrifta.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Forvaltingstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av nasjonalparken.

§ 8 IVERKSETJING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vern av Bondhusdalen landskapsvernområde i Kvinnherad kommune i Hordaland fylke

Foto: Anniken Friis



Bondhusdalen landskapsvernområde

er oppunder 16,7 km² stort og femner om nedre del av Bondhusdalen og fjellområda søraust for denne. Det er ein av dei mest nytta innfallsportane til breen ettersom tilkomsten inn til ein brearm er kort her. Særleg populært er området for dagsbesøk.

Elva i dalbotnen har framleis god vassføring sjølv om delar av nedbørsfeltet er ført nordaustover til Mysevatnet. Nettopp dette naturinngrepet i form av ei tidlegare kraftregulering er grunnen til at landskapsvernområdet strekkjer seg så langt opp mot Bondhusbreen som det gjer. Det ligg i dag føre nye tankar om småkraftverk i Pyttelva, som drenerer til Bondhusvatnet.



Fastsett ved kgl. res. avi medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 5 og § 6, jamfør §§ 21, 22, og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet vedkjem følgjande gnr/bnr:

Kvinnherad kommune: 59/1, 59/2, 59/4, 59/6, 59/10, 59/11, 59/12, 60/1, 60/2,7, 60/3, 60/4,5, 60/6

Det samla arealet er på om lag 11215 daa. Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:....000, datert Miljøverndepartementet

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kartet og verneforskrifta finst i Kvinnherad kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av Bondhusdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet

- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Almenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1 Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper, oppsetjing av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstifelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar og tekniske innretningar knytt til kraftutbygging o.l. Alt vedlikehaldsarbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk. Arbeidet skal ikkje føre til endra utsjånad eller storleik på bygningar. Andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalden.
- (b) Vedlikehald av vegar i samsvar med forvaltingsplan.
- (c) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltingsplan.
- (d) Anlegg for sanking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltingsplan. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.
- (e) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite.

1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
- (b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
- (c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.

- (d) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.
- (e) Rydding av nytt innmarksbeite.
- (f) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.
- (g) Merking og opparbeiding av turstiar.
- (h) Tiltak for å hindre skorfeste.

2. Plantelivet

2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

2.2 Beite

Beite er tillate.

2.3 Hogst.

Reglane i punkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- (a) Hogst av ved til eigen bruk.
- (b) Avverkning av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og naudsynte skogkulturtiltak i samsvar med forvaltingsplan.
- (c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.

3. Dyrelivet

3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar i landskapsvernområdet.

3.2 Jakt og fiske

Jakt og fangst er tillate etter lov om viltet sine reglar.
Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova sine reglar.

4. Ferdsl

4.1 Generelt om ferdsl

All ferdsl skal skje med varsemnd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2. Organisert ferdsl

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemnd til fots, som turar i regi av turlag, skular, barnehagar og ideelle lag.

Anna organisert ferdsl og ferdsl som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta.

4.3 Sykling og bruk av hest

Organisert bruk av hest og sykkel er berre lovleg på vegar og trasear som er fastlagd gjennom forvaltingsplanen eller på anna vis godkjent av forvaltingsstyresmakta.

4.4 Regulering av ferdsl

Innanfor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsl som kan vere til skade for naturmiljøet.

4.5 Generelle unntak for ferdsl

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje naudsynt ferdsl i samband med militær, operativ verksemnd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsoppgåver.

5. Motorferdsl

5.1 Forbod mot motorferdsl

Motorferdsl er forbode på vatn, i lufta under 300 meter og på land utanom vegane.

5.2 Reglane i pkt 5.1 gjeld ikkje:

- (a) Motorferdsl ved militær operativ verksemnd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels- oppsyns- og forvaltingsoppgåver
- (b) Motorferdsl i samband med drift av landbruksareal
- (c) Motorferdsl i samband med vedhogst, jfr. punkt 2.3.
- (d) Motorferdsl i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning o.l.
- (e) Nødvendig motorferdsl i samband med storviltjakt.

5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Motorisert transport i samband med transport av saltstein o.l. for husdyr på beite.
- (b) Naudsynt motorisert transport av material, utstyr og proviant til stølshus, hytter, o.l.

5.4 Regulering av motorferdsl

Forvaltingsstyresmakta kan forby eller regulere motorferdsl på vegane i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltingsplan, dersom dette er naudsynt for å sikre verneføremålet.

§ 6 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gje unntak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitenskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

§ 7 FORVALTINGSPLAN

Forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilretteleggjing, informasjon m.m. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 8 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for verneforskrifta.

§ 9 RÅDGJEVANDE UTVAL

Forvaltingstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av nasjonalparken.

§ 10 IVERKSETJING

Denne forskrifta trer i kraft straks.



Parti frå Bondhusvatnet.

Vern av Buer landskapsvernområde i Odda kommune i Hordaland fylke

Foto: Anniken Friis



Buer landskapsvernområde

er om lag 16,7 km² stort. Det dekkjer eit dalføre med lett tilkomst inn mot ein av brearmene til Folgefonna, samt fjellområda kring Ruklenuten i nord. Avgrensinga i nord er sett for å unngå eksisterande reguleringsinngrep av Blåvatn og vassdraget nedanfor i verneområdet.

Dette er einaste staden innanfor fylkesmannen sitt framlegg til vern av områda kring Folgefonna at det finst fastbuande i dag, og vernereglane gjev sjølvstøtt rom for det. Mellom anna er det ikkje særskilte restriksjonar på motorferdsel på eksisterande bilvegar i landskapsvernområdet.



Fastsett ved kgl. res. avi medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 5 og § 6, jamfør §§ 21, 22, og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet vedkjem følgjande gnr/bnr:

Odda kommune: 50/1, 50/2, 50/3, 50/5, 50/11, 50/12, 51/1, 4-52/4, 51/2, 51/3, 51/5, 52/1, 52/1, 52/2, 3, 52/5, 52/6, 52/7, 52/8

Det samla arealet er på om lag 16680 daa. Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:.....000, datert Miljøverndepartementet

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kartet og verneforskrifta finst i Odda kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FØREMÅL

Formålet med opprettinga av Buer landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i

- naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekemstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1 Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper, oppsetjing av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- Vedlikehald av bygningar og tekniske innretningar knytt til kraftutbygging o.l. Alt vedlikehaldsarbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk. Arbeidet skal ikkje føre til endra utsjånad eller storleik på bygningar. Andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalden.
- Vedlikehald av vegar i landskapsvernområdet .
- Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltingsplan
- Anlegg for sanking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltingsplan. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.
- Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite.

1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

- (b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
- (c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.
- (d) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggeskikk.
- (e) Rydding av nytt innmarksbeite.
- (f) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.
- (g) Merking og opparbeiding av turstiar.
- (h) Tiltak for å hindre skorfeste.

2. Plantelivet

2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

2.2 Beite

Beite er tillate.

2.3 Hogst.

Reglane i punkt 2.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Hogst av ved til eigen bruk
- (b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og nødvendige skogkulturtiltak i samsvar med forvaltingsplan.
- (c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.

3. Dyrelivet

3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar i landskapsvernområdet.

3.2 Jakt og fiske

Jakt og fangst er tillate etter lov om viltet sine reglar.

Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova sine reglar.

4. Ferdsl

4.1 Generelt om ferdsl

All ferdsl skal skje med varsemnd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsl

Reglane i denne forskrift er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemnd til fots, som turar i regi av turlag, skular, barnehagar og ideelle lag.

Anna organisert ferdsl og ferdsl som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta.

4.3 Sykling og bruk av hest

Utanom bilvegen i Buerdalen er organisert bruk av hest og sykkel berre lovleg på vegar og trasear som er fastlagd gjennom forvaltingsplanen eller på anna vis godkjent av forvaltingsstyresmakta.

4.4 Regulering av ferdsl

Innanfor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsl som kan vere til skade for naturmiljøet.

4.5 Generelle unntak for ferdsl

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje naudsynt ferdsl i samband med militær, operativ verksemnd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyn og forvaltingsopp-gåver.

5. Motorferdsl

5.1 Forbod mot motorferdsl

Utanom bilvegen i Buerdalen er motorferdsl forbode på vegar på land, i vatn og i lufta under 300 meter.

5.2 Reglane i pkt 5.1 gjeld ikkje:

- (a) Motorferdsl ved militær operativ verksemnd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsopp-gåver.
- (b) Motorferdsl i samband med drift av landbruksareal.
- (c) Motorferdsl i samband med vedhogst, jf. punkt 2.3.
- (d) Motorferdsl i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning o.l.

5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Motorisert transport i forbindelse med transport av saltstein o.l. for husdyr på beite.
- (b) Naudsynt motorisert transport av material, utstyr og proviant til stølshus, hytter, o.l.

5.4 Regulering av motorferdsl

Forvaltingsstyresmakta kan forby eller regulere motorferdsl på vegane i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltingsplan, dersom dette er naudsynt for å sikre verneføremålet.

§ 6 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitskapelege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

§ 7 FORVALTINGSPLAN

Forvaltingsstyresmakta kan setje i gang verk for å fremje føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 8 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakt etter verneforskrifta.


§ 9 RÅDGJEVANDE UTVAL

Forvaltningstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av nasjonalparken.

§ 10 IVERKSETJING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Foto: Anniken Frits



Vern av Vetrhus/Botnane landskapsvernområde i Kvinnherad og Etne kommunar i Hordaland fylke

Foto: Anniken Friis



Vetrhus/Botnane landskapsvernområde

er 36,7 km² og såleis det største landskapsvernområdet i fylkesmannen sitt framlegg til verneplan. Området strekkjer seg frå brekappa heilt sør på fonna ned til og med Eikemostølen, som er einaste stad i verneområda ein framleis har aktiv stølsdrift. Området har allsidige landskapskvalitetar. Det ligg føre planar om utbygging av store delar av kraftpotensialet her, nærområda i vest er allereie sterkt påverka av Blåfalli-utbygginga.

Biletet ovanfor er teke like nedanfor breporten ved Inste Botnane. Grensa opp mot nasjonalparken går nett gjennom dette området etter fylkesmannen sitt høyringsframlegg.



Fastsett ved kgl. res. avi medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 5 og § 6, jamfør §§ 21, 22, og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet vedkjem følgjande gnr/bnr:

Etne kommune: 93/1, 95/1, 95/2, 95/3, 95/4, 95/ 6, 95/10, 151,1

Kvinnherad kommune: 104/2, 251/2, 285/1

Det samla arealet er på om lag 36713 daa. Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:....000, datert Miljøverndepartementet

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kartet og verneforskrifta finst i Kvinnherad og Etne kommunar, hjå Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av Vetrhus/Botnane landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i natu-

- ren frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1 Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og kløpper, oppsetjing av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Oppstillinga er ikkje uttømande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar og tekniske innretningar knytt til kraftutbygging o.l. Alt vedlikehaldsarbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk. Arbeidet skal ikkje føre til endra utsjånad eller storleik på bygningar. Andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalden.
- (b) Vedlikehald av vegar i landskapsvernområdet.
- (c) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltingsplan
- (d) Anlegg for sanking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltingsplan. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.
- (e) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite

1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
- (b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
- (c) Riving av bygningar som pregar

landskapet sin art og karakter.

(d) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggeskikk.

(e) Rydding av nytt innmarksbeite.

(f) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.

(g) Merking og opparbeiding av turstiar.

(h) Tiltak for å hindre skorfeste.

2. Plantelivet

2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydeleggjing. Det er forbode å innføre nye planteartar.

2.2 Beite

Beite er tillate.

2.3 Hogst.

Reglane i punkt 2.1 er ikkje til hinder for:

(a) Hogst av ved til eigen bruk.

(b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og naudsynte skogkulturiltak i samsvar med forvaltingsplan.

(c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.

3. Dyrelivet

3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar i landskapsvernområdet.

3.2 Jakt og fiske

Jakt og fangst er tillate etter lov om viltet sine reglar.

Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskeleva sine reglar.

4. Ferdsl

4.1 Generelt om ferdsl

All ferdsl skal skje med varsemnd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljøet eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsl

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemnd til fots, som turar i regi av turlag, skular, barnehagar og ideelle lag.

Anna organisert ferdsl og ferdsl som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta.



Foto: Anniken Friis



Nedre delar av Eikemostølen med Skreddalen i bakgrunnen.

4.3 Sykling og bruk av hest

Organisert bruk av hest og sykkel er berre lovleg på vegar og trasear som er fastlagd gjennom forvaltingsplanen eller på anna vis godkjent av forvaltingsstyresmakta.

4.4 Regulering av ferdsl

Innanfor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsl som kan vere til skade for naturmiljøet.

4.5 Generelle unntak for ferdsl

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje naudsynt ferdsl i samband med militær, operativ verksemnd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsopp-gåver.

5. Motorferdsl

5.1 Forbod mot motorferdsl

Motorferdsl er forbode på vatn, i lufta under 300 meter og på land utanom vegane.

5.2 Reglane i pkt 5.1 gjeld ikkje:

(a) Motorferdsl ved militær operativ verksemnd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels- oppsyns- og forvaltingsopp-gåver.

(b) Motorferdsl i samband med drift av landbruksareal.

(c) Motorferdsl i samband med vedhogst, jf. punkt 2.3.

(d) Motorferdsl i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning o.l.

(e) Naudsynt motorferdsl i samband med storviltjakt.

5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

(a) Motorisert transport i samband med transport av saltstein o.l. for husdyr på beite.

(b) Naudsynt motorisert transport av material, utstyr og proviant til stølshus, hytter, o.l.

5.4 Regulering av motorferdsl

Forvaltingsstyresmakta kan forby eller regulere motorferdsl på vegane i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltingsplan, dersom dette er naudsynt for å sikre verneføremålet.

§ 6 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitenskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

§ 7 FORVALTINGSPLAN

Forvaltingsstyresmakta kan setje i gang tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med nærmare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilretteleggjing, informasjon m.m. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 8 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for verneforskrifta.

§ 9 RÅDGJEVANDE UTVAL

Forvaltingsstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av nasjonalparken.

§ 10 IVERKSETJING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Foto: Anniken Friis



Kjerringbotn

DEL D

VEDLEGG



Frå Mosneselva i Etne.

Vedlegg 1

UTGREIINGSPROGRAMMET

Direktoratet for naturforvaltning fastsette følgjande utgreiingsprogram (brev av 12.02.02 til fylkesmannen i Hordaland).

UTGREIINGSPROGRAM FOR VERNEPLAN FOR FOLGEFONNA

Konsekvensutgreiinga skal omfatte følgjande:

Presentasjon av verneplanen

- gjere greie for bakgrunnen og formålet med verneplanen,
- gjere ein omtale av verneplanen og dei aktuelle alternativa,
- presentere framlegg til forskrifter
- framstille dei aktuelle avgrensingsalternativa på kart,
- gjere ein omtale av verneplanprosessen,
- presentere ein tidsplan for gjennomføring av arbeidet,
- gjere greie for kva for arbeidskraft som krevjast i planleggingsfasen og i forvaltningsfasen.

Omtale av miljø, naturressursar og samfunn

- gjere greie for naturforholda i området med fokus på verneverdiar, deriblant landskap, botanikk, zoologi og geologi,
- gjere greie for kulturminne og -miljø,
- gjere ei framstilling av administrative og demografiske forhold,
- gjere greie for arealbruk og eventuelle bruksplanar,
- gjere greie for kommunale, fylkeskommunale og statlege planer og retningslinjer for området, og for forholdet til disse
- gjere greie for eventuelle offentlege eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføringa
- gjere greie for kva for kjende økonomisk utnyttbare naturressursar som blir berørt av vernet

Ei utgreiing av 0-alternativet

- 0-alternativet skal ta utgangspunkt i forventa utvikling i området dersom det ikkje blir verna i medhald av naturvernlova. Ein må ta utgangspunkt i dagens situasjon i området og framskriva forventa utvikling basert på dei planer, retningslinjer og verkemidlar som er aktuelle. Tidsperspektivet for framskrivinga må minst vere fram til eit eventuelt vern skulle ha vore vedteke. Dersom ein veit at aktuelle rammer eller verkemidlar vil bli endra i overskueleg framtid, skal ein ta omsyn til det i framskrivinga.

Ei utgreiing av direkte og indirekte konsekvensar av vernet for miljø, naturressursar og samfunn

Utgreiinga skal ta utgangspunkt i vernealternativa A, B, C, D og 0-alternativet. Avgrensing av dei ulike alternativa til vern framgår av vedlagde kart. Standard forskrifter ligg også ved.

(1) Verneverdiane

- (A) Utgreiinga skal vise konsekvensane av dei ulike vernealternativa for verneverdiane, som vegetasjon, flora, fauna, geofag, vassdrag, kulturminne, kulturmiljø og landskap. Korleis vil dei ulike vernealternativa sikre

verneverdiane eller føre til eventuelle andre konsekvensar?

- (B) Utgreiinga skal vise konsekvensane for verneverdiane dersom området ikkje blir verna, dvs 0-alternativet.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utgreiar. Kulturminne-interessene skal utgreiast i samarbeid med Fylkeskommunen.

(2) Naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon

- (A) Utgreiinga skal vise korleis dei ulike vernealternativa vil kunne sikre moglegheita for slike opplevingar og aktivitetar, og om eit vern vil kunne endre vilkåra for slike aktivitetar.

- (B) Vil eit vern kunne føre til endringar i mengde eller former for ferdsle i området, i så fall, vil dette få konsekvensar for verneverdiane?

- (C) Kva for moglegheiter gjev eit vern for regulering/styring av eventuell uheldig ferdsle?

- (D) Utgreiinga skal vise konsekvensane for naturoppleving, friluftsliv og rekreasjon dersom området ikkje blir verna.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utgreiar.

(3) Landbruk

- (A) Utgreiinga skal vise om alternativ A, B og C vil sikre mot irreversibel omdisponering av landbruksareal, som dyrka-/overflatedyrka areal og beitemark.

- (B) Utgreiinga skal vise om alternativ A, B og C vil få konsekvensar for forvaltninga av beitebruken.

- (C) Vil alternativ A og B kunne få konsekvensar for motorisert ferdsle knytt til landbruksnæringa?

- (D) Vil alternativ A og B få konsekvensar for skogsdrifta i området?

- (E) Vil alternativ A og B få konsekvensar for utviding og nybygging av landbruksbygningar, inkludert eksisterande stølsmiljø?

- (F) Vil alternativ A og B få konsekvensar for planar om å gjenreise gamle stølar og stølsmiljø? Dersom det ikkje finst planar for dette skal utgreiinga avgrensast til å gjere greie for gjeldande praksis og overordna retningslinjer for slike tiltak i verneområder.

- (G) Utgreiinga skal vise konsekvensane for landbruksnæringa dersom området ikkje blir verna.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utgreiar.

(4) Fritidshytter

- (A) Utgreiinga skal vise om eit vern vil få konsekvensar for bygging av fritidshytter/utleiehytter i området.

- (B) Utgreiinga skal vise konsekvensane for bygging av hytter dersom området ikkje blir verna.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utgreiar.

(5) Reiseliv/turisme

- (A) Korleis vil eit vern verke inn på aktivitet og tilbod på Folgefonna SommarSkisenter?

- (B) Korleis vil eit vern verke inn på reiselivsnæringa i regionen, inkludert planar om etablering av nasjonalparksenter og utvikling av reiselivsrelatert tilleggsnæring i landbruket?

- (C) Kva for konsekvensar kan ein venta seg for Folgefonna SommarSkisenter, planar om nasjonalparksenter og reiselivsrelatert tilleggsnæring i landbruket i regionen, dersom verneområdet ikkje blir oppretta?

Framgangsmåte: Ekstern utgreiar.

(6) Vassdragsutbygging

(A) Korleis vil tiltaket verke inn på planlagde kraftutbyggingsprosjekt, som konsesjonsøkte prosjekt, prosjekt unnateke frå SP, prosjekt i SP kat I og II, og potensielle nye definerte utbyggingsprosjekt som ikkje er handsama i SP?

(B) Korleis vil eit vern verke inn på drift og vedlikehald av eksisterande anlegg innafor vernegrensene? Utgreiinga skal konsentrerast om dei anlegg som er av ein slik karakter at dei kan inngå i eit verneområde, og aktivitet som må foregå innafor verneområde, sjølv om anlegga ligg utaføre (motorisert ferdsle i samband med snømåling og liknande).

(C) Korleis vil eit vern verke inn på høvet til å bygge mikro-, mini- eller småkraftverk? Då det ikkje ligg føre planar for slike tiltak må utgreiinga avgrensast til å gjere greie for gjeldande praksis og overordna retningsliner for slike tiltak i verneområder.

(D) Utgreiinga skal vise konsekvensane for kraftutbyggingsinteressane dersom området ikkje blir verna.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utgreiar.

(7) Avbøtande tiltak

Utgreiinga skal gjere greie for kva som kan gjerast for å forhindre eller bøte på eventuelle skader og ulemper, som

justeringar i verneforskriftene og vernegrensar, kanalisering av økonomiske verkemidlar og liknande.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utgreiar.

(8) Nærmare undersøkingar

Utgreiinga skal vurdere behovet for, eventuelt framlegg om, nærmare undersøkingar før vernet eventuelt blir vedteke.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utgreiar.

(9) Samanstilling

Utgreiinga skal gje ei samanstilling av konsekvensane, og ein samanlikning og vurdering av alternativa i forhold til konsekvensane, og i forhold til relevante planar, målsetjingar og retningsliner.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utgreiar.

(10) Tiltakshavar si tilråding

Fylkesmannen skal gje si tilråding i val av alternativ.

(11) Overvaking

Utgreiinga skal vurdere behovet for, og eventuelt framlegg om undersøkingar med sikte på å overvake og klargjere dei faktiske verknadene av vernet.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utgreiar.

Vedlegg 2

DEFINISJONAR OG ROLLER

Ansvarleg styresmakt

Ansvarleg styresmakt skal handsame melding og konsekvensutgreiing. Dette inkluderer fastsetjing av utgreiingsprogram og godkjenning av konsekvensutgreiing. Det er Direktoratet for naturforvaltning (DN) som er ansvarleg styresmakt for store vernetiltak (verneplanar).

Konsekvensutgreiing

Føremålet med reglane om konsekvensutgreiing (KU) er å klargjere verknadene av tiltaket. Konsekvensutgreiinga skal vise om tiltaket kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar eller samfunn.

Melding

Meldinga inneheld framlegg til utgreiingsprogram. Denne vert utarbeidd av tiltakshavar tidleg i planfasen og sendast på høyring. Melding om verneplan for Folgefonna var til høyring vinteren 1998-99.

Oppsummeringsnotat

Ansvarleg styresmakt skal utarbeide eit oppsummeringsnotat som gir oversyn over innkomne uttaler. Notatet inneheld ei vurdering av uttalene og grunngeving dersom innspel ikkje er følgd opp i samband med fastsetjing av utgreiingsprogram.

Sluttdokument

Når utgreiingsplikta etter KU-reglane er oppfylt, skal det utarbeidast eit sluttdokument som går til alle som har gitt uttale i saka.

Tiltak

Tiltaket er den aktuelle planen som vert omfatta av lovverket. Verneplanen for Folgefonna som er definert som tiltak.

Tiltakshavar

Tiltakshavar er den som planleggjer og har ansvaret for å gjennomføre tiltaket. Det er Fylkesmannen i Hordaland som er tiltakshavar for verneplanen. Fylkesmannen er ansvarleg for å utarbeide konsekvensutgreiing og verneforslag.

Utgreiingsprogram

Utgreiingsprogrammet skal ta opp dei spørsmål som er naudsynt å klargjere for å ta stode til om eller på kva vilkår tiltaket kan bli gjennomført.

Vedlegg 3

REFERANSEGRUPPE

Mandat

Rådgjevande kontaktorgan for fylkesmannen i arbeidet med verneforslaget.

Funksjon/oppgåver

- ★ Vere arena for innspel og råd frå ulike partar som planarbeidet vedkjem.
- ★ Vere arena for informasjon mellom partane i gruppa.
- ★ Vere eit diskusjonsforum mellom fylkesmannen og ulike partar i planprosessen.
- ★ Medverke til å formidle informasjon ut mot aktuelle høyringsinstansar.

Arbeidsordning/økonomi

- ★ Fylkesmannen leiår møtet og er sekretariat.
- ★ Referansegruppa møter 1-3 gongar/år, inkludert synfaringar.
- ★ Fylkesmannen dekkjer tekniske utgifter til møtet og evt. tapt arbeidsforteneste og reise til grunneigarrepresentant.

REPRESENTANTAR I REFERANSEGRUPPA FOR FOLGEFONNA NASJONALPARK

Kvinnherad kommune	Arne Handegard
Etne kommune	Erik Kvalheim
Ullensvang herad	Olav Johan Reisæter
Jondal kommune	Svein T. Guntveit
Odda kommune	Rolf Bøen
Hordaland fylkeskommune	Gudrun Mathisen
Fylkesmannen, landbruksavd.	Per Aas Moen
Folgefonna grunneigarsamskipnad	Leif Sverre Enes
Folgefonna grunneigarsamskipnad	Bjørn Klette
Statskog Sør- og Vestlandet	Kjell Inge Skjerveggen
Friluftorganisasjonar	Sølve Sundbø
Naturvernorganisasjonar	Ingvild Gåsemyr Sæberg
Landbruksorganisasjonar	Bjarte Naterstad
Kraftselskapa	Sigmund Skjold
Reiselivet	Alexandra Krage Angell

Vedlegg 4

Sakspapir, brev og dokument frå arbeidet med verneplanen

Referat og detaljar finn du på <http://www.miljostatus.no/hordaland>

Verneplan

06.07.00 Invitasjon til samarbeid i planprosessen

Konsekvensutgreiing

- 14.06.01 Utkast til uttreiingsprogram. Brev m/ vedlegg frå fylkesmannen til DN.
- 12.02.02 Fastsett uttreiingsprogram. Brev frå DN til fylkesmannen (sjå Vedlegg I).
- 12.04.02 Orientering om verneplan for Folgefonna. Brev frå fylkesmannen til kommunar, etatar, organisasjonar og grunneigarar.
- 02.04.02 Fastsett uttreiingsprogram. Oppsummeringsnotat.

Referansegruppe for verneplanen

- 21.11.00 Møte i Kvinnherad rådhus.
- 29.08.01 Møte i Eikemo, Etne.
- 10.12.01 Møte i Meieriet kulturhus, Odda.
- 20.06.03 Møte i Jondal rådhus.

Referat frå møte og synfaringar

2001

- 28.06.01 Synfaring Hildal, Kvinnherad.
- 17.07.01 Synfaring Bergstøgdgården m/ utmark, Etne.
- 09.08.01 Synfaring Melsdalen/Myrkaldsvatnet, Kvinnherad.
- 10.08.01 Møte Mosnes, Etne.
- 24.09.01 Synfaring og møte Ænesdalen, Kvinnherad.
- 12.10.01 Møte i Etne rådhus om rutinar knytta til inngrep utanfor arbeidsgrensa.

2002


- 19.06.02 Invitasjon til orienteringsmøte og evt. synfaring, Odda og Ullensvang.
- 25.06.02 Synfaring og møte Espeland.
- 26.06.02 Møte Ase.
- 26.06.02 Synfaring og møte Eide, Tokheim, Eitrheim, Opheim.
- 27.06.02 Synfaring og møte Reiseter og Bleie.
- 27.06.02 Møte Måge.
- 04.07.02 Synfaring Jordal-Fossasete-Buer.
- 04.07.02 Møte Sandvin, Jordal, Strand, Buer.
- 06.06.02 Synfaring Sandvin-Vierdal.
- 10.07.02 Invitasjon til orienteringsmøte og evt. synfaring, Kvinnherad kommune.
- 14.08.02 Synfaring Melsdalen.
- 14.08.02 Møte Seim, Guddalsdal, Naterstad.
- 15.08.02 Synfaring Aursdalen. Dalføre mellom Kvitegga og Kvannto.
- 15.08.02 Møte Omvikedal.
- 16.08.02 Synfaring Skåla, Myrdalsvatnet.
- 16.08.02 Møte Melsdalen, Skåladalen.
- 19.08.02 Møte Muradalen.
- 20.08.02 Synfaring Furebergsdalen.
- 20.08.02 Møte Fureberg, Tveitnes, Enes.
- 21.08.02 Synfaring Bondhusdalen, Fønderdalen.
- 21.08.02 Møte Bondhus, Sunndal, Kroka.
- 22.08.02 Møte Lyngstrand, Løfallstrand.
- 27.09.02 Synfaring Tveitadal.
- 18.10.02 Synfaring Heimadal.
- 13.11.02 Møte Kvinnherad rådhus om rutinar knytta til inngrep innanfor arbeidsgrensa.
- 21.11.02 Møte Odda rådhus om rutinar knytta til inngrep og aktivitet innanfor arbeidsgrensa.
- 29.11.02 Møte og synfaring Baroniet i Rosendal.

REFERANSAR

- Bakke, J., Dahl, S.O. & Diesen, M. 2000. *Folgefonna nasjonalpark. Oppfølgjande utgreiing — kvartærgeologi*. Universitetet i Bergen, Inst. for geografi, rapport 65 s.
- Bakkestuen, V., Erikstad, L., Andersen, O. & Muniz, I.P. 2001. Eitrheims- og Tokheimsvassdraget. Naturmiljø, landskap og friluftsliv. En analyse av verdier og sårbarhet. *NINA Oppdragsmelding 689*: 1-23.
- Bøthner, T.I. & Rolland, T. 2003. *Verneplan for Folgefonna. Konsekvensutgreiing — konsekvensar for landbruket*. Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavd., rapport, 62 s. www.miljostatus.no/hordaland
- Context ANS 2000. *Folgefonna nasjonalpark. Spørreundersøkelse. Landskapsoppleving blant brukarar av Folgefonnområdet*. Rapport, 19 s. www.miljostatus.no/hordaland
- Eide, M. 2003. *Metodikk for «Differensiert forvaltning av Hattebergvassdraget»*. Sluttrapport frå forprosjekt. 31 s. + vedlegg.
- Eiken, T.H. 2003. *Jondal SommarSkisenter — fyrtårn og turistprodukt*. Bjørnefjorden Næringsutvikling, rapport: 1-28.
- Elgersma, A. 2000a. Evaluering av opplevingskvalitet i utvalde dalføre på Folgefonnhalvøya. *NIJOS rapp. 7/2000*: 1-57. www.nijos.no/Publikasjoner/publikasjoner.htm
- Elgersma, A. 2000b. Skildringa av landskapsunderregionar i Hardanger og delar av Sunnhordland. *NIJOS rapp. 8/2000*: 1-49. www.nijos.no/Publikasjoner/publikasjoner.htm
- Finansdepartementet 2002. Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003. *St.prp. nr. 65 (2002-2003)*: 198-216.
- Fylkesmannen i Hordaland 1998. *Folgefonna nasjonalpark med tiliggjande område. Melding om oppstart av verneplanarbeid og forslag til konsekvensutgreiingsprogram*. Brosjyre, 8 s.
- Hordaland fylkeskommune 2000. *Kulturhistoriske registreringar A/S Tyssefaldene. Kraftutbygging i Eitrheims- og Tokheimsvassdraga*. Kulturseksjonen, rapp. 20 s.
- Hordaland fylkeskommune 2002. *Kulturhistoriske registreringer i samband med verneplan for Folgefonna*. Rapport 29: 1-37 + vedlegg. www.miljostatus.no/hordaland
- Kulturlandskapssenteret 2002. Verneplan for Folgefonna. Konsekvensutgreiing tema — reiseliv/turisme. *Hordaland fylkeskommune, rapport*: 1-53. www.miljostatus.no/hordaland
- Kutschera, L. E. 2001. *Kulturmiljø, bygningar og inskripsjonar på Eikemostølen/Vetthus*. Rapport, 14 s. www.miljostatus.no/hordaland
- Kvinnherad kommune 1999. *Registreringsprosjektet for Folgefonna nasjonalpark og kulturminnevern i Rosendal. Delrapport 2. Verneverdiar og brukarinteresser på Folgefonnhalvøya*. Rapport, 101 s.
- Kvinnherad kommune 2000. *Registreringsprosjektet for Folgefonna nasjonalpark og kulturminnevern i Rosendal. Delrapport 1. Kulturminnevern og andre verne- og brukarinteresser i Rosendal*. Rapport, 84 s.
- Miljøverndepartementet 1991. Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge. *St.meld. nr. 62 (1991-92)*: 1-131.
- Moe, B. 2000. Botanisk registrering i forbindelse med konsekvensutredningen av Folgefonna nasjonalpark. *Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2/2000*: 1-20. www.miljostatus.no/hordaland
- Naterstad, J. 2003. *Dokumentasjon og synleggjering av berggrunnsgeologien og det geologiske mangfaldet på Folgefonnhalvøya og innanfor planområdet for verneplanen*. Rosendalsstiftinga, rapp. 2003: 1-30.
- Norges Offentlige Utredninger 1986. Ny landsplan for nasjonalparker. *NOU 1986*: 13. 103 s.
- Overvoll O. 2003. Registrering av fugl og pattedyr i samband med konsekvensutgreiing for Folgefonna nasjonalpark. *Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 13/2003*: 1-16. www.miljostatus.no/hordaland
- Sunnhordland Kraftlag AS, Statkraft SF, Kvinnherad Energi AS & Tyssefaldene A/S 2000. *Folgefonna nasjonalpark. Konsekvensutgreiing vasskraft juni 2000. Kartlegging av vasskraftressursar innanfor og i tilknytning til utgreiingsområdet etter melding frå Fylkesmannen i Hordaland*. Rapport, 31 s. + vedlegg.
- Teigland, J. 2002. Næringsmessige konsekvenser av vern i naturvernomsråder. *Vestlandsforskning Rapport 5/2002*: 1-71.
- Timmermann, V. 2001. *Mykologiske undersøkelser i Kvinnherad kommune. Rapport fra fagkurset 2001*. 20 s. www.miljostatus.no/hordaland

Ein del av rapportane i referanselista over finn du på fylkesmannen sine heimesider. Her kan du lese innhaldet meir i detalj, og også laste ned rapporten for utskrift på papir. For desse rapportane står internett-adressa innskrevet med blått etter referansen. På nettstaden til Miljøstatus finn du dessutan informasjon om korleis du kan få tak i dei rapportane ovanfor som ikkje er laga der.

Foto: Anniken Friis



Frå Sandvikedalen i Etna.



Midt-Fonna sett mot NV. Heilt til venstre i bildet ligg Blådalsvatnet i Kvinnherad. Dette vatnet er allereie reguleringsmagasin i samband med Folgefonn-verka, og kan nedtappast inntil 54 m. Dette gjer det uaktuelt å gjere framlegg om nasjonalparkstatus her, så den føreslegne grensa for nasjonalparken er teikna like innom dette vatnet. Det er i dette området ein eventuell nasjonalpark synest å verte smalast, på grunn av eksisterande tekniske inngrep i fjellet.

ISBN: 82-8060-022-1. ISSN: 0804-6387

© Fylkesmannen i Hordaland 2003

Prosjektleiar og rapportforfattar: Anniken Friis, Fylkesmannen i Hordaland

Redigering, repro og layout: Stein Byrkjeland, Fylkesmannen i Hordaland

Kartframstilling og GIS-data: Trond Rolland, Fylkesmannen i Hordaland

Trykk: Arne Steen's Offsettrykkeri, Bergen

Rapporten er også utlagt på internett:

www.miljostatus.no/hordaland

Denne rapporten skal refererast slik:

Fylkesmannen i Hordaland 2003. Folgefonna nasjonalpark med tilliggjande område for landskapsvern. Konsekvensutgreiing og verneframlegg — høyringsutgåve august 2003. *Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 15/2003: 1-90.*

Sjekk miljøstatus i Hordaland!

Vil du halde deg oppdatert på kva som skjer på miljøvernfronten i Hordaland, bør du vitje heimesidene til fylkesmannen jamnleg. Det siste året har miljøvernavdelinga lagt stor vekt på å leggje Miljøstatus ut på nett. Her finn du informasjon om ulike ureiningsspørsmål, aktuelle opplysningar om jakt og fiske, friluftsliv og naturvern frå mange ulike vinklingar. Her kan du følgje med framdrifta i verneplanarbeidet for Folgefonna, men du finn også mykje interessant og nyttig kunnskap om alle dei oppunder 150 andre verneområda i Hordaland som er oppretta i medhald av naturvernlova.

<http://www.miljostatus.no/hordaland>



Fylkesmannen i Hordaland

Postadresse: Boks 7310, 5020 Bergen. Tel.: 55 57 20 00. Faks.: 55 57 20 09
<http://fylkesmannen.no/hordaland>